

RAPPORT

HarbourEx15

Februar 2016



Utgjeven av: Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) 2016

ISBN: 978-82-7768-414-7 (PDF)

Grafisk produksjon: Erik Tanche Nilssen AS, Skien



HarbourEx15

Februar 2016

OPPFØLGING (WAY FORWARD) ETTER HARBOUREX15

Øvingar avdekkjer ofte manglar og sårbare sider ved beredskapen til verksemdene. Slik også i HarbourEX15. Alle verksemdene som deltok i øvinga må ta eit felles ansvar for dei overordna tiltaka som er foreslått for nasjonal oppfølging, i tillegg til sine interne forbetringstiltak. Om verksemdene berre tek ansvar for å dekkje inn egne avvik og manglar, vil det ikkje skje noko med det som er identifisert som behov for felles forbetringstiltak. Dei framlegga til forbetringstiltak som her leggjast fram, er meint å ta nasjonal beredskap eit steg vidare og rettar seg særleg mot utvikling av samordning, samvirke og kommunikasjon. Forbetra høve for og evne til samvirke, samordning og kommunikasjon er sentrale og gjentakande stikkord for forbetringsspunkt frå ulike evalueringsrapportar dei siste ti åra, inkludert Gjørvekommisjonen (NOU 2012:14). Store og alvorlege hendingar som skjer i Oslo, vil raskt kunne bli definerte som nasjonale hendingar. Såleis må både kommunen, direktorat og andre faginstansar ta eit felles og koordinert oppfølgingsansvar for forbetringstiltaka på tvers av forvaltnings- og organisasjonshierarki og mellom verksemdar. Initiativet til samordna oppfølging tykkjest å liggje hjå nasjonale aktørar.

Tiltaksplanen er utarbeidd av ei samansett gruppe med komplementære eigenskapar på tvers av sektorar og nivå. Gruppa meiner tiltaka er avgjerande for krisehandteringsevna til dei med eigarskap til handtering av ei hending. Tiltaka vil gje involverte etatar evne til raskare å etablere ei meir lik og sams forståing for situasjonen som har oppstått. Krisehandtering handlar ofte om å fatte avgjerder på mangelfull informasjon og det er difor avgjerande viktig at tilgjengeleg informasjon kjem til beslutningstakar raskt og effektivt. Det handlar like mykje om tilgjengeleggjering av ressursar som det å kunne nedskalere raskt for å frigje restkapasitet til andre hendingar. Aktørane har eit samla ansvar for å redde liv. Tiltaka er konkret retta mot å forbetre mekanismar som gjer styresmaktene betre i stand til å ivareta befolkninga og kritisk infrastruktur som påverkar liv og helse. Alle nivå på tvers av sektorane må ta sitt ansvar for at tiltaksplanen gjennomførast og effektmåla blir nådde. Framlegga til tiltak er framkomne etter solid og tett samarbeid på tvers, og DSB rettar ei stor takk til dei involverte i arbeidet.

Way Forward-prosessen har resultert i følgjande ni framlegg til tiltak:

Sams situasjonsbilete hos nødmeldingssentralane

Tiltak: 11X-forum utarbeider tilrådingar for situasjonsrapportering på tvers (sjåast i samanheng med Nødmeldingsprosjektet med samlokalisering skal vere ferdig i 2022).

Effekt: Eit felles situasjonsbilete har konsekvensar for alle nivå. Raskare og lettare tilgjengelege oppdateringar vil gje eit felles situasjonsbilete som bidreg til at rett ressurs til rett tid reddar liv.

Ansvar: 11X-forum og Oslo Politidistrikt

Frist: Medio 2016

Sams situasjonsbilete ved innsatsleiar kommandoplass (ILKO)

Tiltak: Operativt Leiarforum (OLF) i Oslo ser nærare på og utarbeider tilrådingar til korleis arbeidet i ILKO kan organiserast betre.

Effekt: Ulike tidslinjer fører til at ulike situasjonsbilete formidlast. For at samhandlinga i ILKO skal bli optimal er eit sams situasjonsbilete avgjerande. Ein gjennomgang av rutinar og organisering, samt ei vurdering av fagleiar brann sine mange oppgåver vil kunne gje betra grunnlag for samordning på skadestaden. Fagleiar brann må styrkast, slik at ikkje for stort arbeidspress gjer det vanskeleg å hente inn riktige opplysningar, og formidle desse opplysningane til politiets innsatsleiar.

Ansvar: OLF og Oslo Brann- og redningsetat

Frist: Medio 2016

Informasjonsdeling og rapportering til Redningsleiinga

Tiltak: Optimalisere tilhøvet mellom Redningsleiinga og Operativ stab.

Effekt: Operativ stab brukte mykje tid på å halde Redningsleiinga oppdatert. Ressursane må dimensjonerast slik at det ikkje går på kostnad av arbeidet i Operativ stab, men likevel gjer Redningsleiinga beslutningsdyktig og i stand til å ivareta behova til egne etatar.

Ansvar: Oslo politidistrikt

Frist: Medio 2016

Samhandling mellom politiet og Statens vegvesen

Tiltak: Forventningsavklaringar.

Effekt: Involvering til rett tid.

Ansvar: OPD og VTS

Frist: Medio 2016

Liaisonrolla

Tiltak: Utarbeide ein nasjonal rettleiar for liaisonfunksjonen.

Effekt: Gjennom å samle rutinar og instruksar auke forståinga for kva som ligg i å motta og sende liaison. Større utbytte under øvingar og hendingar ved å dra vekslar på kvarandre gjennom liaisonbruk.

Ansvar: JD/DSB

Frist: 1.6.2016

Befolkningsvarsling (akuttvarsling)

Tiltak: Del I: Skaffe system for SMS-varsling, samt vurdere vaktfunksjon i Oslo kommune (slik at politiet kan ha eit kontaktpunkt inn til kommunen som kan syte for rask iverksetjing av varsling til befolkninga. Eventuelt vurdere å gje politiet direkte tilgang til å bruke systemet).

Del II: Vurdere og eventuelt tilrå at eit system for varsling av befolkninga blir kjøpt inn nasjonalt.

Effekt: Korrekt og effektiv varsling av befolkninga – befolkninga får rask informasjon om korleis dei skal halde seg til ein oppstått situasjon.

Ansvar: Del I: Oslo kommune. Del II: Direktoratet for nødkommunikasjon (Ref. oppdrag å vurdere behov og system for befolkningsvarsling).

Frist: Medio 2016 for Oslo kommune.

Utveksling av informasjon mellom aktørane

Tiltak: Gjennomgang av tekniske løysingar og system hos alle aktørar, deretter utarbeide prosedyrar for best mogleg utnytting av desse (inkludert vurdering av måten det utførast situasjonsrapportering på, både vertikalt og horisontalt).

Effekt: Tydelegare kommunikasjon mellom involverte aktørar og nivå, og gjennom det betre situasjonsforståing.

Ansvar: DSB leiar arbeidsgruppe med deltaking frå relevante samvirkeaktørar.

Frist: Ultimo 2016

Informasjon til befolkninga

Tiltak: Tydeleggjere roller og ansvar for kommunikasjon og vurdere utvida bruk av kriseinfo.no

Effekt: Samorda og koordinert informasjon frå styresmaktene til befolkninga.

Ansvar: DSB saman med sentrale aktørar med spesielt ansvar for informasjon til publikum, som politi og kommune.

Frist: Ultimo 2016

HNS prosedyrar

Tiltak: Revidere rettleiar utarbeidd av DSB «Veileder for vertsnasjonstøtte i Norge (Host Nation Support)».

Effekt: Tydelegare retningslinjer og auka kjennskap til korleis ordninga fungerer.

Ansvar: DSB

Frist: Medio 2016



01	Innleing	7
02	Evaluering, metode og datagrunnlag	13
03	Analyse og vurdering av måloppnåing	17
	3.1 Å effektivt få kontroll over og sløkkje brannen.....	19
	3.2 Å vurdere behovet for og eventuelt iverksetje evakuering	27
	3.3 Å effektivt demme opp for, og minimalisere skadane av akutt forureining.....	36
04	Kommunikasjon med media og befolkning	43
05	Internasjonal bistand og Host Nation Support (HNS)	49
06	Planlegging og gjennomføring – erfaringar	53
	6.1 Planleggingsprosessen.....	54
	6.2 Erfaringar frå seminars & skills.....	59
	6.3 Erfaringar frå media- og publikumsspelet	60
	6.4 Erfaringar frå markør og rollespeltene.....	62
	6.5 Erfaringar frå observatørprogrammet	63
	6.6 Erfaringar frå meteorologisk institutt.....	64
	6.7 Erfaringar frå direktoratet for nødkommunikasjon.....	65
07	Resultat etter spørjeundersøking sendt til alle deltakarar	67
08	Avslutning	71
09	Vedlegg	73
	Vedlegg 1: Deltakarar	74
	Vedlegg 2: Spørjeskjema svara på av evalueringskontaktane på vegner av verksemdene	75
	Vedlegg 3: Spørjeskjema alle deltakarar	81
	Vedlegg 4: Vob program	89
	Vedlegg 5: Observer’s program for eu nominees.....	91
	Vedlegg 6: Program fagseminar seminar and skills.....	93
	Vedlegg 7: Program post exercise discussion 1. og 2. September	94
	Vedlegg 8: Invitasjon til <i>way forward</i>	96

KAPITTEL

01

Innleiing



INNLEIING

HarbourEx15 vart gjennomført i Sydhavna 28.–29. april 2015. Scenario for øvinga var ein eksplosjon og brann i containerar med farlege stoff i containerområdet, brann i tankanlegg, evakuering av røyklagde område i delar av Oslo og grunnstøyting av skip med påfølgjande oljeutslepp i Indre Oslofjord. Øvinga vart initiert for å vidareutvikle kompetansen innan beredskap og redning ved ei storulykke i Oslo. Øvinga er den største som er gjennomført på mange år, og involverte redningsetatane, offentlege styresmakter med beredskapsansvar, internasjonale redningstener og private aktørar på Sydhavna og i Oslo by. Til saman deltok ca. 40 verksemdar.

For å identifisere risiko på Sydhavna gjennomførte DSB i 2012 og 2013 ein studie av tryggleiken på Sydhavna og det tilslutta oljelageret i Ekebergåsen. I rapporten kan ein lese: «Uavhengig av sannsynet for alvorlege hendingar knytt til verksemda i Sydhavna generelt, og den petroleumsrelaterte verksemda spesielt, er det potensielt store konsekvensar om ulykka skulle vere ute. Sannsynsutrekningar kan ikkje kompensere for dei utryggleiks faktorane som alltid vil

vere til stades når ein skal vurdere og styre risiko. ... Uføresette ting kan skje – og har også skjedd dei seinare åra, slik som togulykka i 2010» (s. 115). Som ei oppfølging av rapporten, og som eit ledd i å auke beredskapen knytt til ei hending ved Sydhavna, vart det initiert ei fullskalaøving.

Sydhavna-rapporten hadde som utgangspunkt eit scenario i Nasjonalt risikobilete (NRB) 2014. Der skildrast alvorlege risikotilhøve og hendingar som det norske samfunnet bør kunne førebyggje og handtere konsekvensane av. Farlege stoff er eit av risikoområda som presenterast i rapporten. NRB peikar på potensiale for store ulykkeshendingar både ved transport av farleg gods og ved stasjonære verksemdar som handterer farlege stoff. Ulykker med brannfarlege eller giftige stoff nær eller i tett befolka område kan få store konsekvensar for liv og helse for befolkninga rundt ulykkesstaden.

Di meir komplekst samfunnet blir, og di meir avhengigheitstilhøva aukar, desto større blir behovet for å samvirke, samordne og øve saman. Rapporten om




Foto: Oslo Havn

Sydhavna viser at dette er eit område med forhøga risiko, og at der hamna ligg tett inntil byutviklingsområde og infrastruktur gjer oss sårbare. Det er difor viktig og nødvendig å få ein indikasjon på kva samfunnet kan evne å handtere. Aktørane øvar på eit verstefallsscenario i visse om at om dei greier å handtere dette, greier dei også å handtere hendingar som ikkje er fullt så alvorlege.

Ei øving med det omfanget som HarbourEx15 har hatt, er enormt ressurskrevjande. Mange har lagt ned mykje arbeid i planlegginga av HarbourEx15. Ei fullskalaøving er godt eigna til å teste ut rutinar for samvirke og koordinering mellom aktørar i ulike sektorar og på ulike nivå. Det er nesten ti år sidan sist det vart arrangert ei stor fullskalaøving i Oslo. Då som no var det fokus på samvirke og koordinering mellom relevante aktørar på fleire nivå ved ei stor og kompleks krise. Evalueringa av Øvelse Oslo i 2006 viste at det var mykje god læring i det å planleggje og gjennomføre ei slik øving. Aktørane fekk høve til å bli betre kjende med kvarandre sitt ansvar, roller og planverk. Likevel kom det fram ei

rekke læringspunkt. Evalueringa av HarbourEx15 viser at evna til handtering har blitt betre. Men, det er framleis utfordringar å ta tak i. Difor er det viktig ikkje å stoppe no, men fortsetje å leggje ned arbeid og ressursar i oppfølging av evalueringane.

Mål og meining

DSB har ansvar for å initiere og planleggje sivile tverrsektorielle øvingar på nasjonalt nivå. Målet med desse øvingane er å forbetre krisehandteringsevna på nasjonalt nivå og for å avdekke dei utfordringane som krev ei høg grad av samordning på tvers av sektorar. HarbourEx15 samla tre store nasjonale øvingar i ei; Politidirektoratet si redningsøving LIV, Helsedirektoratet si nasjonale helseøving og DSB si sivilnasjonale øving.

Det overordna målet med øvinga var å stryke beredskapen for betre å kunne handtere situasjonar så som ei storulykke på Sydhavna. HarbourEx15 skulle vidare bidra til å oppretthalde og utvikle kompetansen innan nød- og redningsoperasjonar i tilfelle av ei storulykke. På same tid er det viktig å bruke




Foto: Fredrik Naumann/Felix Features.

INNLEIING

internasjonal støtte i ein gjeven krisesituasjon under vanskelege tilhøve. Øvinga la til rette for ein arena der samvirkeprinsippet vil bli utnytta til fulle.

Dei nasjonale øvingsmåla for HarbourEx15 var å sjå på varsling og mobilisering av beredskaps-/kriseorganisasjon, samt handtering, leiing, organisering og kommunikasjon mellom involverte etatar og aktørar, og krisekommunikasjon til befolkninga når det gjaldt:

- Å effektivt få kontroll over og sløkkje brannen.
- Å vurdere behovet for og eventuelt iverksetje evakuering.
- Å effektivt demme opp for, og minimalisere skadane, av ei akutt forureining.

Internasjonale øvingsmål:

- Gje realistiske utfordringar for internasjonale og ekspertar frå EU-mekanismen.
- Trene bruken av ressursar frå EU – modulsystemet på eit arrangement på norsk jord, inkludert;
 - Bruk av HNS-prosedyrane, både nasjonale og EU sine retningslinjer.
 - Trene rutinar for registrering, mottak og innsetjing av utanlandske ressursar som ein del av den nasjonale HNS.
 - Trene nasjonale kontaktpunkt mot EU sitt ERCC, inkludert bruken av CECIS.
 - Trene bruken av nasjonale ekspertar som bindeledd til internasjonale ressursar.
 - Trene samspel med internasjonale aktørar relatert til ei hending med farlege stoff.

Scenarioa

Scenarioa for øvinga var ei større ulykke på Sydhavna/Sjursøya-området i Oslo og involverte rednings- og beredskapssetatar frå taktisk til strategisk nivå. Scenario bestod av følgjande hovudelement:

Scenario I – ein eksplosiv brann i tankanlegga på Sydhavna

Ein eksplosjon i ein container med Ammoniumnitrat fører til at det oppstår lekkasje frå fleire containerar med farlege stoff. Eksplosjonen har ført til lekkasje på tankanlegget, og i ettertid oppstår det ein brann etter ca. tre timar. Brannen fører til store skadar på tankane og startar ein langvarig brann som potensielt kan vare inntil ei veke.

Scenario II – evakuering av publikum i røyklagde område


Store mengder helsefarleg røyk som kjem frå brannen på oljetankane driv inn over Oslo sentrum. Styresmaktene må vurdere, og eventuelt iverksetje, evakuering av befolkninga innanfor dei råka områda. Dette skapar store utfordringar for befolkninga i området, i tillegg til at det hindrar trafikkflyten på både veg og jarnbane.

Scenario III – skipskollisjon med påfølgjande utslepp av olje i Oslofjorden

Eit skip grunnstøyter i Oslofjorden, like utanfor Sydhavna. Skipet fraktar nokre kannar med syre. Det oppstår lekkasje frå syrekannene og personar om bord blir skadde. Grunnstøytinga fører til utslepp av tungolje frå dei involverte fartøya i indre Oslofjord.

Tidslinje HarbourEx15

Tysdag 28. april



Onsdag 29. april






Foto: [Fredrik Naumann/Felix Features](#).

KAPITTEL

02

Evaluering, metode
og datagrunnlag



EVALUERING, METODE OG DATAGRUNNLAG

Ei evaluering er ei systematisk vurdering av eit objekt i høve til fastsette kriterium. Det primære med ei evaluering er å mogleggjere refleksjon og bidra til identifisering av behov for framtidige endringar.

Evaluering er ein prosess der vi dokumenterer: kva skjedde, kva gjekk bra og kva gjekk mindre bra? Analyserer: kva var årsaka til at noko gjekk bra eller dårleg? Og vurderer: kva kan vi lære av dette slik at handteringa blir endå betre neste gong?

Kvar etat/verksemd hadde sjølv ansvar for å gjennomføre egne evalueringar i høve til egne øvingsmål. Denne evalueringsrapporten vurderer ikkje kvar enkelt verksemd, men vurderer måloppnåing i høve til øvinga sitt overordna mål – og har fokus på samvirke og samhandling mellom involverte aktørar. Kvart av dei tre overordna måla vurderast basert på fleire uavhengige datakjelder, og det er summen av datamaterialet som dannar grunnlag for vurderingane til evalueringa.

Datagrunnlaget er prøvd utvida og forbetra i høve til tidlegare øvingar, og består i hovudsak av følgjande tre uavhengige kjelder:

- Skjema til alle deltakande verksemder med spørsmål om overordna måloppnåing, vurdering av samarbeidande verksemder og vurdering av eigen innsats.
- Elektronisk spørjeundersøking til alle individ som deltok i øvinga.
- Rapport frå evalueringsteama som vart plasserte ut på strategiske stader for å observere kva som skjedde under øvinga.

I tillegg byggjer rapporten på følgjande kjelder:

- Rapportering frå andre syndikat.
- Førsteintrykkssamlingar og resultat frå After Action Review.
- Spørjeundersøking til planleggarane om planprosessen, undervegs og etter øvinga.
- Planverk og annan dokumentasjon (CIM-logg, mediespelweben etc.).
- Leiarsamling 30. april.
- Diskusjonar og oppsummeringar frå evalueringskonferansen 1. og 2. september.

Datagrunnlaget som denne rapporten byggjer på er omfattande. Det må likevel merkast at, trass i at det er lagt ned eit betydeleg arbeid i å skaffe fram eit solid datamateriale, er det monalege svake sider ved det materialet som ligg føre. Dette legg nokre avgrensingar både for analyse, konklusjonar og vidare arbeid. Det er fleire årsaker til dette; skjemaet som vart sendt ut til alle deltakande verksemder vart i varierende grad svart på, og somme verksemder valde å svare ved å sende evalueringssyndikatet sine egne (verksemdsinterne) evalueringar. Det kom i stor grad fram god og viktig informasjon i desse evalueringane, men dei svarte naturleg nok ikkje på alle spørsmåla i nemnte skjema. Andre verksemder svarte svært kortfatta, noko som gjer det vanskeleg å trekke ut tilstrekkeleg informasjon. Det er til ein viss grad korrigerert for desse manglane gjennom å hente inn informasjon frå alternative kjelder som loggar osv., men det har ikkje alltid vore mogleg. Somme problemstillingar er difor noko mangelfullt skildra eller utelatne.

Evalueringssyndikatet har i så stor grad som datagrunnlaget tillet, prøvd å verifisere informasjon gjennom å vurdere kva ulike, uavhengige kjelder seier. På grunn av utfordringar nemnt over med hol i datagrunnlaget var ikkje dette alltid mogleg. Som ei ekstra kvalitetssikring har difor rapporten vore ute på høyring hjå alle deltakande organisasjonar. Dette reduserer sannsynet for at rapporten inneheld fakta- eller tolkingsfeil.

Resultata av evalueringa skal takast vidare med inn i ein Way Forward-prosess. Denne starta opp i november med eit arbeidsseminar for ei gruppe ekspertar som, på bakgrunn av evalueringsrapporten, kan tilrå tiltak og utarbeide framlegg til tiltaksplan. Ei viktig oppgave i Way Forward-prosessen er å ivareta tverrsektorielle utfordringar, og sjå til at desse blir følgde opp og handtert på ein god måte.

EVALUERING, METODE OG DATAGRUNNLAG

NR	OPPGAVE	FRIST
1	Utarbeide mål	Utført per 28. mai 2014
2	Utarbeide plan for evalueringa	Desember 2014
3	Operasjonalisere kriterium for øvingsmål	28.01.2015
4	Få fullstendig liste over evalueringskontaktar	16.02.2015 Utført: 16.04.2015
5	Setje saman evalueringsteam	16.02.2015 Utført: 16.04.2015
6	Tildele observasjonspunkt	01.03.2015
7	Sende ut spørreskjema til evalueringskontaktar i alle verksemdar	17.04.2015
8	Samordna briefing i forkant av øvinga	22.04.2015
9	Leiarsamling	30.04.2015
10	Sende ut spørjeundersøking til alle deltakarane	7.mai til 31. mai 2015
11	Sende ut spørjeundersøking til alle planleggarane	04.05.2015
12	Tilbakemelding og rapportering (inkl. markørar og mediespel) frå verksemdene	29.05.2015
13	Arbeide vidare med og analysere datamateriale	August 2015
14	Post Exercise Discussion	01.-02.09.15
15	Ferdigstille evalueringsrapport	30.09.2015
16	Høyring rapport	Oktober 2015
17	Way Forward seminar med ekspertgrupper	16.-18. November 2015
18	Way Forward rapport med konklusjonar og tilrådingar	Desember 2015

TABELL 1. Framdriftsplan i evalueringsprosessen.

KAPITTEL

03

Analyse og
vurdering av
måloppnåing




ANALYSE OG VURDERING AV MÅLOPPNÅING

I dette kapitlet vurderast måloppnåinga for kvart av dei tre overordna måla for øvinga. I den grad det har vore mogleg går ein gjennom hendings-prosessen kronologisk og tematisk, og vurderingar blir gjort undervegs. Evalueringssyndikatet peikar her på relevante utfordringar og problemstillingar, men kjem ikkje med framlegg til tiltak. Diskusjonen om korleis funna i evalueringa kan vidareførast og omsetjast i konkrete forbetringstiltak, blir tekne inn i Way Forward-prosessen.

Følgjande resultat av spørreundersøkinga som vart sendt ut til alle deltakarane i øvinga, er verdt å trekkje fram innleiingsvis:

Kva slags samarbeidande verksemd/aktør vil du berømme mest for god handtering?


Politiet Helse Oslo kommune
OBRE Forsterkningsressursar Trafikk



FIGUR 1. Oversikt over handteringa til aktørane.

Kva slags samarbeidande verksemd/aktør er du mest avhengig av for å få utført egne oppgåver?

Politiet Oslo kommune OBRE
Helse Transport Fylkesmannen



FIGUR 2. Oversikt over korleis aktørane er gjensidig avhengige av kvarandre.

3.1

Å EFFEKTIVT FÅ KONTROLL OVER OG SLØKKJE BRANNEN

3.1.1 DEI FØRSTE VIKTIGE MINUTTA – SKILDRING AV VARSLING

På skadestad

Det er ofte media som kjem med nyhenda om at noko har skjedd. Media gjer kjent, men varsling krev verifisert informasjon gjennom styresmaktene sine egne kanalar. Kriteria for god og effektiv varsling er som regel så enkel som kven, kva og kvar, og gjer aktørane i stand til å mobilisere slik dei skal.

Første varsel kom inn til politiet sin operasjonssentral kl. 09:03 som ein nødsamtale. Meldar var kranfører på Sjursøya. Operasjonssentralen iverksette interne varslingar; for innsatspersonellet kom varslinga over samband og vart lese ut som ei ulykke i initialfasen. Dette gjorde at tilgjengelege mannskap fekk høve til å førebu seg mentalt på kva som kom til å møte dei på stadestaden.

110-sentralen vart varsla om hendinga av ein innringar klokka 09:02. 110-sentralen melde til fagleiar brann at «alle på oljelageret evakuerer til evakueringsskole 3». Politiet melde om gul røyk og farenummer UN 1093 til 110-sentralen klokka 09:09. Innringar til 112 var ein truckfører som hadde forårsaka ulykka. Denne personen vart spela av ein kontrollør frå brann (personen køyrer som NK brigadesjef i OBRE). Truckføraren var i «Hot zone», og hadde instruks om å opplyse om fakta tilhøve ut frå kva han såg. Det var ikkje laga noko manus, men han hadde instruks om å svare på dei spørsmåla som vart stilte. Tilfeldigvis var han ved sidan tankcontaineren med Akrylnitril (stoff nr. 1093), og det var dette fareskiltet han såg då han vart spurdt om han såg nokre fareskilt.

Trippelvarsling vart gjort utan at dette vart gjort i konferanse, dvs. at ein ringjer opp ein og ein sentral, og ikkje alle samstundes. Meldingane til 110, 112 og 113 var av varierende faktainformasjon. Manglande informasjonsutveksling ved trippelvarsling kan føre til

at brann, politi og helse ikkje får lik situasjonsforståing i akuttfasen. Politiet melde om hendinga i BAPS-talegruppe (Brann-Ambulanse-Politi- Samvirke-talegruppe) klokka 09:10. Oppsett øvingsnummer til AMK vart ikkje besvart. Dette førte til at AMK ikkje fekk viktig faktainformasjon frå innringjar i startfasen.

PO-loggen viser at politiet prøvde å gjennomføre ei trippelvarsling kl. 09:05 via ein førehandsdefinert telefonkonferanse i telefonsystemet ICCS. Dette lykkast ikkje fordi AMK hadde vald ikkje å bruke sine ordinære telefonlinjer til øvingar. Øvingsteknisk var ikkje 112 og 110 informert om at 113 brukte egne telefonlinjer til øvinga. Då telefonkonferansen mislykkast vart OBRE og AMK varsla gjennom kvar sin telefonsamtale like etterpå. Estimert vart dei begge varsla kl. 09:06. Konferanse vart prøvd, men øvings-tekniske moment gjorde at det ikkje let seg gjere.

Hendinga kunne med ein gong seiast å vera av ein slik art at ho gjaldt alle nødetatane, og BAPS-talegruppe kunne etablerast frå starten av hendinga. BAPS er krypterte talegrupper som berre nødetatane har tilgang til. Dette er meint å sikre at alle mannskapa i dei ulike etatane delar same situasjonsbilete før ankomst til stadestaden og informasjonsdeling i den tidskritiske fasen av hendinga.

Innsatsleiar prøvde å få definert sikker oppmøtestad for innsatspersonell av Brigadesjef ved OBRE gjennom BAPS 9. Det vart oppretta kontakt i BAPS 9, men soneinndeling og sikker oppmøtestad vart ikkje definert av Brigadesjef.

Fagleiar brann rykka ut som følgje av utalarmering av mannskapa. Fagleiar brann kommuniserte både med 110-sentralen og egne mannskap på veg til staden og rekvirerte m.a. kjentmann/brannansvarleg til oppmøtestad.

Første kontakt med politiet sin innsatsleiar i BAPS er registrert kl. 09:12. Fagleiar brann var framme på oppmøtestad kl. 09:17. Inntil 50 tilsette var då evakuerte frå containerterminalen. Dette meldast frå Oslo Hamn (VTS).

Første eining frå brann- og redningsvesenet var på staden klokka 09:15. Utrykningsleiar gav straks ordre om å opprette dekkestråle og iverksette livreddande tiltak, då det vart observert personar med

ANALYSE OG VURDERING AV MÅLOPPNÅING

pusteproblem i området. Klokket 09:20 var det tre einingar frå brann- og redningsvesenet på staden.

Utalarmering av brann- og redningsinnsats frå 110-sentralen fungerte slik det skulle, men forventat trippelvarsling mellom politi, brann og helse skjedde ikkje i høve til prosedyre.

Objekteigarane si rolle i akutt- og varslingsfasen

Oljeselskapa vart varsla av melding på radio kl. 09:01 frå personell på Statoil om at det var høyrte eit kraftig smell. Kl. 09:07 kom det ny melding frå Statoil om at det var observert røyk frå containerhamna og at røyken dreiv inn over Sjursøya Oljehamn. På det grunnlaget valde oljeselskapa å evakuere personellet på Sjursøya Oljehamn til fast oppsett møteplass utanfor området.

Statoil/oljeselskapa varsla 110-sentralen kl. 09:09. OBRE vart på denne måten informert om at Oljehamna og Sisterne Drift (fjellanlegget) vart evakuert. Det vart presisert til 110-sentralen at oljeselskapa ville ta imot brann- og redningsvesenet ved rundkøyringa ved Shell-bygget. Brann- og redningsvesenet stoppa ikkje her, men køyrde forbi utan å ta kontakt. Det var liten kontakt mellom oljeselskapa og nødetatane i denne fasen, og det gjorde at det vart vanskeleg å fatte dei rette avgjerdene for oljeselskapa som opplevde at dei vart ein ekstern aktør i hendinga.

Kontaktpersonen til Yilport vart oppringd frå 110-sentralen og fekk i tillegg informasjon på tekstmelding om eksplosjon og brann på Sjursøya. Varslinga sette Yilport i stand til å mobilisere på høveleg måte. Internt hjå Yilport vart radiosamband brukt til å informere Yilport sine tilsette internt om



Foto: Fredrik Naumann/Felix Features.

hendinga og evakuering. Alt føregjekk i høve til gjeldande prosedyrar.

Farleg gods/stoff involvert – kva betyr det?

Det vart tidleg klart at det var farleg gods/stoff involvert i hendinga. 110-sentralen informerte eigne mannskap om stofftype og oppmøtestad kl. 09:11. Oppmøtestad var ifølgje 110-sentralen avklart med politiet, men likevel oppstod det uklære situasjonar om definert oppmøtestad. Det vart nemnt fleire alternativ, til dømes rundkøyninga, kiosken og hytta.

Første oppmarsområde vart definert som «kiosken». Her vart det etablert kontakt mellom brann og politiet, der ein vedtok å bruke alternativ tilkomstveg inn til sentral stadestad. Helse var opptekne med «skadde personar», og køyrde ikkje inn saman med innsatsleiar og fagleiar brann. Det kan sjå ut som om tidskritisk informasjon om oppmøtestad ikkje vart meddelt/oppfatta av alle tre nødetatar.

110-sentralen i Oslo er ein av Noregs tre fagsentralar for farleg gods. Opplysningar om stofftype, eigenskapane til stoffet (fare for brann, helse, miljø), tryggingssavstand, soneinndeling og verstoffallsscenario på bakgrunn av innmelde stoffnummer skal formidlast frå fagsentralen. Det vil alltid vere noko usikkert med opplysningar som blir gjevne av ein innringjar som ikkje er kjent på objektet. Det må difor gjerast ei rekognosering på staden før ein iverksett endeleg innsats. Varslinga i den prehospitala tenesta kom via og saman med dei andre nødetatane og fungerte tilfredsstillande.

Akershus universitetssjukehus vart varsla av AMK, men varselet kom 35 minutt etter at ulykka skjedde. Med tanke på at det ved denne type kontaminering er behov for skalsikring av sjukehuset, er dette for seint. Meldinga inneheldt nødvendig informasjon.

Folkehelseinstituttet v/giftinformasjonen fekk litt etter kl. 09:00 to bekymringsmeldingar frå Ekebergåsen pga. røykutvikling ved Sjursøya. Meldingane var ikkje spesifikke, men Folkehelseinstituttet varsla vidare internt. Melding frå SBRNesenteret kom ca. kl. 09:45 om eksplosjon med gul røyk, fleire personar med pustevanskar, buss inne i området med uavklart situasjon. Meldinga inneheldt informasjon om at kjemikaliar kunne vere involvert i ulykka.

Brann- og redningsvesenet er ofte først på stadestad, særleg i hendingar som involverer farlege stoff. Det er første eining på staden, med utrykningsleiar sin, som vil vere «augo som ser», og som rapporterer om situasjonen til fagleiar brann som inngår i innsatsleiar sin kommandoplass (ILKO). Det er avgjerande å rapportere om kva stoff som er involvert, om det er skadde i området, eller andre personar som må evakuerast for å kunne rekvirere samvirkande aktørar som politi og helse, men også for å planleggje for kva slags spesialutstyr som krevjast for å handtere situasjonen. Utrykningsleiar frå brann- og redningsetaten oppretta kontakt med kjentmann i det han kom til Sjursøya (kl. 09:16).

Ved tilkomst vart det observert gass, og difor vart det iverksett «vasking av gassky»; eit tiltak for å tynne ut den ammoniakken som lakk frå ein annan tank. Røyk-dykkarleiar på innsatsstaden rapporterte til utrykningsleiar om at det var fleire personar som ikkje fekk puste.

Det vart tidleg kommunisert over samband at Acrylnitril (UN 1093) var involvert. Det er uklart for evalueringsteamet om det på noko tidspunkt var klart for ILKO kva slags andre stoff og kva mengder som var involvert. Evalueringsteamet opplevde ikkje at informasjon om kva slags stoff som var involvert vart kommunisert godt nok til og internt i ILKO. I ein situasjon som denne, der ein er avhengig av bistand frå kvarandre i handteringa, må det vere heilt klart for alle kva slags stoff som er involverte. Farepotensiale og tryggingssavstandar må kommuniserast klart til samvirkande aktørar. Brann- og redningsetaten har best føresetnader og kompetanse for å gjere dette.

Det er fagleiar brann si oppgåve å hente inn informasjon om kva farlege stoff som er på terminalen. Han skal deretter skilje ut dei stoffa som er involverte i hendinga og kva stoff som ikkje er involverte. På grunn av for stort arbeidspress på fagleiar brann, greidde han aldri å hente inn riktige opplysningar, eller å formidle desse opplysningane til politiet sin innsatsleiar.

Det kan sjå ut til at manglande kunnskap om fraktedokument førte til at ein ikkje greidde å lese dei opplysningane som var på Yilport sine dokument over farleg stoff i dei ulike containerane. Samstundes må ein greie å identifisere kva slags av desse stoffa det

er lekkasje frå, og kva slags det ikkje er lekkasje frå. Som eit døme på dette var det ikkje nokon lekkasje frå tankcontainer med Akrylnitril. Den vart derimot utsett for høg temperatur pga. brann i nabocontainer og utgjorde først ein fare etter ca. to timar.

Bussen til OBRE fungerte som kommandoplass for innsatsleiar (ILKO) og har alle nødvendige fasilitetar (internettsamband, prosjektor, kart) for å kunne gje eit godt bilete av situasjonen. Tavler der informasjon fortløpande kan skrivast ned og der skisser kan teiknast, er også eit godt hjelpemiddel for å sikre eintydig informasjon og ein unngår at alle spør etter same informasjon. Evaluerings-teamet observerte at stoffinformasjon og stoffnummer vart spurt etter fire gongar før det vart skriven ned på ei av tavlene (ca. to timar ut i øvinga). Informasjonsflyten i ILKO fungerte dårleg. Dette kjem først og fremst av at fagleiar brann hadde alt for mange oppgåver til å kunne utøve rolla på ein god måte. Innsatsleiar fekk ikkje svar på spørsmåla sine til fagleiar brann.

Medlemene i ILKO (innsatsleiar, fagleiar brann og operativ leiar helse (OLH)) var samla under store delar av innsatsen. Fokus var på å rapportere status og pågåande problemstillingar («hol i gjerdet», «er reinsinga god nok», «er det trygt å køyre inn» osv.). Å sjå til at det til dømes blir klipt hol i gjerdet bør sektorleiar/utrykningsleiar og helse bli samde om på stadestaden seg imellom – utan at spørsmålet frå helse går heilt opp til OLH i ILKO til fagleiar brann og så ned til utrykningsleiar igjen. ILKO vart plassert tett opptil skadestaden då bussen vart plassert første gong.

Kva med trafikken?

Vegtrafikkentralen region Øst (VTS) fekk kl. 09:22 første formelle varslings frå politiet: «To større hendingar på Sjursøya; kranvogn med container har tippa, ein minibuss med passasjerar har velta. Fare for personskadar, mogleg farleg gods. Politiet stengjer mellombels E18 Mossevegen, og køyrer inn via Ormsundvegen».

VTS hadde likevel av tryggleikssyn, starta iverksetjing av stenging av rampe til E18 Mossevegen kl. 09:20, då VTS via kameraa sine observerte to politimotorsyklar som freista å sperre rampa. Denne sperringa vart, etter avtale med politiet, opna igjen kl. 09:32.

VTS informerte Vegavdeling Oslo (Va Os), krisestaben i regionen og Vegdirektoratet (VD) om hendinga på Sjursøya kl. 09:33 via SMS. Avdelingsleiar ved Va Os vart først informert av medievakta i Statens vegvesen (SVV) Region aust om mykje røyk og utrykningskøyretøy på Sjursøya. Krisestaben vart kalla inn av avdelingsleiar, og det vart sett observasjonsfase. VTS stadfesta kort tid etter om ein velta minibuss, men ikkje kvar.

Kommunikasjonsrådgjevar for Va Os, som også er info- og mediekontakt i avdelinga sin krisestab, vart underretta av ein kollega med arbeidsstad Bjørvika/Sydhavna kl. 09:09 om at det var ei massiv utrykning i retning Sjursøya. Det vart straks gjort undersøkingar via øvingsweben for å sjå om det hadde vore ei hending. Det vart stadfesta. Kommunikasjonsrådgjevar tok straks kontakt med medievakta i Statens vegvesen Region aust. Dette skjedde kl. 09:15. Denne funksjonen betenast døgnkontinuerleg av ein kommunikasjonsrådgjevar på vakt. Medievakta tok straks kontakt med VTS. VTS opplyste at det hadde vore eit trafikkuhell på Mossevegen og at trafikken stod stille som følgje av dette. Deretter tok medievakta kontakt med kommunikasjonsjef i Statens vegvesen Region aust for å orientere. Medievakta signaliserte også at det kunne bli behov for fleire rådgjevarar påkople medievakttelefonen.

Varsling – kommune – fylkesmann – direktorat – departement

Oslo kommune er ein stor aktør med fleire varslingslinjer enn dei fleste verksemdar som var involvert. Eit såpass komplekst system krev gode rutinar og oversiktlege kommunikasjonslinjer. Oslo kommune finn grunn til å skjerpe varslingsrutinane, og peikar på det viktige av å rapportere i linja og at lister over kriseleinga er oppdaterte og tilgjengelege på felles kanalar. Dette er også viktig at det er redundans på fungeringar med fullmaktene som følgjer rollene.

Det tok til dømes relativt lang tid før Ruter vart varsla av kommunen. Ruter følgde med på nett og i sosiale medium, og fekk informasjon om brannen via desse kanalane. Det kom etter kvart varsel til presse- og beredskapstelefonen, men det var uklart i kommunikasjonen om Ruter formelt var varsla og om ein skulle mobilisere eigne ressursar. Varslinga inneheldt slik sett ikkje nødvendig informasjon for å mobilisere og iverksetje.

Fylkesmannen i Oslo og Akershus (FMOA) vart varsla på mobil av Oslo politidistrikt og Oslo kommune, ikkje lenge etter ulykka. Dette vart opplevd å fungere godt. I tillegg fekk FMOA varsel på felles beredskapsepost til embetet. Varselet inneheldt nok info til at dei kunne mobilisere, samtidig som dei fekk informasjon gjennom eigne kanalar og på den måten eit best mogleg bilete av hendinga. Beredskapssjefen varsla og mobiliserte straks fleire medarbeidarar gjennom DSB-CIM. FMOA mottok varsel frå Helsedirektoratet (Hdir) kl. 09:45, og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) kontakta FMOA per telefon kl. 09:47.

DSB fanga opp hendinga via media, og etablerte etter kort tid kontakt med Krisestøtteininga i Justis- og beredskapsdepartementet. Det vart relativt raskt vedteke at DSB skulle fasilitere koordinering på direktoratsnivå, om det vart behov for dette.

Kollektiv redningsleiing vart varsla via tekst- og talemelding i CIM. Informasjon om hendinga gjeven etter frammøte på politihuset på Grønland kl. 10:00.

Varsling – vurdering og konsekvensar

Dette var ei ulykke som starta på containerhamna og ikkje hjå oljeselskapa. Det var for brannvesenet difor ikkje naturleg å gå i dialog med ein annan objektseigar enn den skadelidne initialt i hendinga. Kontakten med oljeselskapa fungerte godt når hendinga eskalerte til brann i tankanlegget.

Alle nødetatane fekk varsel og var på staden raskt. Sjølv om det kjem fram at nødetatane ikkje har behov for å kontakte objektseigarar i initialfasen viser tidlegare evalueringar at kunnskapen og ressursar til objektseigarane vil kunne vere til stor hjelp for nødetatane, men at dette i liten grad blir brukt. Under denne øvinga opplevde oljeselskapa å bli tilsidesette og ikkje brukt som forventa.

Samtlege nivå, frå lokalt til nasjonalt nivå, i Statens vegvesen var førebudde på å øve, men fekk ei beskjeden rolle i øvinga. At det tok lang tid og at informasjonen var sparsommeleg, kan kome av øvingstekniske tilhøve. Men det er likevel eit tankekors som bør drøftast, kvifor ikkje samferdslesektoren vart meir sentral i eit scenario som openbart involverer og utfordrar sektoren.

Kva slags farlege stoff som er involvert er heilt avgjerande å få oversikt over på eit tidleg tidspunkt. Det vart varsla om gul røyk, noko som burde utløyst nokre samhandlingsrutinar slik at ein fekk avklart kva slags stoff det var snakk om. Det er først når ein er inne i området ein kan seie kva stoff som er involverte. Det er først og fremst merking av kolli som gjev desse opplysningane (gulbrun røyk kan til dømes vere nitrøse gassar pga. reaksjon når salpetersyre reagerer med organiske stoff). Samvirke med andre aktørar, til dømes kjentmenn og ekspertise frå Forsvarets Forsknings Institutt (FFI) fungerte ikkje tilfredsstillande. Dette er personar med viktig fagkompetanse som må involverast i vurderingar som takast i ILKO.

Helse hadde vore i stand til å iverksetje pasientbehandling raskare om grunnleggjande informasjon hadde vore tilgjengeleg på eit tidlegare tidspunkt.

3.1.2 KVEN GJER KVA – SKILDRING OG VURDERING AV ANSVAR OG ROLLE


På skadestaden

OBRE nyttar 110-sentralen sin til å ha oversikt over ressursar som er tildelt skadestaden og ressursar for restberedskap i byen. 110-sentralen fører direkte samband med utrykningsleiar for loggføring. Under denne øvinga valde OBRE å etablere ELS-stab på hovudbrannstasjonen. ([ELS, Einskapsleingsystem](#)).

I denne situasjonen vart det uklære ansvars- og oppgåvetilhøvet mellom 110-sentralen og ELS-staben i OBRE. Dette vanskeleggjorde kommunikasjonen mellom utrykningseiningar og leiinga.

Figur 3 på neste side viser kommunikasjonslinjene i OBRE under øvinga. Figuren som viser normalsituasjon må ein forstå slik at funksjonen fagleiar brann ikkje alltid er involvert i handteringa, men at kommunikasjonen ved mindre hendingar går direkte mellom 110-sentralen og utrykningsleiar.

Brannsjefen vedtok å etablere stab i øvinga, for å øve uthaldenheit over tid. 110-sentralen og staben avklarte ikkje ansvars- og oppgåvefordeling med den konsekvensen at det delvis vart jobba parallelt med identiske oppgåver. Dette førte med seg utfordringar rundt koordinering.



FIGUR 3. Kommunikasjonslinjer i OBRE under øvinga.

Brann- og redningsvesenet har eit stort ansvar på innsatsstader som inneheld farlege stoff, og dei er ansvarlege for at det er sikkert nok for personell frå politi og helse, slik at dei kan iverksete tiltak for å ivareta liv og helse. I startfasen av ei hending er det ofte ikkje samsvar mellom personell og oppgåver som skal handterast. På Sydhavna vart det raskt tilkalla fleire ressursar frå brann- og redningsvesenet. På ein stor skadestad, og når det er nok ressursar, delar brann- og redningsvesenet opp område som dei respektive einingane får ansvar for (sektorisering). I slike tilfelle får utrykningsleiar for kvar eining rolla som sektorleiar. Sektorleiarane rapporterer til den første utrykningsleiar som kjem fram, som får rolla som liaison/bindeledd mellom sektorledda og fagleiar brann. Denne funksjonen vart oppretta klokka 10:00. Rundt dette tidspunktet vart det laga ei skisse av skadestaden, der det vart teikna inn sektorar.

I politiet si evaluering beskriv dei korleis Innsatsleiar leia den polisiere delen av operasjonen gjennom sine delleiarar og ut til innsatspersonellet. Brigadesjef ved OBRE og operativ leiar helse vart knytte til det

fysiske redningsarbeidet og hadde liten kapasitet til å bidra med informasjon inn i ILKO. Dette gjorde at ILKO vart noko reaktive og dei ulike innsatsane hadde lite høve til å sjå framover i operasjonen. Politiet meiner difor at samvirket på stadestaden ikkje fungerte optimalt.

Brann- og redningsvesenet som hadde verneutstyr til å jobbe nærmast brannen og skadestaden, starta med å hente ut skadde personar. Vidare gjorde dei ei «grovsanering» på ein mellombels samle plass slik at dei skadde kunne fraktast til samle plass for behandling av helsepersonell. Situasjonen på skadestaden var såpass uoversiktleg at helse var usikre på om området var sikkert nok å gå inn for å behandle skadde, sjølv om brann- og redningsvesenet gav klarsignal på at det var trygt. Helsepersonell ved lege overtok det medisinske ansvaret på samle plass klokka 09:46. For helse oppstod det ein del uklære situasjonar om reins av pasientar. Manglande synlege forureiningar på pasient førte til at OBRE på feil grunnlag melde at «reins ikkje var nødvendig». Dette

fekk store konsekvensar for innsatsen på stadestaden, og ødela for øvingsutbyttet til helse.

Utanfor skadestaden

Helse Sør-Aust delegerte koordineringsansvaret for spesialisthelsetenesta til direktøren på Oslo Universitetssjukehus (OUS). I oppstarten av hendigane var det mangel på ambulanskapasitet, men tilstrekkeleg ressursar vart etter kvart tilgjengeleg og høve for forsterking frå andre AMK-område viste at det raskt kan mobiliserast store ressursar i området. Helseføretaka etablerte RAUD beredskap kl. 09:18 (OUS) og 09:40 (Ahus) etter melding om ei større ulykke på Sydhavna i Oslo. Ahus fekk varsel frå AMK kl. 09:34.

Sein varsling til Ahus gav utfordringar i høve til skalsikring av sjukehuset. Dette førte til at Ahus hadde sjølvvakuerte, kontaminerte pasientar inne i sjukehuset før dei fekk høve til å skalsikre. Internt i sjukehuset er det etter øvinga laga klåre retningslinjer rundt varsling slik at skalsikring iverksetjast tidleg. OUS har allereie gjennomgått varslingsrutinar frå AMK.

Diakonhjemmet og Lovisenberg innførte også RAUD beredskap, medan Sjukehuspartner og Sjukehusapoteka etablerte GUL beredskap. Ansvarstilhøvet mellom helseføretaka var tydeleg, og det var god dialog mellom Akershus universitetssjukehus og Oslo universitetssjukehus.

For Folkehelseinstituttet fungerte prinsippa godt. Leiar for divisjon for miljømedisin leia krisegruppa, og oppretta raskt tett kontakt med avdeling for giftinformasjonen og CBRNe-senteret. Det var ein del spørsmål om rolla til helsetenesta i Oslo kommune. Til vanleg vil Folkehelseinstituttet rådgje kommunen v/kommunelegen. I denne situasjonen var det politiet som bad om assistanse frå Folkehelseinstituttet, ikkje kommunen.

Sivilforsvaret opplevde at prinsippa vart følgde iht. intensjonen. Nye avtalar om EPS vart gjort gjeldande mellom Oslo Politidistrikt og Oslo kommune rett i forkant av øvinga. Dette førte til nye ansvarsområde for fleire aktørar. Kravet om å sikre eit best mogleg samvirke vart av Sivilforsvaret søkt oppfylt ved å plassere leiar for avdelingane som rykkjer ut i KO på innsatsstaden. Dette vart følgd under øvinga.

Ansvars- og rolletilhøvet og samarbeidet mellom Vegavdelinga i Oslo, politiet og Oslo kommune bar preg av lite kommunikasjon og såleis vart ansvarstilhøva lite tydelege. Statens vegvesen hadde lite eller ingen kontakt med andre involverte etatar i øvinga, og prøvde fleire gongar å få kontakt med politiet og Oslo kommune, utan å lykkast. Dei fekk heller inga spørsmål frå andre etatar bortsett frå ein gong der dei sendte over kart til beredskapsetaten i kommunen. Det var Region aust sitt ansvar å handtere krisa. Samvirke mellom VTS og politiet var heller ikkje optimalt. På sentralt nivå var det ikkje nokon kontakt. Vegdirektoratet sendte statusrapport til Politidirektoratet og melde om kommunikasjonsutfordringane mellom VTS og politiet, men fekk ingen respons.

Yilport sitt inntrykk etter øvinga er at verksemdene tok ansvar for det som var forventa av dei. Det var tydeleg kven som hadde ansvar. Eventuelle endringar av ansvarstilhøvet vart formidla. Dei samarbeidande verksemdene hadde ei tydeleg forståing av eiga rolle og ansvar og kravet og å sikre eit best mogleg samvirke med relevante aktørar vart oppfylt.

Brann- og redningsvesenet har ei stor rolle på ein forureina skadestad. Dei skal ivareta tryggleik for eigne mannskap, redde liv og avgrense skade. I startfasen av ei hending er utfordringane å få oversikt, prioritere og fordele arbeidsoppgåver, samt iverksetje tiltak. Det er mange oppgåver å ivareta for dei første einingane som kjem fram, og som opplever ein uoversiktleg situasjon.

3.1.3 Å DELE INFORMASJON ER ALFA OMEGA – SKILDRING AV RAPPORTERING

På skadestaden

Scenarioet innebar ein komplisert og uoversiktleg skadestad. Med så mange moment å halde seg til for fagleiar brann vart informasjonen i ILKO mangelfull. Det vart til tider gjeve situasjonsrapportar til 110-sentralen, utan at same informasjon vart gjeven til Innsatsleiar for politiet. Politiet skriv i si evaluering at situasjonsrapportane vart loggførte i CIM, slik at OBRE i LRS sat med meir informasjon enn politiet sin operasjonsentral.

Fagleiar brann gav utrykningsleiar ordre om å sektorisere innsatsområdet kl. 09:50, og etter OBRE sine

ANALYSE OG VURDERING AV MÅLOPPNÅING

eigne prosedyrar vart utrykningsleiar tildelt ei koordinerende rolle/liaisonfunksjon for fagleiar brann. Denne funksjonen kallast LIMA brann, jf. prosedyre.

Kvar sektor hadde eigen leiar, og det kunne verke som om rolla som liaison var litt ukjend, og såleis vart vanskeleg å utøve. Funksjonen brukast ikkje ofte i praksis, noko som fører til mindre erfaring i å utøve rolla. Fagleiar brann måtte gjentekne gongar etterspørje informasjon som LIMA ikkje hadde, og måtte såleis kome tilbake til dette etter å ha kontakta riktig sektorleiar. Til dømes vart det gjeven ordre om å kjøle tanken med Acrylnitril (1093), utan at det vart gjort noko temperaturmåling før det vart bede om dette av fagleiar brann. Utan ein referansetemperatur er det vanskeleg å registrere ein temperaturauke.

Helse oppfatta ikkje at skadestaden vart delt inn i soner (hot, warm og cold). Dette førte til at innsattmannskap utan eigna verneutstyr arbeidde for tett inn i sentral skadestad, og at samarbeidande etatar ikkje fekk lik situasjonsforståing. At skadestaden ikkje vart delt inn i soner, er brot på prosedyrar.

Politiet stadfestar at nødetatane i for liten grad hadde likt situasjonsmedvit, noko som påverka mål og prioritet i aksjonen. Politiet oppfatta heller ikkje at soneinndeling av stadestaden vart etablert. Dette skapte uvisse for oppdragsløysinga hos politi og helse. Det framstod som om operativ leiar helse og brigadesjefen frå brann- og redningsvesenet vart bundne opp i for mange oppgåver i eigne linjer, utan å bidra tilstrekkeleg med viktig informasjon inn i ILKO, eller svare på oppmodingar frå innsattleiar. Politiet er i akuttfasen avhengig av informasjon frå OBRE for å kunne drifte skadestaden på best mogleg måte.

I akuttfasen vil OBRE vere premissleverandør for korleis politiet og helse skal løyse oppgåvene sine. Mangel på situasjonsrapportering på det taktiske nivået etatane seg imellom, gjorde at situasjonsrapporteringa til operasjonelt nivå vart mangelfull. Innsattleiar brukte tiltakskort og planverk gjennom operasjonelt nivå, men då Innsattleiar ikkje fekk den informasjonen han ønskte av dei andre faginstansane sjølv om han bad om dette gjentekne gongar, vart avgjerdsgrunnlaget og situasjonsrapporteringa til operasjonelt nivå mangelfullt.

Utanfor skadestad

I første akutte fase fekk Akershus universitetssjuehus tilstrekkeleg informasjon, men for sein varsling. Men i det vidare fekk aldri Akershus universitetssjuehus meldinga om at sanering ikkje var nødvendig. Heller ikkje AMK oppdaterte Akershus universitetssjuehus, og beredskapsleiar måtte sjølv ta initiativ til kontakt opp mot AMK for å hente inn informasjon. Helseføretaka er avhengige av oppdatert informasjon rundt skadeomfang og talet på pasientar som forventast. Opplysningar rundt kjemikalier er det svært viktig at vidareformidlast, då det har mykje å seie for pasientbehandlinga, under dette sanering og ev. antidot.

OUS delte/sendte rapportane sine som gjekk til Helsedirektoratet (på vegner av Helse Sør-Aust) til kommune, politi, FM med fleire, men fekk ingen tilsvarande rapportar frå andre verksemder.

DSB tok rolla som koordinator på direktoratsnivå. Det vart formidla situasjonsrapportar til JD v/KSE etter avtalt plan. Desse rapportane vart samanstilte på bakgrunn av rapportar frå fylkesmannen i Oslo og Akershus (FMOA), Hdir, POD og fagavdelingar i DSB.

FMOA skildrar det som krevjande å følgje opp rapportering. Rapportane frå Oslo kommune var ikkje presise nok og mangla eit meir overordna blick på kommunen. Rapportar frå Hdir kom seint. DSB sendte aldri nokon samlerapport, og FMOA opplever at malen i CIM må spissast ytterlegare.

Sivilforsvarsdistriktet mottok tre rapportar frå Fylkesmannen i Oslo og Akershus. Desse rapportane var informative og gode på eit overordna nivå.

Statens vegvesen måtte hente informasjon gjennom nyhendesendingar kvar time. Berre Beredskapssetaten i Oslo tok kontakt med krisestaben i løpet av heile øvinga.

Det blir meldt om utfordringar rundt informasjonsdeling og situasjonsrapportering frå mange hald. Yilport seier derimot at rapporteringa gjekk bra og at Yilport hadde god kontakt med både ambulanse og brann.

Rapportering: vurdering – konsekvensar

OBRE har utarbeidd gode prosedyrar innanfor dei mest relevante temaa innan brann og redning.

Likevel bør planverk og prosedyrar gåast gjennom og oppdaterast der det er nødvendig.

Politiet rettar merksemda mot at dårleg situasjonsmedvit kombinert med mangelfull situasjonsrapportering, som ikkje gjekk i dei rutinemessige linjene, førte til dårleg samhandling på skadestaden.

Helse er av den oppfatninga at samhandling, hovudsakleg med brann og politi, særleg på veg til, men også på skadestad, er viktig. Samvirke med andre sektorar på overordna nivå er ikkje nødvendigvis avgjerande for god pasienthandtering, men kan likevel vere viktig i nokre situasjonar. Behovet for «felles situasjonsbilette» er difor ikkje i alle situasjonar og på alle nivå påkravd, for at aktørane skal løyse oppgåvene sine.

Skildring og vurdering av liaisonbruk

AMK hadde liaison til Oslo politidistrikt/LRS. Liaisonen rapporterte til stab i prehospitalt senter som heldt kriseleinga informert om viktige tilhøve. Dette fungerte bra.

Etter ønske frå Oslo politidistrikt kl. 09:30, sendte Fylkesmannen ein beredskapsmedarbeidar som liaison til Redningsleinga med oppmøte kl. 10:00. Dei melder tilbake at det er viktig å vurdere rett ressursbruk i krevjande situasjonar, at ein må ha eit medvite tilhøve til kva som er rett kompetanse, fullmakter og oppgåver for ein liaison. Det er viktig at det ligg ein meirverdi i liaisonfunksjonen. Fylkesmannen har allereie gått i dialog med Oslo kommune om mellom anna å sjå på høvet for liaisonering for «Oslopesifikke» hendingar.

Politiet bad raskt om ein liaison frå Folkehelseinstituttet (tidlegare enn dei ville gjort i ei reell hending). Helsedirektoratet bad også om ein liaison frå Folkehelseinstituttet, som sendte ein fagekspert, men det var uklårt kva vedkomande skulle hjelpe med. Det var også krevjande for krisegruppa i Folkehelseinstituttet å serve vedkomande med nok informasjon, då dei var avhengige av informasjon frå liaisonen som var hos politiet, der det naturleg nok var svært hektisk og liaisonen hadde meir enn nok med å hjelpe politiet. Liaisonen i Hdir hadde ein vanskeleg jobb pga. manglande informasjon som kunne svare på behovet i direktoratet. Det bør vurderast om ikkje ein liaison hos politiet burde hatt med seg ein bitsjar/medhjelpar som

kunne sytt for kommunikasjon med krisegruppa i Folkehelseinstituttet.

For å representere Oljehamna vart styraren frå Shell sendt inn til politihuset som liaison, men vart lite involvert. Det var likevel nyttig for Oljehamna å sjå korleis eit slikt system fungerer ved større hendingar. SVV hadde også liaison klar til politiet, men vart ikkje kalla inn. DSB tilbød liaisonar til både POD og Hdir, samt hjelp frå infopoolen, men dette vart ikkje brukt.

For dei som er vande med å utveksle ressursar gjennom bruk av liaisonar og har røynsle frå tidlegare samarbeid, fungerer denne ordninga som regel svært bra. Men for personar som ikkje er kjende med korleis ein gjer oppgåva, kan det vere vanskeleg å orientere seg når det er hektisk aktivitet der ein er utsendt som liaison. Liaisonen kan få oppleving av å vere tilskodar, meir enn ein bidragsytar og mistar høvet til å rapportere tilbake til eigen organisasjon på ein god og effektiv måte. Det bør vurderast å utarbeide ei rettleiing til korleis leggje til rette for å få størst mogleg utbytte av ei liaisonordning.

3.2

Å VURDERE BEHOVET FOR OG EVENTUELT IVERKSETJE EVAKUERING

I scenarioet for øvinga låg det at store mengder røyk skapt av brannen på oljetankane ville skape store problem for befolkninga i området, i tillegg til å hindre trafikkflyten på både veg og jarnbane. Behovet for evakuering av befolkninga i ein slik situasjon kan diskuterast, og nokon meiner at behovet var noko kunstig og konstruert. I stor grad er dette eit øvingsteknisk spørsmål, men det kan ha lagt nokre unaturlege rammer for arbeidet som må takast høgde for ved bedømming av måloppnåing og avgjerder (og iverksetjing) av eventuelle tiltak.

I ein situasjon der det er behov for evakuering er det politiet som avgjer om det skal skje evakuering eller ikkje. Det er kommunen som har ansvaret for å sikre at dei involverte og pårørande deira blir godt

ANALYSE OG VURDERING AV MÅLOPPNÅING

ivareteke. For å lykkest i handteringa av eit større tal på evakuerte og pårørande må politiet, kommunen og andre involverte aktørar samordne planverket sitt. Gjennom å øve saman kan ein byggje opp kompetanse i dei ulike funksjonane og innarbeide gode rutinar for samhandling.

Med evakuerte meiner vi i utgangspunktet både skadde og uskadde personar. Skadde blir normalt overførte til sjukehus, medan dei uskadde blir tekne hand om på ein eigna stad der kommunen i samarbeid med politi opprettar eit evakuert- og pårørandesenter.

3.2.1 RAMMEVILKÅR FOR AVGJERD OM, OG GJENNOMFØRING AV, EVAKUERING

I høve til Sivilbeskyttelseslova kapittel V, §15 skal kommunen sin beredskapsplan innehalde ein evakueringsplan. Ifølgje Forskrift om kommunal beredskapsplikt §4 skal kommunen sin beredskapsplan innehalde ein evakueringsplan og plan for befolkningsvarsling. Politilova si §27 som omhandlar ulykkes- og katastrofesituasjonar, tillegg politiet å iverksetje og organisere redningsinnsats der liv eller helse til menneske er trua (...). I ulykkes- og katastrofesituasjonar ligg det til politiet å iverksetje dei tiltak som er nødvendige for å avverje fare og avgrense skade. Inntil ansvaret blir teke over av annan styresmakt, skal politiet organisere og koordinere hjelpeinnsatsen. Instruks for redningstenesta skildrar retningsstenesta som den offentlege organiserte verksemda som utøvast ved straksinnsats for å redde menneske frå død eller skade som følgje av akutte ulykkes- eller faresituasjonar, som krev koordinering og som ikkje blir ivareteke av særskild oppretta organ.

Ettersom situasjonen kunne karakteriserast som ein redningsoperasjon vart den kollektive redningsleiinga innkalla, og Lokal redningssentral (LRS) vart etablert under leiing av politimeisteren. Den kollektive redningsleiinga skal vere rådgevande for politimeisteren med omsyn til å kunne, på eit godt grunnlag, fatte vedtak så som ei storstilla evakuering av befolkninga. Oslo kommune vil i stor grad vere det utførande leddet. Det er likevel mange aktørar som er avgjerande med tanke på om ei slik evakuering vil «lykkast». Transportselskapa (Ruter (som også er ein del av Oslo kommune), NSB, Vegvesenet, Jarnbaneverket), Sivilforsvaret, frivillige organisasjonar, Fylkesmannen med fleire, vil i stor grad måtte hjelpe politiet og

kommunen for å få dette til å fungere. I tillegg er LRS avhengig av solid og god informasjon for å kunne ta dei rette avgjerdene. I dette tilfellet spesielt frå Meteorologisk institutt og Folkehelseinstituttet.

3.2.2 OVERORDNA VURDERING AV MÅLOPPNÅING

I spørjeskjemaet som evalueringssyndikatet sendte ut til alle verksemdar, vart verksemdene bedne om å vurdere måloppnåing for dei tre overordna måla for øvinga. Ikkje alle deltakande verksemdar har vore involvert i denne delen av øvinga, og har difor svart «ikkje relevant». Det er også somme verksemdar som ikkje har svart på dette skjemaet, men heller sendt inn ein eigen versjon. Det er åtte aktørar som har svart på spørsmålet om måloppnåing vedrørande evakuering:

- Å vurdere behovet for og ev. iverksetje evakuering av råka bydelar i Oslo.

1	2	3	4	5	6
	Ruter	DSB	OBRE	OPD (S&O)	
		OPD (T)	FMOA		
			OASFD		
			FHI		

Gjennomsnittet på ein skala frå 1–6 er 3,6. Trass i at dette blir ei grov, og til dels subjektiv, vurdering er det med ein gjennomsnittsscore på 3-talet grunn til å gå ut frå at det er rom for forbetringar på dette området. Dette kapittelet vil, i den grad datagrunnlaget gjer det mogleg, gjennomgå sentrale element og identifisere problemstillingar innanfor den delen av øvinga som omhandla evakuering.

3.2.3 UTFORDRINGAR

Ei god måloppnåing i dette tilfellet kan brytast ned til følgjande utfordringar:

- Hente inn, samanstill og vurdere relevant informasjon.

- Ta avgjerd om evakuering.
- Effektuere vedtaket, samt følgje opp gjennomføringa.

Dei to førstnemnte vil i hovudsak bli utførte av LRS/politimeisteren med hjelp frå den kollektive redningsleiinga, basert på informasjon frå mange ulike aktørar og nivå. Sistnemnte vil i hovudsak bli utført av kommunen, med hjelp frå ei rekkje aktørar.

3.2.4 HENTE INN, SAMANSTILLE OG VURDERE RELEVANT INFORMASJON, SAMT FATTE VEDTAK

Ettersom evakueringsscenarioet kom litt ut i øvinga var allereie relevante aktørar varsla og mobilisert. I denne fasen av ei hending er det, som skildra over, politiet som har leiinga. Oslo politidistrikt hadde både etablert stab og kalla inn til den kollektive redningsleiinga i samband med ulykka på Sydhavna. Det er den operative staben i OPD som samanstillar og presenterer informasjonen for LRS.

Politiet skriv sjølv i si eiga evaluering: «Situasjonsrapportering til Operativ stab går via operasjonssentralen som får rapporten sin frå stadestaden via Innsatsleiar. Stab vil naturleg nok få situasjonsbiletet etter at dette har kome til operasjonssentralen og det vil heile tida vere ei tidsforseinking her i høve til ledda vidare i kjeda. Stab opplevde sein oppdatering av situasjonsbiletet.» I øvinga vart ein ny funksjon kalla «operasjonell sjef» prøvd ut. Operasjonell sjef skulle fungere som eit bindeledd mellom operasjonssentralen og stab. Dette fungerte i stor grad etter intensjonane.

Det rapporterast vidare om at operativ stab hadde visse utfordringar med å få eit klart bilete av status og situasjonen frå stadestaden, og at dette kan kome av utfordringar i kapasiteten til rådgjevarar i ILKO. Særleg trekkast det fram at brann og helse tidvis var underdimensjonert relatert til leiarstøtte. Dette hemma koordineringa av innsatsen på staden og kvaliteten på den situasjonsrapporteringa som inngår som ein viktig del av avgjerdsgrunnlaget for den vidare krisehandteringa.

Operativ stab har ansvaret for å rapportere både til Redningsleiinga og til Politidirektoratet. I denne øvinga vart informasjon til Redningsleiinga prioritert for å gje dei best mogleg øvingsutbytte. Dette gjekk på kostnad av rapportering til POD under den mest

hektiske fasen. Sett frå Operativ stab vart det brukt for mykje tid til oppdatering av Redningsleiinga. Men det er også viktig at Redningsleiinga er langt framme på tidslinja slik at dette ikkje kjem i konflikt med stabs- operasjonelt arbeid.

For å kunne produsere betre avgjerdsgrunnlag for Operativ stab og Redningsleiinga, skulle ein trene politiet sitt etterretningsapparat i ein redningssituasjon. Dette arbeidet gav eit betre grunnlag for å treffe avgjerder, men det framkom også somme utfordringar relaterte til at ulike profesjonar måtte jobbe tett saman når tidskritisk avgjerdsstøtte skulle produsere. Somme aktørar var ikkje i same grad vande med å jobbe under tidspress.

Det vart under øvinga for første gong testa ut ein ny modell for organisering av den kollektive redningsleiinga/ LRS. Dette betyr at fungerande politimeister og stabssjefen kontinuerleg sat saman med medlemene i den kollektive redningsleiinga. Stabssjefen leia møta og drifta Redningsleiinga slik at fungerande politimeister kunne ha ei noko meir tilbake-trekk og strategisk rolle. Dei endelege avgjerdene vart tekne av han, i samråd med Redningsleiinga. I tillegg hadde politiet med seg ein loggførar som kommuniserte med Operativ stab. Operativ stab vart leia av ein assisterande stabssjef. Oslo politidistrikt hadde her gjort ei medvite styrking av leiingselementet i Redningsleiinga, slik at denne kom sterkare inn i handteringa. Desse tiltaka opplevast som vellykka.

Arbeidet i den kollektive redningsleiinga var organisert i bolkar; orientering frå politiet/Operativ stab, diskusjon rundt bordet og tid for medlemene av kollektiv redningsleiing til å jobbe opp mot eigen organisasjon. Dette vart opplevd å vere høveleg. Mykje god og viktig informasjon dei kunne vidareformidle til eigen organisasjon. Det er likevel ei varierende forståing for eiga rolle inn i den kollektive redningsleiinga. Nokre organisasjonar kunne nok brukt deltakinga i Redningsleiinga på ein meir effektiv måte. Verksemdene som er representerte i Redningsleiinga, har naturleg nok eit ønske om å sikre at meirverdien er høgare enn «tapet» av å sende verdifulle ressursar ut av eiga verksemd. Ikkje alle samarbeidande verksemdar brukte sine representantar i Redningsleiing til å hente inn/gje informasjon. Dette skapte ein del misforståingar og meirarbeid for Redningsleiinga og funksjonar i Operativ stab.

ANALYSE OG VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Medlemene av den kollektive redningsleiinga møttest cirka klokka 10:00 på politihuset på Grønland. Møtet vart opna av fungerande politimeister, som minna dei som var til stades om funksjonen til Redningsleiinga som rådgjevarar for hans vedtak – på strategisk nivå.

Folkehelseinstituttet og Meteorologisk institutt vart tidleg henta inn til Operativ stab. Representantane for begge desse var med på staben sine statusmøte med Redningsleiinga. Informasjonen som kom fram i desse møta, både frå ulike funksjonar i staben og representantane frå Folkehelseinstituttet og Meteorologisk institutt, vart opplevd som veldig nyttig og fungerte som eit godt grunnlag for Redningsleiinga sine diskusjonar og vurderingar. Informasjonen frå Meteorologisk institutt om vindretning og forventna utvikling gav, saman med informasjonen frå stadestaden, Redningsleiinga tidlege indikasjonar på at ei større evakuering av råka bydelar kunne bli aktuelt. I lys av dette er det betimeleg å stille spørsmål ved kvifor ikkje Statens vegvesen vart involvert tidlegare og i større grad.

Vidare stillast det spørsmål om kvar og hjå kven problemstillingar relaterte til evakuering, men som ikkje har direkte konsekvensar for liv og helse, blir vurdert. I Redningsleiinga var det lite eller ingen diskusjonar relatert til område som

- Kva om området rundt Oslo S må evakuerast? – konsekvensar for trafikkavvikling og høve for å få folk ut av byen.
- Trafikkflyten inn og ut av byen.
- Korleis skal ein evakuere eit slikt tal på evakuerte? Kan man gå ut frå at folk kan bu hos vener og familie, i kva grad har styresmaktene ansvar for innløsjing?
- Korleis syte for mat, medisinar etc.?
- Kor langvarig kan denne situasjonen bli?

Møteleiar i kollektiv redningsleiing stilte gjentekne gongar spørsmål om det var behov for å hente inn andre representantar. Liaison frå Ruter var hos politimeisteren sin operative stab. Liaisonar frå Jarnbaneverket og Statens vegvesen var ikkje hos politimeisteren sin operative stab. Dei sistnemte var heller ikkje hos redningsleiinga.

Klokka 14:20 kom det melding til Redningsleiinga om ei utvikling i situasjonen på stadestaden. Brannen hadde spreidd seg til tankanlegget og røykutviklinga

var betydeleg. Etter få minutt diskusjon vart det konkludert med at det ville bli behov for å trykkje på den store knappen – utsette område skulle evakuerast. Det er framleis ukjend kva område dette skulle gjelde.

Situasjonsoppdatering frå Operativ stab kom 20 minutt etter varsel om spreieing av brann. Det vart vist fram ei visualisering av spreieingsprognosen for røyken frå brannen. Både Meteorologisk institutt og Folkehelseinstituttet informerte om sine faglege vurderingar. Prognosen tre timar fram i tid viste at råka område kunne vere større enn først rekna med. Meteorologisk institutt presiserte likevel at det berre var ein modell og at de var behov for å gjere målingar. Folkehelseinstituttet hadde både målingar og modelleringar. Røyken bestod av svevestøv i helsefarlege konsentrasjonar. Det kom fram at både Folkehelseinstituttet og innsatsleiinga på staden vurderte røyken som giftig. OBRE var usamd i dette, men Folkehelseinstituttet stod på vurderinga si. Det vart opplyst om at nivået røyk/farlege stoff innandørs i hus (sjølv med vindauge og ventilar lukka) ville vere om lag 50 % av nivået utandørs.

Basert på informasjonen frå Operativ stab, Folkehelseinstituttet og Meteorologisk institutt – og supplert av fleire av medlemmene av kollektiv redningsleiing – vart det sett ei ytre grense for evakueringssona. Visualiseringa i kartløyisingar gav ein tydeleg meirverdi i denne situasjonen.

Trass i somme utfordringar relaterte til informasjonsflyt frå stadestad via operasjonssentralen til Operativ stab, framkom det ikkje større manglar i innhenting, samanstilling og vurdering av informasjonen. Informasjonsgrunnlaget som låg føre var tilstrekkeleg til at Redningsleiinga/politimeisteren kunne gjere vurderingar og ta nødvendige avgjerder. Rolleavklaring, ansvar og styresmakt framstod på eit overordna nivå som svært ryddig og avklart.

3.2.5 EFFEKTUERE AVGJERD, SAMT FØLGJE OPP GJENNOMFØRINGA

Ved gjennomføring av ei evakuering er kommunen ein sentral og viktig aktør. I Oslo kommune er det byrådsavdeling for eldre og sosiale tenester (EST) som har det overordna ansvaret for evakuering. EST har også ansvaret for å koordinere ressursane frå Ruter, Sivilforsvaret, Raudekrossen og

Bymiljøetaten (BYM). Bydelane har sjølv ansvaret for å evakuere personar som treng assistanse, til dømes personar knytt til heimehjelpa eller barnehagar. Utdanningssetaten (UDE) har ansvaret for å evakuere skolane.

I ein slik situasjon som oppstod under øvinga, der tusenvis av menneske må evakuerast, vil det vere behov for eit omfattande samvirke med ei rekke aktørar. Dei fleste menneske som er innanfor området som skal evakuerast vil kunne greie å sjølvevakuere. Redningsleiinga tok som utgangspunkt at dette ville gjelde så mange som 80–90 prosent. Gjeve dette vil 10–20 prosent av befolkninga ha behov for ei eller anna form for assistanse. Kommunen og politiet vil i ein slik situasjon ha behov for eit utstrekt samarbeid med transportselskap, veg- og jarnbanestyresmakterne, Sivilforsvaret, frivillige organisasjonar med fleire. I det følgjande kapittelet blir varsling av kommunen, andre relevante aktørar og publikum gjennomgått. Deretter vurderast handteringa med vekt på samhandling mellom aktørane. Til slutt vurderast kort kommunikasjon med befolkninga. Dette supplementast i kapittelet som handlar om kommunikasjon.

Varsling om evakuering

Varselet må først gå frå Redningsleiinga/politiet til kommunen, som har ansvaret for å iverksetje evakuering av dei delar av befolkninga som har behov for assistanse. Klokkas 14:02 vart det klart at det var behov for å varsle befolkninga. Bruk av SMS vart diskutert. Det er uvisst om sentral kriseleiing fekk melding om dette. 14:29 gjekk det melding frå Politimeister om å starte planlegging av befolkningsevakuering. 14:31 utførte leverandør av befolkningsvarsling, UMS, ei simulering på kor mange personar med mobilabonnement som var i det definerte området. Den faktiske ordren om evakuering kom kl. 14:33. Det vart gjort ein analyse på kommunale føretak i området, samt ein analyse over dei som treng assistert evakuering. Etablering av evakueringsssenter blir iverksett 14:47.

Varsling til befolkninga

Varsling til befolkning vart (spelteknisk) gjennomført ved bruk av tyfonanlegget til Sivilforsvaret (melding: lytt til radio). Politiet, i samarbeid med kommunen, utforma meldinga som vart presentert for Redningsleiinga og godkjent av politimeisteren. Politiet brukte Twitter aktivt under hendinga. Twitter var politiet sin føretrekte kanal i initialfasen, og vart også brukt til varsling av befolkninga. I tillegg

vart det under øvinga testa ut lokasjonsbasert befolkningsvarsling via SMS. Lokasjonsbasert varsling utførast ved at det først reknast ut kva mobilceller som dekkjer det aktuelle området. Ved hjelp av probar i mobiloperatøren sitt nett rutast SMS-meldingar til mobilabonnentar som er innanfor det aktuelle geografiske området. I retur får ein statistikk på kor mange som har motteke meldingane, kvar dei har motteke meldinga, og kva nasjonalitetar mottakarane sine SIM-kort har.

Testen bestod i å simulere ei sending. Dette tillet at det blir henta ut sanntidsdata frå telenettet som gjev ei «teljing» av alle telefonar i det definerte området utan faktisk å sende ut varsel. Dette gjerast i løpet av sekund og gjev ein god indikasjon på befolkningstal og tettleik innanfor det definerte området.

Testen viste at det var 23 727 telefonar (22 031 norske SIM-kort og 1 696 utanlandske SIM-kort) i området.

Kommunen si vidarevarsling til samarbeidande aktørar

Ruter bistår kommunen med transporttenester ved ei evakuering. Som det kjem fram ovanfor blir varslinga av Rute skildra som mangelfull. Ruter skriv i evalueringsrapporten sin: «Det kom etter hvert varsel til presse- og beredskapstelefonen, men det var uklart i kommunikasjonen om Ruter formelt var varslet og om man skulle mobilisere egne ressurser. Varslingen inneholdt m.a.o. ikke nødvendig informasjon for å mobilisere og iverksette. (...) Ruter mener for øvrig at en forespørsel om bistand skal komme fra politiet, som er ansvarlig for å iverksette evakueringen».

Sivilforsvaret kan også vere ein viktig ressurs i ein slik situasjon. Oslo og Akershus Sivilforsvarsdistrikt melder at varsling til dei normalt skal skje via telefon. Den som svarar på telefon har eit eige skjema som fyllast ut når eit spørsmål om hjelp kjem inn for å sikre mottak av riktig og relevant informasjon. Spørsmål om hjelp til etablering og drift av evakuert- og pårørandesenter frå Oslo kommune kom på e-post til ein tilsett. Denne e-posten vart ikkje lese, og tid gjekk tapt i varslingsfasen.

3.2.6 SAMHANDLING OG INFORMASJONSFLYT MELLOM INVOLVERTE AKTØRAR

Oslo kommune og politiet

I handteringa av eit slikt scenario vil samarbeid og koordinering mellom Oslo kommune og Oslo politidistrikt vere avgjerande. Oslo kommune hadde fleire linjer inn til politiet. Sentral kriseleiing hadde ein representant i LRS. Andre representantar frå Oslo kommune i LRS er brannsjefen, hamnekapteinen, leiar for Seksjon for psykososiale akuttenester (SAA), legevakta og kommuneoverlegen. Kommuneoverlegen deltok på vegner av Fylkeslegen. Med så mange representantar inn i LRS oppstod det somme uklare situasjonar rundt ansvarsforståing og oppgåvefordeling. Under øvinga var det ei uklar rolle- og ansvarsforståing mellom kommuneoverlegen, representanten frå BER og SAA. Sentral kriseleiing hadde ein god dialog med liaisonen sin i LRS. Avklaringsar og iverksetjing av tiltak vart diskutert fortløpande.

Internt i Oslo kommune

Organiseringa med fleire kriseleiingar på fleire nivå i Oslo kommune fordrar ei svært god intern kommunikasjon og koordinering, i tillegg til eit avklart tilhøve til ansvar og styresmakt. Evalueringa viser til fleire utfordringar knytte til dette. Mellom anna trekkast det fram at staben ikkje utarbeidde eit aktørkart over involverte partar, noko som medførte ein manglande oversikt over kven som skulle motta rapportar. Noko av informasjonen som vart kommunisert var til tider uklar og feil. EST oppgav feil nummer til ESP og gav uklare instruksjonar på adressene. Feilinformasjonen gjorde seg også gjeldande i evakueringa av personar med behov for assistert evakuering. Evakueringa av denne gruppa tok svært lang tid. Denne interne uklårheita og manglande koordineringa gav seg tilsynelatande utslag i eit dårlegare samarbeid med tre viktige aktørar som skal hjelpe bydelane i evakueringsarbeidet; Bymiljøetaten (BYM), Ruter og Raudekrossen. BYM sin førespurnad til kriseleiinga i Oslo kommune vart aldri svart på, og BYM vart følgelag aldri formelt kalla ut for å hjelpe. BYM hjalp likevel i evakueringa av skolar og barnehagar på bakgrunn av eige initiativ og ein uformell førespurnad frå Ruter. Det førte til at BYM opplevde noko uvisse rundt rolle- og ansvarstilhøve ute på evakueringspunktta og tok sjølv initiativ for å avklare dette.

Ruter fekk informasjon og oppdrag frå mange ulike aktørar som bydelane, skolane, BER, EST, LRS og politiet. Informasjonen som kom frå kommunen var ikkje koordinert og ikkje tydeleg nok. Det førte til at sentrale avgjerdspunkt om kven som skulle evakuerast og korleis, ikkje vart gjevne til Ruter. Formelle rapporteringskanalar og informasjonsdeling mellom kommune, politi og Ruter framstår som uavklart. Mangelen på informasjon medførte ifølgje Ruter vanskar med tanke på mobilisering av dei rette ressursane og fatte dei rette avgjerdene, noko som gjorde at handteringa ikkje vart optimal. Til dømes dreidde dette seg om at Ruter ikkje mottok relevant informasjon om evakueringsbehovet, noko som medførte at dei ikkje vart bedne om å handtere alle lokasjonane som skulle evakuerast, samt at Ruter ikkje fekk etablert dialog med eksterne aktørar då desse ikkje var tilgjengelege/ikkje tok telefonen, noko som skapte uvisse om tryggingssituasjonen for eige personell og passasjerar.

Ruter, kommunen og politiet

Ruter si beredskapsleiing vurderte situasjonen slik at det kunne bli aktuelt å hjelpe Oslo kommune med evakuering. Ruter kontakta operatørane for å kartlegge kva ressursar som var tilgjengelege, samt leggje planar for frigjeringsar av materiell som allereie var i bruk i vanleg rutetraffikk. Kontakt vart oppretta med beredskapsetaten for å tilby ressursar.

Ruter fekk ikkje varsel om å iverksetje evakuering. Det vart ringt frå EST til Ruter si presse- og beredskapsvakt med melding om at evakuering frå skolar og barnehagar i bydel Gamle Oslo og Nordstrand var iverksett, klokka 11:11. Dette medførte ikkje nokon aktivitet frå Ruter si side. Spelstab måtte likevel inn med ei korrigeringsar av denne meldinga og gje melding om at Ruter var beden om hjelp med å iverksetje evakuering. Ruter starta så med å hente inn informasjon om kven som skulle evakuerast.

Ruter fekk etter kvart informasjon om kven som skulle evakuerast frå mange ulike aktørar; bydelane, beredskapsetaten, EST, politiet, skolar, barnehagar og utdanningsetaten. Informasjonen var ikkje koordinert frå kommunen si side. Liaison frå Ruter var i OPD, men opplevde at det ikkje var nok struktur rundt dette.

Politiet på si side seier i evalueringa si at kontakten med Ruter viste seg å vere veldig viktig i høve til

evakuering av befolkninga, samt at arbeidet vart opplevd svært positivt.

Oslo kommune, frivillige og Sivilforsvaret

Oslo kommune ved EST har utarbeidd samarbeidsavtalar med Sivilforsvaret og Raudekrossen når det gjeld respektive drift av EPS og transport av menneske med behov for assistert evakuering. Sivilforsvaret var tiltenkt å ivareta tilgangskontroll og tryggleik ved sentra, men fordi Sivilforsvaret er ein forsterkningsressurs med relativt lang mobiliseringstid (1-2 timar), måtte dette vurderast på nytt. Sivilforsvaret eignar seg godt til å forsterke og erstatte bemanninga om situasjonen trekkjer ut i tid og det blir behov for ekstra mannskap. Raudekrossen vart brukt til å hjelpe med evakueringa av personar med behov for assistert evakuering. Det var fleire utfordringar som hindra ei effektiv evakuering. Noko var knytt til transportkapasitet og trafikk-biletet på tidspunktet. Hovudutfordringane for leiar frå Raudekrossen var likevel å finne ut kven i kommunen han skulle forhalde seg til, samt å få nødvendig informasjon. Klåre rutiner for informasjonsflyt mellom kommunen og Raudekrossen bør etablerast. Evalueringa frå Raudekrossen viser at avtalen om bruk av deira mannskapar må avgrense seg til evakuering ut av bygg, støtte til dei evakuerte, koordinering av transport samt registrering av evakuerte. Det blir peika på at etablerte transportselskap bør stå for sjølve transporten til EPS. Kapasiteten til Raudekrossen er dimensjonert til transport av enkeltpersonar med særlege behov og små grupper.

Statens vegvesen

Under øvinga var kontakten mellom politiet og Vegtrafikksentralen mangelfull, og det var til tider uklårt kva delar av Oslo som skulle sperrast for trafikk. I samarbeid med politiet, gjorde Vegavdeling Oslo tidlegare i år ei endring i planverket sitt vedrørende liaison til LRS, til støtte for trafikk-faglege spørsmål ved større hendingar. Denne kompetansen vart aldri etterspurd.

3.2.7 INFORMASJON TIL PUBLIKUM

Kommunikasjon med media og befolkninga omhandlast i kapittel 4, men i diskusjonen om å iverksetje evakuering må merksemda rettast spesielt mot utfordringane aktørane hadde med å gå ut med ein sams budskap om evakuering.

OPD hadde kontakt med fleire samarbeidspartnarar, først og fremst med sentral kriseleiing i Oslo kommune og EST, men dei lykkast ikkje med å koordinere budskapen. Til dømes ved evakuering av skolane, sende sentral kriseleiing ut varsel om at alle skolar i området skulle evakuerast, noko som seinare vart gjort om til at tre skolar skulle evakuerast. For sein og uklår informasjon kombinert med uklår ansvarsfordeling mellom EST og bydelane skapte forvirring og frustrasjon blant publikum.

Koordinering av budskap bør også skje på fleire nivå, også ute på skadestaden og i redningsleiinga.



Faksimile av mediaspelet.

Når det gjeld befolkningsevakuering og EPS må det gjerast avklaringar på ansvarstilhøve mellom politiet og kommunen, dette gjeld også informasjonsansvaret. Kva er viktig å formidle, kven formidlar m.m.

Vidare vart det frå politiet på eit tidspunkt gått ut med informasjon om at evakueringssona var heile området innanfor Ring 3. Denne informasjonen vart repetert på sosiale mediar, i ordinære media (netta-vis) og munnleg på direktesendt nyhendesending klokka 15:00. Informasjon om at alle innanfor Ring 3 skal evakuerast repeterast fleire gongar i løpet av denne nyhendesendinga, både av politiet sin representant som blir intervjuet på skadestaden og av nyhendeanker i studio.

3.2.8 VURDERINGAR OG PROBLEMSTILLINGAR

Kommunikasjon mellom involverte aktørar

Mange aktørar opplevde dialogen med politiet og Oslo kommune som utfordrande. Grunnen til dette ser ut til å vere ulik hjå dei to aktørane. For politiet sin del blir det fort ei overbelastning på det apparatet som tek imot innkomne telefonar. Mange aktørar opplever eit behov for å ha tett dialog med politiet, medan politiet sin ressursituasjon ikkje tillèt det i så stor grad som aktørane ønskjer. For Oslo kommune sin del ser det ut til at utfordringane i stor grad kan relaterast til storleiken og kompleksiteten i organisasjonen, samt eit noko uavklart ansvars- og styremaktstilhøve internt i kommunen. Dette føre til ei uvisse både internt og eksternt relatert til kven som har kva ansvar, samt kven ein skal forhalde seg til og dele informasjon med.

Kollektiv redningsleiing og den nye organiseringa av arbeidet/interaksjonen mellom Redningsleiinga og politiet fungerte svært bra. Redningsleiinga vart halde kontinuerleg informert, var under heile hendingsforløpet involvert i alle strategiske vurderingar og av gjerder, samt fekk i stor grad tid og høve til å jobbe opp mot eigen organisasjon og til bilaterale møte seg imellom. For at arbeidet i den kollektive redningsleiinga skal fungere optimalt, er god, tilstrekkeleg og tidsriktig informasjon avgjerande. Dette sikra politiet ved hjelp av relativt hyppige statusoppdateringar der representantar frå Operativ stab kom med relevant informasjon. Desse oppdateringane vart haldne korte og konsise, og gav – saman med den informasjonen representantane

i Redningsleiinga kunne ta med seg frå eigen organisasjon – eit svært godt grunnlag for diskusjon og avgjerder. Det er grunn til å gå ut frå at kommunikasjon og samhandling mellom aktørane som var representerte i Redningsleiinga var betydeleg betre enn dei som ikkje var til stades. Sett frå Operativ stab vurderast det likevel slik at det vart brukt for mykje tid til oppdatering av Redningsleiinga. Her må ein vurdere alternative løysingar, ettersom Redningsleiinga er avhengig av god informasjon og Operativ stab er avhengig av å ha tid til å gjere oppgåvene sine.

Som det kjem fram av gjennomgangen i dette kapitlet var det mykje som fungerte bra, men manglande dialog og informasjonsutveksling førte til frustrasjon og uvisse hjå fleire aktørar. Det ser likevel ut til at der kor ansvaret er kartlagt på førehand, avtalar om meir eller mindre formalisert samarbeid er på plass, og ordningar relatert til ulike former for liaisonar er etablerte, fungerer samhandlinga monaleg betre.

3.2.9 KONSEKVENSAANE AV EI EVAKUERING

Trafikkavvikling

I høve til tal frå Oslo kommune var det rett i underkant av 24 000 menneske innanfor det definerte området som skulle evakuerast. I tillegg vart det gjentekne gongar sagt i media og på sosiale mediar at alle som var innanfor Ring 3 skulle evakuere. Vidare var somme vegar inn og ut av Oslo stengt på grunn av brannen på Sydhavna. Det er lett å ta for gjeve at vegnettet til ei kvar tid fungerer utan trafikkavviklingsproblem og det kan difor tilsynelatande sjå enkelt ut å stengje vegar samtidig som ein både evakuerer og sender utrykningskøyretøy på det vegnettet som er ope. I den verkelege verda vil likevel enkle stengingar av t.d. tunneløp raskt føre til at resten av vegnettet blokkerast. Dette er vanskeleg å simulere under ei øving, men evakuering av Oslo sentrum og utrykning ville vore betydeleg meir utfordrande om vegnettet faktisk var fysisk stengt. Med fare for å kome inn på øvingstekniske problemstillingar, er det likvel nødvendig å stille spørsmål om utfordringane relaterte til trafikkavviklinga vart tekne tilstrekkeleg på alvor. Manglande kommunikasjon og informasjonsutveksling mellom politiet og vegstyresmaktene under øvinga kan vere årsaka til at denne utfordringa vart underkommunisert. Under øvinga var det aldri meldt om problem på vegnettet, noko som framstår relativt urealistisk når ein skal evakuere så store delar

av Oslo sentrum. Vurderinga til Statens vegvesen er at den mangelfulle og til dels fråverande kontakten med kommunen og politiet om fokus på framkommelegheit i samband med evakueringa ville gjeve store problem i ein reell situasjon.

Andre kapasitetsutfordringar har i liten grad blitt trekte fram i datagrunnlaget til denne evalueringa, men det er likevel grunn til å stille spørsmål ved både transportkapasitet, kapasitet på evakuer- og pårørandesenter, og kapasitet til vakthald og sikring i randsona av området som evakuerast. På tidspunktet evakueringsavgjerda vart teken var det om lag 23 700 telefonar innanfor det aktuelle området. Det er grunn til å gå ut frå at det reelle talet på menneske som måtte kome seg ut av byen og finne alternative overnattingsplassar, er monaleg høgare. For det første bur det mange barn i området (som presump- tivt ikkje har mobiltelefon, og difor ikkje inkluderast i teljinga), og for det andre vart teljinga gjort på eit tidspunkt der mange menneske er på jobb. Området som skulle evakuerast består i stor grad av bustader – ikkje bedrifter og arbeidsplassar. Vidare vil eventuelle problem i trafikkavviklinga kunne forsterkast av at skole- og barnehagebarn har blitt evakuert til ulike stadar av byen, og må bli henta av føresette. Gjeven ein situasjon der dette, i tillegg til moglege ordens- problem, vil kunne utgjere ein fare for liv og helse ville det vore avgjerande med ein omfattande plan for vakthald og sikring.

Vakthald og sikring

Det vart i den kollektive redningsleiinga munnleg gjort greie for at bistandshjelp var sendt over frå poli- tiet rundt klokka 16:00. Vidare vart det opplyst om at det vart bede om alminneleg hjelp. «Når Forsvaret skal støtte politiet i fredstid med vakthald og sikring, regulerast dette i skrivande stund som handhe- vingshjelp gjennom Bistandsinstruksen i høve til nemnte instruks vil dette seie respektive alminneleg og handhevingshjelp følgjande: alminneleg hjelp: (a) hjelp med transport og anna administrativ hjelp, under dette hjelp i form av særskild teknisk kapasitet eller kompetanse som Forsvaret innehar, som ikkje direkte involverer den militære hjelpeeininga i den politioperative Oppgaveløysinga, (b) hjelp i sam- band med ulykker (under dette søk etter personar ein reknar med er omkomne), naturkatastrofar og liknande situasjonar og (c) hjelp i samband med uska- deleggjering eller fjerning av eksplosiv og liknande. Forsvaret kan, i høve til instruksen, hjelpe politiet

med handhevingshjelp i følgjande situasjonar: (a) med ettersøking og pågriping av farlege personar når det er nødvendig for å avverje nærliggjande fare for nokon sitt liv eller helse. Den militære innsatsen skal som hovudregel konsentrerast om vakthald, sikring og dekning, medan politiet bør gjere den aktive pågripinga, eller (b) ved fare for anslag av omfattande eller særleg skadevoldande karakter retta mot vesentlege samfunnsinteresser og til førebygging og bekjemping av slike, herunder kan Forsvaret mel- lom anna hjelpe politiet i samband med vakthald og sikring av objekt og infrastruktur.

Når ein ser på distinksjonane over, framstår ein førespurnad om alminneleg hjelp som utilstrekkeleg. Det kan stillast spørsmål ved om det burde blitt bede om handhevingshjelp, og ved om denne situasjonen i det heile teke fell inn under kriterier som blir spesi- fiserte i instruksen. Dermed opnast også høvet for at Forsvaret ikkje ville kunne hjelpe. I så fall er det eit ope spørsmål kva ressursar som skulle ivare- teke vakthald og sikring av eit så stort område. Om anmodinga ville blitt etterkome er det også eit behov for å fylle tidsrommet det ville teke for å mobilisere forsvarsressursane. Heimevernet opplyste i kollektiv redningsleiing om at det ville kunne ta 4-6 timar frå ein «bles i luren» til mannska er på gata. Det vart snakka om at det er nødvendig å planleggje for eit langvarig behov for innsats, men det framstår noko uklårt om nokon hadde ei løysing på denne utfor- dringa, og kven som ville ta ansvaret for dette når redningsoperasjonen var over.

Ansvar og styresmakt

Eit svært relevant spørsmål er kven som er ansvarleg for utfordringane relaterte til evakuering som ikkje umiddel- bart dreiar seg om liv eller helse. Den kol- lektive rednings- leiinga og politiet var veldig tydeleg på at problemstillingar som gjekk utover den akutte fare for liv og helse ikkje låg på deira bord. Det er viktig å ta inn over seg konsekvens- ane av å evaku- ere fleire titalls tusen menneske, og ha eit heilt klårt tilhøve til kven som er ansvarleg for utfordring-ane relaterte til evakuering som ikkje straks dreiar seg om liv eller helse. Den kollektive redningsleiinga og politiet var veldig tydelege på at problemstillingar som gjekk utover den akutte fare for liv og helse ikkje låg på deira bord. Det er viktig å ta inn over seg konsekvensane av å evakuere fleire titals tusen menneske, og ha eit heilt klart tilhøve til kven som har ansvar for kva. I HarbourEx15 vart det øvd i høve

til heilt ferske planar for evakuering og EPS. Det er krevjande, men gjev også eit gyllent høve til å oppdage svake sider og forbedringspotensialet i eit planverk som enno ikkje har blitt innarbeidd i dei respektive organisasjonar. Det er avgjerande å vere tydeleg på kven som hjelper kven, og kven som til eikvar tid har leiinga av handteringa. Kven skal bestemme kva, og på kva grunnlag? Politiet må ta avgjerder der og då på det avgjerdsgrunnlaget som ligg føre, og det er viktig å vere i forkant av utviklinga. Men for å greie det er det også viktig at andre aktørar er kjende med sitt eige ansvar, og veit kva som er forventa av handlingar når ei slik beslutning takast.

3.3 Å EFFEKTIVT DEMME OPP FOR, OG MINIMALISERE SKADANE AV AKUTT FORUREINING

Scenario 3; grunnstøyting, Search and Rescue (SAR) og oljevernaksjon utspelte seg dagen etter eksplosjonen/brannen på Sjursøya. Dette var definert som eit akuttforureiningsscenario, inkludert eit rednings-element for kjemikalie-RITS. I tillegg var det eit mål å få testa overgangen mellom ein redningsaksjon og ein miljøaksjon, samt at politiet som ein del av øving LIV ønskte å trene etterforskning av ei grunnstøyting.

Sentrale deltakarar i dette scenarioet var:

HRS Sør-Noreg, OBRE, IUA Indre Oslofjord, Oslo hamn (under dette også Oslo sjøtrafikksentral – VTS), Politiet, Kystvakta og Kystverket.

Søk- og redningsressursar bestod av; Vekteren (Politibåt), Redningen (OBRE) mRITSkjemikalieg, RS 152 (Bergesen d.y.), 330 Skvadron – Sea King Rygge, Politiet – Heli 30, og Kystvakta – KV Nornen.

Andre ressursar; Brannbåten Asker & Bærum, Hauk (Oslo hamn), Pelikan (Oslo hamn), MS Prinsen (simulert havarist frå reiarlaget Norled), 3 stk fartøy i kystnær beredskap (Ingeborg Platou, Sjøglimt og



Foto: Espen Reite/Kystverket

Lillegutt) frå Kystverket, arbeidsbåtar frå Kystverket og IUA Indre Oslofjord, samt depotmannskap, oljevernmateriell og innsatspersonell frå Kystverket og IUA Indre Oslofjord.

3.3.1 SCENARIOET – GRUNNSTØYTING OG AKUTT FORUREINING

MS Prinsen fekk eit hasteoppdrag, utanom ruteprogrammet sitt, med å frakte 25 liter 96 % Svovelsyre, frå Aker Brygge til Sjursøya. Det var åtte personar ombord. Undervegs vart skipsføraren forstyrra og grunnstøytte i posisjon 59.53,17 N 010 43,58E, idet skipet passerte Gressholmen (Nordre brygge – sjå skisse). Det oppstod ein lekkasje, og skipet tok inn mykje vatn. Skipet fekk hol i tank nr. 3 og sleppte ut ca. 10–12 m³ bunkersolje.

Kapteinen valde å strandsetje ferja MS Prinsen i Skinnerbukta på Malmøya. Skipet vart simulert køyrd opp på strand for å unngå at skipet sakk. Grunnstøytinga medførte at ei kanne med svovelsyre kantra, og lokket på kanna losna. Svovelsyra

reagerte med vatn frå lekkasjen og produserte gass. Maskinsjefen Chief og assistenten hans var i tilstøytande område der gassen oppstod og vart sette ut av spel. Kapteinen fekk ikkje kontakt med Chief, og sendte difor to matrosar ned i maskinrommet for å sjekke tilhøva. Desse to vart også påverka av gassen, og greidde ikkje rapportere tilbake til kapteinen.



Kartet viser kvar grunnstøytinga skjedde.

Ansvarstilhøve

MS Prinsen v/Kaptein, «eig» hendinga, og kapteinen har ansvar for skipet sin eigen tryggleik for alle typar akutte nød- og beredskaphendingar der dette skipet er involvert. Kystradio (Telenor Maritim radio, under dette Tjøme radio) har lyttevakt, og som samfunnsoppgåve etter oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet, ansvar for sambandsavvikling med fartøy i nød på vegner av den offentlege redningstenesta.

Den offentlege redningstenesta v/Hovedredningsentralen (HRS/JRCC) har det overordna ansvaret for koordinering av alle søks- og redningsaksjonar på sjø, innan heile den norske søk- og redningsregionen.

OSC – (On-scene Coordinator) er Hovedredningsentralen sin forlenga arm og representant på skadestaden. Ein «OSC» – kan berre peikast ut av Hovedredningsentralen. KV Nornen vart i denne øvinga peikt ut som OSC for HRS. Dette fordi dei hadde den beste arbeidsplattforma, og flest øva personell til å handtere dei oppgåvene som HRS

vil påleggje OSC undervegs i ei reell hending. Alle einingar på ein stadestad som ønskjer å hjelpe i redningsarbeidet, skal melde seg til og forhalde seg til instruksjonar gjevne av OSC.

OBRE er eitt av to brannvesen i Noreg som har spesiell kompetanse og materiell for redningsinnsetts på skip i eit kjemikalieføreina miljø. OBRE sitt RITSkjemikalieteam vart under øvinga kalla ut av HRS for å lokalisere og berge sakna om bord i havaristen. Desse vart sette om bord i havaristen frå OBRE sitt fartøy Redningen.

Oslo hamn VTS (sjøtrafikksentral) hadde på øvingstidspunktet ansvar for dirigering av sjøtrafikken i Oslo Hamn sitt ansvarsområde. Oslo hamn har også beredskap i form av støtte til IUA i ein oljevernaksjon, og hjelpte med fartøyressursar og oljelensemateriell.

Oslo kommune (kommunane i Noreg) har etter forureiningslova beredskaps- og aksjonsplikt ved hendingar med akutt forureining. Eit interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA) ivaretek den kommunale beredskaps- og aksjonsplikta på vegner av fleire kommunar i ein region. IUA Indre Oslofjord hadde under øvinga aksjonsansvaret mot akutt forureining.

Kystverket er nasjonal forureiningsstyresmakt ved hendingar med akutt forureining. Kystverket sin beredskapsorganisasjon førte under øvinga tilsyn med hendinga, samt hjelpte IUA med statlege oljevernressursar (fartøy, materiell og personell).

Politiet etterforska i denne øvinga hendinga parallelt med oljevernaksjonen.

Skildring av varslings og rapportering

Trafikksentralen Oslo Hamn fekk varsel frå ferja MS Prinsen om grunnstøyting 29.4 kl. 09:16. Det vart rapportert at ferja segla vidare og tok inn vatn. Kapteinen meldte at skipet var byrja å krengeje og at han ønskte å setje det på grunn.

Trafikksentralen Oslo Hamn varsla vidare om grunnstøytinga etter eiga prosedyre/varslingsliste. Mayday vart stadfesta sendt frå havarist og motteke av Trafikksentralen Oslo Hamn og andre (rednings-skøyte med fleire).

ANALYSE OG VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Kapteinen på Prinsen gjorde greie for posisjon, talet på mannskap og passasjerar. Maskinsjefen om bord var sakna, og det vart etter kort tid også klart at det var fleire av mannskapet som var sakna.

Trafikksentralen Oslo Hamn fekk på spørsmål om last opplyst at den bestod av tungolje og nokre dunkar med svovelsyre. Kvantum av tungolje og syre vart berekna av kapteinen. Det var deretter løpande kontakt mellom havarist og Trafikksentralen Oslo Hamn om status for skip og mannskap. Samtidig vart det etablert kommunikasjon mellom havarist, Trafikksentralen Oslo Hamn, redningsskøyte og politibåt.

Ca. 10 minutt etter grunnstøytinga gav kapteinen melding om at han sette Prinsen på grunn på oppgjeven stad for å berge skipet. Oslo Hamn sette straks kriseleining. OBRE sette stab kl. 10:15. OBRE lytta på radio og loggførte fortløpande. Leiar operasjon var i dialog med Kystverket, Oslo hamn, 110 med fleire. Arbeidsdeling mellom 110, RITS-kjemikalieteam og IUA vart avklart. Kl. 10:25 vart IUA-stab formelt sett. RITS-kjemikalieteam vart verande ved 110.

Kl. 09:26 sendte Tjøme radio (Telenor maritim radio) ut melding til skips- og båttrafikken om grunnstøyting. Kapteinen på Prinsen kommuniserte med

Tjøme radio om status for skadde, søk etter sakna og tilstanden på skipet. Etter dette bad Tjøme radio om at HRS vart varsla, og Trafikksentralen Oslo Hamn iverksette varsling av HRS. HRS peikte like etter ut kystvaktskipet Nornen til å vere «On Scene Coordinator» (OSC), og det vart etablert kontakt mellom KV Nornen og kapteinen på Prinsen. Oljevernartøy frå Oslo Hamn og OBRE var då også framme ved havaristen. Kapteinen informerte om mogleg syrelekkasje og gassfare.

Samtidig stadfesta Trafikksentralen Oslo Hamn overfor eigen kriseleing at alle aktørar var varsla i høve til prosedyre. Kystverket vart varsla av Trafikksentralen Oslo Hamn kl. 09:48. Trafikksentralen Oslo Hamn fekk informasjon frå kriseleinga om at alle tilsette ved Oslo Hamn og på Sjursøya var varsla. Ein person frå Oslo Hamn var på skadestaden og vart brukt som liaison.

Kystverket mottok første varsel frå HRS kl. 09:44. Kystverket mobiliserte eige overvåkingsfly LN-KYV kl. 10:00 (kun simulert). Intern vidarevarsling, samt varsel til Samferdsledepartementet var utført innan kl. 10:12. Vidare oppfølging og koordinering mot respektive Fylkesmannen i Oslo og Akershus, IUA Indre Oslofjord, reiarlaget Norled



Foto: Espen Reite/Kystverket

(ansvarleg forureinar) og HRS. Koordinering mot KV Nornen med tanke på å bruke dette fartøyet vidare i oljevernaksjone etter at liv/helse-situasjonen er avklart. IUA Indre Oslofjord bed Kystverket om hjelp av fartøy og depotmannskap kl. 10:11.

Kl. 09:54 fekk Trafikksentralen Oslo Hamn meldingar om at redningsskøyta hadde starta overflatesøk etter sakna personar. I10-sentralen melde at det var etablert mottakssenter for ambulanse og helikopter. Det vart rapportert til Trafikksentralen Oslo Hamn om at redningshelikopter (frå Rygge) hadde meldt seg for OSC. Like etter informerte Trafikksentralen Oslo Hamn Kystverket om at oljevernuttstyr var sendt ut og kva ressursar som var på plass ved havaristen. Røykdykkarar var på veg inn i havaristen kl. 10:06. OSC (KV Nornen) rapporterte kl. 11:03 til Kystverket at fartøya frå Oslo Hamn (Pelikan og Hauk) låg klare ved havaristen med oljelenser. Låg standby med lenser til evakuering av skadde var fullført.

Kystverket mottok kl 11:20 melding frå HRS om at deira rolle i aksjonen var avslutta. Sakna personell på fartøyet Prinsen var lokalisert og evakuert til land. Frå dette tidspunktet er aksjonen å rekne som ein oljevernaksjon. Kl. 11:33 avklarar Kystverket med KV Nornen at dei kan yte hjelp til IUA Indre Oslofjord i oljevernaksjonen leia av IUA. Oljevernaksjonen vart avslutta frå øvingsleinga kl. 15:15.

3.3.2 VURDERINGAR OG KONSEKVENSAAR

Trafikksentralen Oslo Hamn fekk raskt varsel om grunnstøytinga frå havaristen, og formidla varselet vidare etter fastlagd prosedyre. Trafikksentralen Oslo Hamn og HRS/Nornen fekk raskt oversikt over situasjonen og sette inn ressursar både for redning/søk etter sakna (SAR) og oljevernaksjonen.

Som skildra tidlegare hadde Kystverket relativt tidleg kontakta reiarlaget. Dette er naturleg, gjeve forureiningsstyresmakta (Kystverket) si oppfølging av og tilsyn med ansvarleg forureinsar (reiarlaget). På generell basis er Kystverket sin kontakt med reiarlag likevel avgrensa til hendingar der det er akutt forureining eller fare for akutt forureining. Andre naturlege kontaktpunkt inn mot reiarlaget i tilsvarende hendingar kan vere kapteinen på aktuelt fartøy (varslar eige reiarlag, og dette vart raskt utført i denne øvinga) og Sjøfartsdirektoratet.

Trafikksentralen Oslo Hamn fekk løpande situasjonsrapportering frå kapteinen på havarist, HRS/Nornen og innsatsleiar for oljevernaksjon (OBRE). Sambandet mellom aktørane var også i all hovudsak ope slik at Trafikksentralen Oslo Hamn kunne følgje med på kva som skjedde. Trafikksentralen Oslo Hamn og innsatsleiar for oljevernaksjonen (OBRE) fekk informasjon om type last og mengder slik at dei kunne setje i verk tiltak for oljevern. OBRE hadde ikkje nokon oljevernaksjon så lenge det pågjekk ein redningsaksjon. Skipsførar på Redningen hadde kontakt opp mot Fagleiar brann som var i ILKO, etablert på Kneppeskjærsutstikkeren.

Trafikksentralen Oslo Hamn fekk rapportering som vart formidla vidare til kriseleinga. Ein liaison frå kriseleinga satt også i lokala til Trafikksentralen Oslo Hamn under store delar av hendinga. I tillegg til sjølve rapporteringa vart mykje informasjon og vurderingar delt mellom aktørane fortlopande på sambandet. Dette gjaldt både under SAR-aksjonen og oljevernaksjonen.

Varsling om grunnstøyting og lekkasje av olje og kjemikalie skjedde frå havarist til Trafikksentralen (VTS) Oslo Hamn. Etter dialog med Tjøme radio varsla Trafikksentralen Oslo Hamn Hovudredningssentralen og SAR-aksjon vart sett i gang. Som ein del av SAR-aksjonen var det også RITSkjemikaliemannskap (RedningsInnsats Til Sjos) frå OBRE i aksjon for kjemikaliedykking og søk etter sakna personar, og ev. sikring av farlege kjemikalie (syre).

Samstundes førebudde Oslo Hamn og IUA Indre Oslofjord oljevernaksjon for å vere klare til innsats når SAR-aksjon er avslutta. Då SAR-aksjonen vart avslutta vart ansvar overført til innsatsleiar for oljevernaksjonen (IUA Indre Oslofjord). Undervegs var det også dialog mellom politiet, OSC, kaptein og Trafikksentralen (VTS) Oslo Hamn om handtering av død person og tilgang til havaristen for politiet si etterforskning. Rednings- og oljevernressursar hadde dialog på samband gjennom heile aksjonen.

Det var tydelege og ryddige overgangar i aksjonen; når HRS tok kontroll, når kystvaktskipet Nornen vart utnemnt til OSC, kven som hadde kva slags oppgåver i SAR-aksjonen og overgangen til oljevernaksjon. Overgangane vart likevel ikkje testa godt nok. Øvingsteknisk vart det bestemt kva tid

overgangen skulle skje. Erfaring frå SKL sjø er at han fekk for mange tekniske oppgåver til å leie aksjonen godt. Redningen er ikkje eit optimalt fartøy for SKL sjø. Det bør evaluerast om andre fartøy (til dømes Nornen) burde hatt rolla som SKL sjø. Inntrykket er at dette var aktørar som var vande med å samhandle, og hadde god kjennskap til kvarandre sine oppgåver, ressursar og prosedyrar.

Personellet ved Trafikksentralen Oslo Hamn måtte oppretthalde normal drift i tillegg til å handtere øvinga. Slik ville det også vere i ei reell hending. Det er mogleg at Trafikksentralen Oslo Hamn ville fått endå meir å gjere i ei reell hending sidan dei då også måtte stoppe eller omdirigere trafikken i hamna. Evalueringsteamet vil særleg peike på betydninga av presis bruk av terminologi og namn for riktig situasjonsforståing og oversikt. Til dømes vart omgrepa tank og sisterne ein periode brukt om kvarandre i rapporteringa frå nødetatane, men dette betydde to ulike anlegg på ulike lokasjonar. Presist namn på kjemikalia i øydelagd kontainar var ei anna utfordring ein kort periode.

Det er grunn til å peike på at når mange ressursar ligg klar ved havarist når øvinga startar, kan øvinga få eit kunstig preg og det kan svekke øvingsutbyttet. Likevel avdekte øvinga fleire tilhøve som krev tiltak i form av informasjonsdeling i etterkant av øvinga. Det er behov for oppfølging av kommunikasjons, rolle- og ansvarsforståing, samspel og samvirke mellom deltakande redningsetatar ved hendingar i sjø.

Det er ein vesentleg faktor for eit vellykka resultat og i denne samanhengen ei god øving, at alle deltakande ressursar på sjø/luft/land har kjennskap til og kunnskap om, si rolle og ansvarsområde, samt innehar nødvendig kjennskap til og forståing for, korleis kommunikasjon, samspel og samvirke skal føregå på ein skadestad i eit maritimt scenario. Oppdraget til redningstenesta vart løyst på ein grei måte, sjølv om måten oppdraget vart løyst på ikkje er i høve til gjeldande regelverk eller samvirkeform med tanke på leiingsstruktur og kommunikasjonslinjer.

3.3.3 UTFORDRINGAR SOM BØR TAKAST OPP TIL NÆRMARE VURDERING

Mayday

Mayday vart sendt av havarist på simulert K-16, dvs. K-72. Ein radiostasjon responderte straks på kall, utan å identifisere seg eller handtere Mayday på riktig måte. Ein eller fleire andre radiostasjonar svarte vidare på Mayday og sa at dei var på veg for å hjelpe. Det vart såpass mykje aktivitet på K72, at det tok lang tid før Kystradio ved Tjøme radio fekk plass til å svare havarist og styre sambandstrafikken.

Radiostasjonar, dvs. SAR-einingar og andre operatørar med maritimt radiosamband, er forventna å følgje gjeldande regelverk, og dette er særleg viktig i samband med øvingsaktivitet. Dette fordi ei øving er riktig tid/stad for å øve på det som skal gjerast riktig, i reelle hendingar. Når Mayday blir sendt ut frå skip i nød, er det nærmaste kystradio som etablerer kontakt med havaristen. SAR ressursar / fartøy eller andre radiostasjonar som meiner dei kan hjelpe i akuttfasen ved ei hending, melder seg til disposisjon for kystradioen. Kystradio vidareformidlar motteken informasjon til Hovudredningssentralen, som lei- og koordinerer den hjelpa som blir gjeven til havaristen.

SAR Kommunikasjon – Sambandsdisiplin

Fleire av einingane (SRU) på skadestaden tok direkte kontakt med havaristen og prata med andre einingar (SRU) på skadestaden. Til tider var det så tett trafikk på sambandet at kystradio måtte be om radiodisiplin.

Når kystradio har etablert kontakt med havarist, vil kystradio hente inn nødvendig informasjon frå havarist. Alle som lyttar på K-16, vil kunne få med seg denne informasjonen. Motteken informasjon vidareformidlast frå kystradio til Hovudredningssentralen (HRS) og HRS vil i samarbeid med kystradio avklare kva slags ressursar som skal assistere havaristen, og på kva måte. Kystradio skal styre kommunikasjonen på maritimt samband. Når eigna ressurs er peika ut som OSC av HRS og denne ressursen kjem fram til skadestaden, kan OSC gjevast høve til å ta over det direkte sambandet med havaristen. Andre einingar skal forhalde seg via samband og etter gjevne instruksjonar av OSC, når kystradio informerer om kva fartøy som er peika ut av HRS til å vere dette. Alle einingar skal følgje streng sambandsdisiplin under utviklinga av scenariet.

Lytteplikt på Kanal 16 (K72) – Bruk av nødnett parallelt med maritime VHF kanalar

I lange periodar prøvde OSC å kalle på fleire av ressursane som deltok i hendinga. Det tok opp til 15 minutt frå anrop vart starta til svar vart gjeve. KV Nornen måtte sende lettbatane sine fram til ein eller fleire av ressursane, og banke på ruta og be dei lytte på samband. Det var tydeleg at desse ressursane var opptekne i anna samband (Les: Nødnett), og informerte eigen etat om status for eigen innsats i scenariet.

Det er særskild viktig at ressursar som normalt opererer i anna sambandsmedium (Nødnett), ikkje blandar dette med sambandsrutiner og regelverk i det maritime sambandsmiljøet. Det forventast at dei ressursane som opererer i det maritime miljøet har tilstrekkeleg kunnskap om, og følgjer dei reglane som gjeld for maritimt samband. Alle båtar som har radiokonsesjon til maritim radio har lytteplikt. Dette følgjer av konsesjonen som er gjeven. Det vil sjølv sagt vere ei særskild forventning om, at dei ressursane som stillar seg til disposisjon for den offentlege redningstenesta, og som deltek i søk- og redningsoperasjonar både følgjer den sambandsprosedyra som gjeld for maritimt samband, og samtidig lyttar til dei instruksjonar som blir gjevne. På generelt grunnlag er lytteplikta for alle båtar med VHF radio forankra i: *ITU Radio Regulation Articles – Edition 2012, ITU Chapter I: Terminology and technical characteristics og ITU Chapter VII, Section 3 – Watchkeeping*

SAR – Maritim leiingsstruktur – «Chain of command»

OSC (KV Nornen) vart til tider sett ut av korleis somme ressursar tok seg til rette på skadestaden. Rapporteringslinjene fungerte ikkje i tilstrekkeleg grad, og fleire ressursar var det ikkje mogleg å få kontakt med i lang tid på K-72. Somme ressursar tok sjølv direkte kontakt med havarist og andre ressursar på K-72, utan å avtale eigen arbeidskanal for sine interne samtalar. Ein eller fleire ressursar iverksette arbeidsinnsats dei ikkje var tildelte av OSC.

På same måte som sambandsplan indikerer kven som har kontakt med havaristen skal alle ressursar rapportere til nærmaste overordna i ei hending. Alle ressursane som stillar seg til disposisjon for å hjelpe er ein SRU (Search and Rescue Unit.) I akuttfasen gjev kystradio instruksjonar på vegner av HRS. Når OSC er på staden, gjev OSC instruksjonar til SRU.

Når ei oppgåve pågår eller er fullført, rapporterer SRU til OSC, og OSC rapporterer vidare til HRS. HRS rapporterer nødvendig informasjon vidare til politi/ helse eller andre etatar som har behov for detaljopplysningar frå hendinga for å fortsetje samvirke i hendinga. Om kvar SRU brukar lang tid på å oppdatere sin eigen etat, slik at HRS ender opp med å få informasjonen sin frå annan operasjonsentral, framføre å rapportere til OSC, er vi på feil veg for å forbetre samvirke på skadestaden. Når Hovudsentralen i Sør-Noreg (HRS) koordinerer maritime hendingar, er det HRS som skal handtere alle førespurnader frå presse-/media, om ikkje anna er nærmare avtalt. Om media tek kontakt med andre aktørar i Redningstenesta, tilvisast media til HRS sitt faste nummer for pressekontakt: tlf. 51 64 60 10.

Handtering av media ved SAR hendingar

Politiet sin mediarepresentant informerte fortløpande pressa om den Maritime hendinga. Når Hovudsentralen i Sør-Noreg (HRS) koordinerer maritime hendingar, er det HRS som skal handtere alle førespurnader frå presse-/media, om ikkje anna er nærmare avtalt.

Etablering av mottak

I kommunikasjon mellom HRS og LRS vart fleire namn nemnte som potensielle stader for mottak av evakuerte/skadde. LRS bestemte seg til slutt for ein passende stad for mottak. Tilhøyrande posisjon for staden vart ikkje oppgjeven. Det er viktig at både namn og posisjon for ønskt stad for mottak blir meddelt HRS, slik at ein ikkje sender ressursar til same stadnamn i annan posisjon.

3.3.4 ANDRE KOMMENTARAR

OBRE viser til at scenario III var ein oversiktleg skadestad. ILKO var etablert på land. Fagleiar brann hadde god kommunikasjon med utrykningsleiar ute ved havaristen. Dette gav ILKO raskt ei sams situasjonsforståing.

RITS innsatsen om bord i havaristen under scenario III fungerte svært godt. Det same kan seiast om organiseringa av CBRNe-opdraget denne dagen. Her var det eit bra organisert ILKO der ein raskt trekte til seg støttefunksjonar.

Oslo universitetssjukehus hadde også godt utbytte på skadestad. RITS-øvinga hadde mange positive element i seg. Spesielt kommunikasjon mellom OLH, FLH og lege på Sea King.

KAPITTEL

04

Kommunikasjon
med media og
befolkning

Kommunikasjon med befolkning og media ved alvorlege hendingar, kriser eller uønskte hendingar er utfordrande. Styresmaktene skal samle informasjon, skape mening og formidle i ulike kanalar. Samtidig viser erfaring frå krisehandtering at det er avgjerande for så vel den strategiske som den operative handteringa at styresmaktene er tidleg ute med informasjon til befolkninga, om korleis dei skal forhalde seg til ei hending. Å nå ut med tilstrekkeleg informasjon i tide er naturleg nok den mest krevjande i den tidlege fasen, men også i seinare fasar om situasjonen er uoversiktleg og beslutningsgrunnlaget er tynt, og dersom konsekvensar av tiltak blir store. Mange krisar påverkar dessutan fleire verksemdar og sektorar, og samordning av informasjon mellom råka styresmakter blir nødvendig. Styresmaktene må difor ha rutinar som tilretteleggjar for at dei under hendingar effektivt kan kommunisere samordna, heilskapleg, konkret og kontinuerleg med befolkninga og media.

4.3.1 DATAKJELDER FOR EVALUERING AV KOMMUNIKASJON

Evalueringa av styresmaktene sin kommunikasjon med media og befolkninga under HarbourEx15 baserer seg på fleire typar datakjelder. Informasjon etatane og verksemdene publiserte på dei ulike flatene under øvinga er analysert. Det er henta ut kommentarar som spelstaben i media- og publikumsspelet noterte i Exonaut, og det er samla inn tilbakemeldingar frå observatørar som var til stades hos utvalde verksemdar under øvinga. DSB engasjerte også medieelevar til å følgje med på øvingsweben under øvinga. Mest vekt er lagt på etatane sine egne evalueringsrapportar. Siste punkt i desse rapportane

handla om korleis kommunikasjonshandteringa i eigen etat og korleis samarbeidet med andre etatar om dette fungerte. Evalueringa konsentrerer seg om øvinga sin første dag. Dette fordi informasjonsbehovet og – utfordringane var mest krevjande i dette tidsrommet.

4.3.2 ØVINGSVERKTØY

Det meste av kommunikasjonen frå styresmakter og verksemdar til publikum og media føregjekk på ein webportal for øvingar som DSB lånte av søsterorganisasjonen sin i Sverige, Myndigheten för samhällsskydd och beredskap (MSB). Webportalen utgjorde dei øva sitt internett og besto av styresmaktene sine heimesider, presse med nettavispubliseringar og TV-overføringar, samt Facebook-simulatoren Xbook. Xbook er ikkje identisk med Facebook, og difor kan det vere øvingstekniske tilhøve som påverka styresmaktene sin bruk av kanalen, men informasjon om slike tilfelle er ikkje motteke.

For å øve på bruk av Twitter vart det oppretta kontoar på Twitter.com for styresmakter, mediekanalar og «befolkninga». Innstillingane på kvar konto vart sett til at berre «følgjarar» kan lese twittermeldingane. Deretter vart det sikra at berre deltakarane i øvinga følgde kvarandre. I praksis fungerte dette som ei lukka twittergruppe. Det vart for webportalen og Twitter også oppretta lesarkontoar for deltakarar i øvinga som ikkje skulle ha tilgang til publisering. Kontaktinformasjon til deltakande verksemdar og styresmakter sine kommunikasjonsavdelingar og til pressa vart sendt ut i sambandskatalogen før øvinga starta.



Koordinering

Større uønskete hendinger medfører eit stort behov for informasjon til media, råka borgarar, politikarar, samarbeidspartnarar og andre. Kommunikasjon om hendinga må vere presis, kome til rett tid, vere ærleg, einslydande og samanhengande, og skal gje mottakarane grunnlag til å agere høveleg i situasjonar dei er i. Dei overordna prinsippa for god krisehandtering; ansvar, nærleik, likskap og samvirke gjeld på lik linje for informasjon som for andre delar ved krisehandteringa. Handteringa av media og befolkninga sitt samla behov for informasjon om hendinga inngår i dette.

«Krisekommunikasjon handlar om å gje innbyggjarar rask og konkret informasjon som gjer dei i stand til å handtere ei uønska hending best mogleg. Kommunikasjonen skal synleggjere ansvarstilhøve, styresmaktskoordinering og opplyse kvar råka partar kan få ytterlegare informasjon og eventuelt hjelp og støtte. Ansvar for krisehandteringa ligg hos den verksemda som har ansvaret for fagområdet i ein normalsituasjon» (Staten sin kommunikasjonspolitik s. 18 (FAD 2009)).

Under øvinga vart det i media og dei sosiale media tidleg registrert mykje uro rundt kva ein skulle gjere om ein var i nærleiken av Sjursøya. Det var bekymringar om kor farleg røyken var og kva ein sjølv kunne gjere for å beskytte seg mot farane.

På Xbook kom informasjon om korleis publikum skulle forhalde seg til hendinga først på engelsk. Den kom nærmare kl. 10:30. Den Britiske ambassade publiserte då informasjon som svar på spørsmål retta

til deira Xbookside. Oslo kommune la også ut relevant informasjon som gjaldt gjennomføringa av evakuering av bydelane og informasjon om råka barnehagar. Men kommunen oppfattast som noko reaktiv, då dei for det meste svarte på direkte spørsmål. Det ser også ut til at befolkninga var godt fornøgde med informasjonen dei fekk frå Ruter. På Xbook markerte dei seg, saman med Statoil Fuel and Retail, som ei av dei mest proaktive verksemdene i informasjonsavdelinga.

Om nyhendesendinga klokka 11, to timar etter at ulykka skjedde, skriv ein av observatørane: «Det kjem veldig lite informasjon som gjeld personane i området rundt Sjursøya. Ingen av dei som bur der veit korleis dei skal forhalde seg til situasjonen og om det er farlege element dei må ta omsyn til. Såleis veit dei heller ikkje om det kan bli nødvendig å evakuere området. Korleis blir skole, barnehagar og trafikk påverka? Dette veit vi framleis ikkje noko om. Om ein er beden om å evakuere – veit folk kva dei skal gjere? Korleis kjem ein seg ut av byen? Er det farleg å puste inn lufta? Skal eg hente barnet mitt på skolen med ein gong?» Klokka 11:30 vart ein viktig bodskap formidla frå politiet via nyhendesendingane. Dei oppfordra folk til å halde seg innandørs og lukke vindauge.

Også første publikumsrelevante melding på Twitter kom rundt klokka 11. Meldingane kom frå Oslo kommune og Oslo politidistrikt: «Ulykka på Sjursøya: Politiet bed publikum halde seg innandørs».

Dei koordinerte meldingane kom først ved 14-tida. Nokre døme er Oslo brann- og redningsetat som formidla dei ulike bydelane sine telefonnummer for assistert evakuering. Helsedirektoratet var noko



Småbarnsmor



ØVELSE-ØVELSE-ØVELSE Jeg prøver fortsatt å komme meg tilbake til barnehagen og hente barna. Vil ha dem lengst mulig bort fra Sjursøya. Kan det smelle igjen? Jeg er kjemperedd.

2015-04-28 09:38:26

tidlegare ute og la mellom anna ut melding om politiet sitt pårørandesenter, om at ein ikkje måtte køyre inn i sentrum og at alle i Oslo må lukke vindauga.

Styresmaktene som var først ute med informasjon har noko til felles: Dei sit med informasjon innan eige avgrensa ansvarsområde. At dei ikkje er like avhengige av å koordinere denne informasjonen med andre etatar, kan forklare noko av årsaka til korleis dei kommuniserer først. Vi ser difor teikn til at koordinering av informasjon er utfordrande, og at mangelen på effektivt samvirke forseinkar kommunikasjonen. Ein etat konstaterer: «I denne, som i dei fleste andre kriser, er vi avhengige av andre for å kunne kommunisere godt!»

Sjølv om samvirket for nokon fungerte tilfredsstillande, skildrar fleire etatar at dei hadde problem med å koordinere bodskapa sine. Dette hindra dei i å gå tidleg ut med informasjon som, om gjeven i tide, kunne sett befolkninga i betre stand til å agere høveleg. Det er fleire årsaker til at koordineringa ikkje fungerte. Fleire etatar opplyser at dei ikkje fekk kontakt med andre etatar sine kommunikasjonsavdelingar:

«Ruter forsøkte å koordinere bodskap med politiet sin kommunikasjonsstab, men fekk ikkje kontakt»/«Vi forsøkte å oppnå kontakt med andre aktørar innimellom, men liten respons»/«Samarbeid med Folkehelseinstituttet,

Helsedirektoratet og andre føretak fungerte ikkje så bra»/«Samarbeidet om bodskap med andre involverte verkemder fungerte dårleg under øvinga grunna manglande kommunikasjon med Oslo kommune og politiet.»/«Vi gjorde fleire forsøk med å vere proaktive med sjølv å innhente informasjon, men dette viste seg å vere vanskeleg»

I evalueringsrapportane blir fleire moglege forklaringar nemnt til at koordineringa ikkje fungerte optimalt. Nokre styresmakter skriv at dei hadde liaison, men at ein på grunn av misforståingar og utydelege ting ikkje fekk utnytta denne ressursen. Andre fortel at dei sat på informasjon andre kunne hatt nytte av, men at det viste seg vanskeleg å få delt informasjonen, og at relevante etatar heller ikkje etterspurde slik informasjon. Årsaka til dette, seier aktørane, ser ut til å vere manglande forståing for kva relevant informasjon andre etatar kan ha.

Resultatet blir at publikum ikkje får den informasjonen dei treng for å agere høveleg. Ein av observatørane som følgde med på informasjon på øvingsweben skriv: «Felles for kommunikasjonskanalane er at det kjem veldig lite informasjon om krisa. Det kjem berre informasjon som ikkje er nødvendig. Vi får vite kor mange som er skadde, kva slags beredskapsressursar som er sette inn, men det er ikkje tilstrekkeleg informasjon om korleis ein skal forhalde seg til situasjonen om ein er i området rundt.»



Konsekvensane av at informasjon kjem for seint, eller ikkje inneheld nok relevant informasjon, kan vere avgjerande for kor krevjande den operative oppgåva blir. Under øvinga gjorde Oslo kommune ei faktisk «teljing» av alle telefonar som var i evakueringsområdet. Dei henta ut ei oversikt over talet på mobiltelefonar som var tilknytte basestasjonane til Netcom og Telenor i det aktuelle området. Dette gav ein indikasjon på folketal og tettheit. Dei talde 23 737 telefonar. Om befolkninga startar evakuering utan tilstrekkeleg informasjon om kva tid, kvar og korleis, kan situasjonen bli kaotisk. Tidleg og relevant informasjon frå styresmaktene kan bidra til å redde liv og helse, om informasjonen set befolkninga i stand til å handtere og agere høveleg i høve til situasjonen dei er i.

4.3.3 ROLLER

På skadestaden sette nødetatane inn store ressursar for å få kontroll over å sløkkje brannen. Her er arbeidet operativt og innsatsen for å redde liv, helse og miljø, og avgrense skadeverknadene er i fokus. Politiet har ansvaret for at informasjonen om situasjonen på innsatsstaden blir formidla til befolkninga og media. Det kan sjå ut som at politiet under øvinga konsentrerte seg om informasjonen til menneske som opphaldt seg i nærleik av ulykkesstaden, medan også befolkninga som var langt utanfor dette området uttrykte uroing. Dette var folk som kunne sjå røyken, hadde pårørande som opphaldt seg i nærleiken av ulykka, las om den dramatiske hendinga i media, var feilinformerte eller av andre grunnar var engstelege.

Spesielt i hendingar som har likskapstrekk med scenario ein og to under øvinga, farleg røyk i tettbygde strom og evakuering av store område, er det viktig med god, rask og påliteleg informasjon også om korleis folk i kringliggjande område skal forhalde seg til situasjonen. Dette kan hjelpe til å minske skadar på liv og helse.

4.3.4 SAMORDNING

Dei fleste styresmaktene bad under øvinga befolkninga om å følgje opplysningar frå politiet, og oppmoda publikum om å følgje med på politiet sin twitterkonto, styresmaktsside og i media. Dette viser at styresmaktene er medvitne om ansvarstilhøva i handtering av ei hending. Men det er ei utfordring når befolkninga ønskjer informasjon om situasjonen og rettar spørsmål til feil styresmakt i annan kanal

enn den som styresmaktene brukar i sin kommunikasjon. Fleire styresmakter vart til dømes utfordra på å svare på spørsmål om korleis ein som innbyggjar skulle forhalde seg til røyken. Skulle ein lukke vindauga? Evakuere? Hente barn i barnehagen? Oppsøkje lege?

Det blir identifisert ulik praksis hos styresmaktene på å løyse denne utfordringa under øvinga. Medan fleirtalet berre tilviste befolkninga til andre styresmakter og deira kommunikasjonskanalar, gav andre den informasjonen befolkninga trong basert på ansvarleg styresmakt sin allereie publiserte informasjon, samtidig som dei tilviste til rette styresmakt og kanal. Dette vurderast som høveleg. Utfordringa blir forsterka av at politietaten har gjort eit differensiert val av kanalar for publisering av informasjonen sin. «I dette tilfellet var særleg politiet sin bruk av Twitter ryddig, medan publikum i hovudsak på Xbook», skriv ein etat. Kan det vere at dei styresmaktene som ikkje svarar på spørsmåla, men berre tilviser befolkninga til andre etatar, gjer dette fordi det ikkje er avklart med politiet, eller andre, kva slags informasjon som kan vidareformidlast?

Eit døme på denne problemstillinga, der ein person vendte seg til «feil» etat, tida var kritisk og politiet eigde informasjonen, er henta frå ein av evalueringsrapportane: «Det er også grunn til å reflektere rundt at vi ikkje kunne svare på førespurnad om trafikksituasjonen, men måtte vise til politiet (...). På Twitter vart det ein case om kva ein skal gjere om ein må evakuere bilen ein sit i. Dette var ein førespurnad som høyrde heime hos nødetatane. Det var krevjande og uvant å handtere for oss fordi dei ber preg av ein situasjon som er kritisk i høve til liv og helse».

Problemstillinga blir forsterka av at talet på styresmakter med underliggjande etatar i Noreg gjer det komplisert for befolkninga å vite til kva slags sektor, etat, til kva nivå, og i kva slags kanal spørsmål og uroingar bør rettast. Observatørar som følgde med på øvingsweben peikar på at det var vanskeleg å forhalde seg til alle dei ulike etatane. «Folk lurar på KVEN som eigentleg har ansvaret og kven ein skal forhalde seg til». Ei av styresmaktene skriv at «Informasjonen som vart publisert frå ulike aktørar var til tider utydeleg og divergerande. Bydelane opplevde difor at dei delvis ikkje våga å handle på grunn av uklår situasjonsforståing, og difor er det nærliggjande å tru at dette også vil gjelde for publikum.»

For å sikre at viktig informasjon når flest mogleg bør ansvarlege styesmakter; politi og helsestyresmakter ha tett dialog og spreie sine koordinerte budskap til alle involverte styresmakter. Ei av styresmaktene peikar i evalueringa si på behovet for å ha gode førehandsavtalar med andre etatar for å sikre koordinerte budskap.

Politiet forklarar at dei i den akutte fasen har stor pågang. Oslo politidistrikt avsette eigne ressursar til å kontakte samarbeidande aktørar for å koordinere kommunikasjon. Dei ser likevel eit behov for at styresmaktene ser nærmare på korleis ulike aktørar skal kunne nå kvarandre i den mest hektiske fasen.

[Kriseinfo.no](http://kriseinfo.no) deltok ikkje under øvinga, men kunne truleg hjelpt til å spreie informasjon effektivt. Dei er til stades på eiga nettside og på Twitter og Facebook, og har førehandsgodkjende avtalar med dei mest relevante styresmaktene. Det er likevel viktig å understreke at kriseinfo.no lenkjer til allereie publisert informasjon, og at ansvaret for å informere ligg hos kvar enkelt etat.

4.3.5 OPPSUMMERING

Hovudkonklusjonen i evalueringa av styresmaktene si handtering av kommunikasjon med media og folk er at styresmaktene burde vore tidlegare ute med publikumsrelevant informasjon om hendinga.

Informasjon til befolkninga om korleis dei skulle forhalde seg til røykskya, om ho var farleg, korleis folk skulle evakuere og til kvar, kom for seint. Ein etat skriv i evalueringsrapporten sin: «Vi burde vore endå betre på å få avgjerder om førebyggjande budskap ut til befolkninga – for å førebu seg på mogleg evakuering.» Ein annan etat skriv: «Informasjonen ut til befolkninga kom nok for seint.» Vidare skriv dei «(...) og informasjonen svarte ikkje godt nok på dei reelle spørsmåla folk hadde: - Kvar er det farleg? – Kven skal evakuerast? – Kva gjer desse stoffa med oss?» Ytterlegare ein etat skriv «(...) det er avdekt forbetningspunkt i høve til å få informasjon raskt ut til publikum og samarbeidspartnarar.»

Styresmaktene bør sjå på korleis dei kan styrke kommunikasjonslinjene mellom kommunikasjonsavdelingane. Det blir vidare tilrådd at styresmaktene utarbeidar rutinar og avtalar som sikrar effektiv kommunikasjon mellom styresmaktene i hendingar, slik at dei er betre førebu på å koordinere og samordne budskapa sine.

KAPITTEL

05

Internasjonal
bistand og Host
Nation Support
(HNS)



Føremålet med Host Nation Support under øvinga var å øve mottak av internasjonal bistand under ei stor hending. I land med sterke krisehandteringsstrukturar, slik som Noreg, vil all innsats, også internasjonal assistanse, koordinerast av den aktuelle styresmakt og/eller etat i landet. Hendingar som er av ein slik storleik at internasjonal bistand blir nødvendig er sjeldne, og difor var det eit øvingsmål i HarbourEx15 at mottak av internasjonale bistandsressursar skulle øvast. Austerrikske og svenske brannmannskap deltok i øvinga. Host Nation Support, eller vertsnasjonsstøtte på norsk, rommar dei strukturar som tok imot og inkluderte dei utanlandske mannskapa i handteringa av hendinga på Sjursøya.

Bakgrunnen for at mottak av internasjonal bistand vart øva i HarbourEx15 er at Noreg deltek i EU sin samordningsmekanisme for sivil beredskap, eit system som gjer det mogleg for europeiske land å be om bistandsressursar frå andre europeiske land om situasjonen skulle krevje det. I øvinga HarbourEx15 var det eit overordna øvingsmål at denne mekanismen skulle øvast i alle ledd. Forvaltninga av mekanismen er underlagd Justis- og beredskapsdepartementet (JD), og det operative ansvaret for ordninga ligg i Internasjonal eining i DSB. For å øve bruk av mekanismen frå norsk side vart det i forkant av øvinga gjort ei table top-øving, der Internasjonal eining på vegner av JD og Oslo brann- og redningsetat (OBRE) sendte ut ein førespurnad om hjelp gjennom mekanismens krisekommunikasjonssystem CECIS, og mottok tilbod om bistandsressursar frå ulike land. Denne table top-øvinga vart gjort i samarbeid med Kommisjonen og alle medlemslanda var inviterte til å delta.

Til øvinga på Sjursøya deltok to grupper utanlandske operative mannskap. Eit CBRN-team frå Austerrike og eit USAR-team frå Sverige (Stor-Gøteborg). Dei operative mannskapa vart møtte og hjelpte av ein liaison frå DSB samt ein representant frå OBRE.

På administrativt nivå deltok eit EU civil protection team (EUCP team). Dette teamet representerer EU og samordningsmekanismen for sivil beredskap i det råka landet. Oppgåva til teamet under HarbourEx var å setje seg inn i den pågåande situasjonen, vere i dialog med nasjonale styresmakter og informere om høve for ytterlegare bistand gjennom mekanismen

om situasjonen skulle eskalere. EUCP-teamet vart motteke og bistått av ein liaison frå DSB.

5.3.1 LÆRINGSPUNKT FOR MOTTAK AV OPERATIVE MANNSKAP

Ei målsetjing for mottak av internasjonal bistand ifølgje Rettleiar for vertsnasjonsstøtte i Noreg (2014), er at bistanden så smidig som mogleg skal kunne inkluderast i den nasjonale innsatsen. For å oppnå dette vart ein liaison frå DSB med brannfagleg bakgrunn innsett som kontaktpunkt og støttefunksjon for dei utanlandske mannskapa. Vedkomande inngår i ei gruppe norske ekspertar DSB forvaltar, utdanna gjennom EU-systemet og med variert erfaring frå internasjonal innsats under kriser og katastrofar. Liaisonen bistod ved grensepassering og mottak i base camp, og fortsette å vere ein tilgjengeleg ressurs for teama gjennom heile opphaldet i landet.

Røynsleane frå øvinga var at dei svenske mannskapa i liten grad trong bistand frå DSB sin liaison eller administrativt nivå. Det vart oppretta kontakt direkte mellom det svenske brannmannskapet og OBRE, og innsatsen og mottaket av den svenske ressursen gjekk bortimot optimalt.

Mannskapa frå Austerrike hadde med seg relativt store mengder personell, køyretøy og utstyr. Det var i forkant varsla til Tollvesenet og Hamnevesen om at mannskap var på veg, og DSB sin liaison kom til hamna i forkant og gjorde avtale om korleis passeringa skulle føregå. Grensepassering er det potensielt største hinderet eller grunn til forseinking ved innførsel av internasjonal bistand og det er difor viktig med tidleg varsling, god dialog mellom styresmaktene samt at anmodande styresmakt sender ein liaison til å bistå ved grensepasseringa.

Ein hadde derimot ikkje i tilstrekkeleg tid i forkant skaffa brikker som er obligatoriske for tunge næringskøyretøy for køyring på norske vegar for dei austerrikske køyretøya. Dette førte til at dei austerrikske køyretøya i teorien ville kunne bli pålagt bøter ved ein eventuell kontroll. Dette vart likevel løyst ved at DSB i dialog med Statens Vegvesen avklarte at DSB og ikkje det austerrikske teamet ville påleggjast dei eventuelle bøkene.

Opphald i base camp og inkludering av dei austerrikske mannskapa i handteringa av hendinga skjedde

utan store utfordringar. Tilbakemeldingane frå både svenske og austerriske mannskap i etterkant av øvinga var i stor grad positive. Øvingsteknisk er det viktig at scenarioa dimensjonert for å samsvare med talet på mannskap som skal øvast..

5.3.2 LÆRINGSPUNKT FOR MOTTAK AV EUCP-TEAM

I land med sterke krisehandteringsstrukturar er det viktig at EUCP-teamet har god forståing for eiga rolle og på kva nivå deira bidrag er til nytte. Når det råka landet sine krisehandteringsstrukturar fungerer vil eit EUCP-team vere mest til nytte på overordna/strategisk og/eller administrativt nivå. Erfaringsmessig vil denne type hendingar som HarbourEx15 handla om, i eit land som Noreg, ikkje generere deploying av eit EUCP-team. Då ein likevel var pålagde å øve eit slikt team, låg utfordringa i å balansere eit realistisk scenario og gode øvingsmoment.

Det vart i forkant av øvinga gjort gode erfaringar med å handplukke ekspertar til EUCP-teamet med riktig kompetanse og forståing for handtering av ei stor krise i eit land som Noreg. Vidare kom det fram at gode inbriefar om nasjonal struktur og HNS-system er viktig for at teamet skal kunne fungere godt. Det vart også erfart at det er nødvendig og viktig å informere nasjonale aktørar tidleg om at eit EUCP-team er på veg, kva for eit oppdrag dei har og korleis dei vil fungere, for å unngå å skape unødvendig forvirring i ein krevjande situasjon. Førehandsplanlegging av møte med sentrale aktørar fungerte godt under øvinga, og bidrog til at EUCP-teamet si rolle og oppdrag vart betre kjent hos relevante aktørar. Det er likevel ikkje sikkert at denne type møteverksemd vil la seg gjennomføre like godt i ei reell hending. EUCP-teamet var understøtta av

eit TAST-team (Technical Assistance and Support Team). Dette fungerte svært godt, og gav ein bonus-effekt med omsyn til å omsetje oppdraget i nasjonale medium.

EUCP-teamet kopla seg tidleg opp mot EU sin delegasjon til Noreg, og fekk høve til å jobbe frå delegasjonen sine kontor. Dette gav mange positive synergieffektar. Liaisonfunksjonen frå DSB fungerte godt, også her vart vedkomande henta frå gruppa av norske EU-eksperter. Det viste seg svært viktig at teamet har ein liaison som er godt kjent både med samordningsmekanismen og det nasjonale systemet, og som kan hjelpe teamet med å manøvrere gjennom landskapet. Teamet på si side må vere førebudd på at deira rolle og oppdrag er ukjent for mange nasjonale aktørar og at dei difor vil måtte bruke tid på å selje inn oppdraget sitt til relevante styresmakter. Dette kan gjerast ved at teamet tenkjer langsiktig og spelar inn framlegg til relevante kapasitetar som kan kome til nytte. Teamet må også vere tilgjengeleg som støttespelar for dei operative mannskapa som kjem gjennom mekanismen, men også her hovudsakeleg på administrativt nivå. Teamet må streve etter å vere gjennomsiktleg i arbeidet sitt og rapportane sine samt jobbe for å tydeleggjere overfor medlemsland at internasjonal assistanse er fornuftig og vel brukte middel. Det kan vere vanskeleg for eit EU-team å tilpasse seg ein nasjonal krisehandteringsstruktur, og ein kan gå ut frå at det vil vere endå vanskelegare under ei reell hending enn under ei øving. Det er difor viktig at teamet blir understøtta av ein liaison som kontinuerleg er i nær dialog med vaktfunksjonen i Internasjonal eining i DSB. På den måten kan EUCP-teamet byggje bru mellom samordningsmekanismen og Den europeiske kommisjonen på den eine sida, og det råka landet sin nasjonale krisehandteringsstruktur og -aktørar på den andre.

KAPITTEL

06

Planlegging og
gjennomføring –
erfaringar




6.1

PLANLEGGINGSPROSESSEN

HarbourEx15 engasjerte verksemdene i forkant av øvinga gjennom deltaking i planprosessen. I underkant av 100 personar var samla gjennom tre større planleggingskonferansar og mellom desse føregjekk omfattande syndikatsarbeid.


Kvar gruppe/syndikat vart leia av ein syndikatsleiar som hadde ansvar for utvikling og framdrift. I tillegg var det ei Core Group som bestod av leiarane av kvart syndikat. Planleggarane hadde også eit ansvar for å få fastankra øvinga sine overordna mål i eiga verksemd og for å sjå kvar det var behov for samhandling i forkant av øvinga.



FIGUR 4. Oversikt over arbeidsgruppene i planleggingsprosessen.

Planleggarane har i planprosessen og i etterkant svart på tre elektroniske spørjeundersøkingar. Svara frå denne vil bli brukt i arbeidet med organisering av framtidige øvingar.

Kunnskap om erfaringar frå planprosessen er nyttig kunnskap ikkje berre for planleggarar av øvingar, men for beredskapsplanlegging i stort. Dette illustrerast gjennom dette diagrammet:



FIGUR 5. Oversikt over aktørane sitt læringsutbytte.

(Resterande (opptil 100) har svart «ikkje sikker» eller «korkje eller»).

Eit overvegande fleirtal har fått auka kunnskap om Sydhavna, aktiviteten der, og trygging- og risikovurderingar knytte til Sydhavna. Vidare har deltaking i planleggingsprosessen gjeve planleggarane auka kunnskap om eiga verksemd si – og samarbeidande etatar sitt planverk. I mange tilfelle er planverket også justert eller endra som eit resultat av førebuingane til øvinga. Deltaking i planleggingsprosessn gjev også auka kunnskap om eigen etat sitt ansvar og rolle, samt minst like viktig: 65 prosent svarar at deltaking i planleggingsprosessen har gjeve auka kunnskap om samarbeidande etatar sitt ansvar og rolle.

Deltaking i planleggingsprosessen har også auka kunnskapen om EU sin krisestøttmekanisme ERCC, noko som ikkje så mange er kjent med i kvardagen. Og til slutt er kunnskapen om øvingsplanlegging eit viktig element for engasjerte planleggarar.

Planlegginga av øvinga har hatt stort fokus på læring i heile planleggingsprosessen. Prosjektet har hatt som målsetjing å kartleggje funn og forbetringar som utførast på planverk, rutinar og retningslinjer, for slik å synleggjere læring i planprosessen. Fleire etatar har i forkant av øvinga gjort ein omfattande jobb med å forbetre og utarbeide nytt planverk der det er avdekka manglar.

Innhald i arbeidsmøte

Det er viktig å starte planlegginga tidleg. God tid gjev betre utbytte og ansvarstilhøve, roller og forventningar kan avklarast. Det etterlyst likevel tydelegare skildringar av roller/funksjonar i planlegginga. Skildring av dei ulike syndikata sine arbeidsoppgåver og leiarane sine funksjonar er under utarbeiding. Dette må formidlast tydeleg i neste planprosess. Ei erfaring er også at om ikkje den som sit i planleggingsgruppa har mandat til å ta avgjerder på vegner av eigen etat, brukar ein unødig lang tid på avgjerder som burde gått raskare.

PLANLEGGING OG GJENNOMFØRING – ERFARINGAR

Planleggingskonferansane bør i størst mogleg grad vere utforma som arbeidsmøte. Konferansane i forkant av HarbourEx15 greidde i stor grad å oppfylle dette, sjølv om det til tider vart oppfatta at det var til stades nokre «konferanseturistar» som hadde mindre å bidra med. Det er difor viktig at det blir stilt krav til førebuingar i forkant av møta. Slike forventningar må beskrivast. Vidare er kontinuitet i planleggingsressursar særst viktig.

Møta i Core Group viste seg å vere avgjerande viktige. Framdrift i planprosessen er avhengig av kjennskap til kva dei andre syndikata gjer og status i arbeidet. Ansvarsavklaringsar som vart tekne i denne gruppa var svært viktige for gjennomføringa av øvinga. Det er difor viktig å sjå til at alle som har noko å seie for øvingas framdrift, er med i Core Group.

HarbourEx15 samla tre store nasjonale øvingar i ei; Politidirektoratet si rekningsøving LIV, Helsedirektoratet si nasjonale helseøving og DSB si sivilnasjonale øving. Når fleire store øvingar blir slegne saman må hovudaktørane vere saman om å skildre innleiande øvingsdirektiv/Exercice spec. og bli samde i fellesskap om kva som er innleiande scenario/premissa for øvinga.

Koordinering på overordna nivå er essensielt. Kvar sektor må samordne og koordinere eigne øvingsmål og moment slik at det blir mogleg å samordne overordna mål. Øvingsdirektivet skal utarbeidast i forkant av øvinga og øvingsmål skal vere fastankra i leiinga. Dette er viktig også for å sikre at eigen etat set av ressursar som avtalt. I denne planprosessen låg det an til nokre motstridande interesser og utfordringar knytte til mange til dels sprikande mål, men det løyste seg etter kvart gjennom arbeidet i nettopp Core Group.

Ein bør sikte etter å ha «komplett» representasjon frå ulike fagmiljø i planlegging og leiing av øvingar. Mellom anna mangla helse (OUS) denne gongen tilstrekkeleg kontinuitet og komplett representasjon frå nokre fagmiljø gjennom planarbeidet. Kontinuitet i øvingsleiinga er også avgjerande. Byte av syndikatleiar førte til misforståingar og tidstap i planlegginga.

Når ein set store ressursar inn i ei øving, ventar ein seg naturleg nok eit utbyte som svarar til innsatsen. Det er lett å bli fokusert på eigne øvingsmål og kva

eiga verksemd ønskjer å teste og øve. Om dette over-skuggar overordna mål, får det store konsekvensar for andre verksemdar si deltaking og litt av poenget med store samordningsøvingar forsvinn. Det er nettopp samordning og det tverrsektorielle som skal øvast i fullskalaøvingar som HarbourEx15 og det er viktig å sjå at alle er brikkar i spelet for å få ein best mogleg koordinert heilskap.

Ressursar til øvingsplanlegging blir tekne frå ei rekke budsjett, og samla utgjør det øvinga sitt budsjett. Kutt i budsjettet til ei verksemd kan på den måten få konsekvensar for øvinga og påverke heilskapen. Det er vanskeleg å planleggje om ein må ta høgde for budsjettkutt, eller at det er sett av for lite ressursar til å bidra på ein god måte.

Det må vere ein realisme i øvingane. Utgangspunktet for HarbourEx15 var ei konkret bestilling etter Sydhavnarapporten, som var ein tryggleiksgjennomgang av området. Ein av konklusjonane i rapporten var fragmenterte ansvarstilhøve og ei mangelfull heilskapleg risikostyring. Oppfølginga av denne rapporten vart sett i samanheng med øvinga, noko som gav gode resultat i form av planmøte og dialog om tryggleiken, HMS og anna planverk i forkant av øvinga. Forståinga av å tenkje risikovurdering har vore veldig god denne gongen. Dette er eit viktig arbeid som må gjerast grundig, men utan at det blir for komplisert.

I eigaevalueringa av Core Group vart det konkludert med at det jamt over var god rolle- og ansvarsfordeling. Sjølv om det vart peika på behov for ei tydelegare skildring av dei ulike funksjonane, og kva for eit ansvar dei har for planlegginga, var det i Core Group god samhandling og sams forståing for dei mange problemstillingane.

Som nemnt er det viktig å ha merksemda mot heilskapen og samordninga. Planprosessen kan i større grad enn i dag styre dette. Det bør gjerast ei grundig identifi-sering av kva slags etatar og verksemdar som blir store i øvinga og er avgjerande viktige for heilskapen. I etterkant kan ein hevde at til dømes Oslo kommune burde vore sterkare inne i planlegginga av øvinga.

Å ha alle syndikata med frå starten er viktig. Det er vanskeleg å få starta arbeidet i Media- og publikumsspelet og kommunikasjon før scenarioet er utvikla,



Foto: Fredrik Naumann/Felix Features.

men det er likevel nødvendig at dei er med og fast-ankrar kva slags ressursar som skal delta i planlegging/ gjennomføring.

Gjennomføring i spelstab

Under gjennomføringa av øvinga var det ei klår og tydeleg rollefordeling i spelstab. Alle hadde tilgjengeleg samband, og det fungerte godt. At det vart gjennomført ein slags generalprøve dagen før øvinga var nyttig, og kanskje litt av nøkkelen til ein velfungerande spelstab. Gode lokalitetar som var godt tilrettelagde for samarbeid i Oslo kommune sine lokale var essensielt for gjennomføringa.

Det var roleg og positiv stemning i Distaff stort sett heile dagen. Situasjonen var litt spent dei første timane då det var hektisk og mykje å gjere for ein del av etatane på stadestad, kanskje spesielt for bran- netaten. Det var klår og målretta styring frå leiar av Distaff. I briefa vart det gjeve tydelege meldingar om kva dei forventa å få svar på i neste brief. Dette gjaldt særleg ved tilfelle der nokre av etatane melde inn noko som var uklårt, og i samband med at ein del etatar ikkje var raske nok til å sjekke ut injects (som


skulle gjerast gjennom å endre fargekode frå «blå til grøn» der grøn = ok).

Alle tekniske løysingar såg ut til å fungere tilfredsstillande. Spelstaben sette pris på at det var direkte bileteoverføring frå stadestaden. Dette gjorde øvinga synleg for Distaff, og det var også mogleg å følgje med på noko av det som skjedde/ikkje skjedde på stadestad med egne auge (ikkje berre via kontrollarar på stadestad).

Somme injects vart tekne ut frå Media&Public Play ettersom det ikkje var sett opp tilstrekkeleg mange personar som kunne ringje rundt og spele pårørende m.m. To personar som var til stades i Distaff tok på seg ein ekstrajobb med å ringje til utanlandske ambassadar for å spørje etter sakna pårørende slik at desse innspela ikkje måtte slettast.

Waypoints fungerte bra for å kontrollere innspel i felt opp mot speløvinga. Det må vere større krav til kva som skal leverast til Sambandskatalogen. Det bør vurderast å lage ein god metodikk for dette. Behovet

PLANLEGGING OG GJENNOMFØRING – ERFARINGAR



FIGUR 6. Oversikt over dei ulike modulane i dreieboka.

for å ha ein sambandskatalogkoordinator bør også vurderast.

Det vart teke ein kort pause i øvinga rundt kl. 13:00, som eit resultat av uklårheitene rundt omgrep. Som leiar av Distaff formulerte det: «Av og til er det viktig å ta eit steg tilbake for å vite korleis ein skal gå framover».

Bruken av kontrollerande/lokal øvingsleiar fungerte tilfredsstillande. Men som spelstaben sin forlengte arm ute på øvingsstaden er det avgjerande at kommunikasjonen mellom kontrollar og spelstaben / spelleiinga er optimal. Erfaring frå Hx15 og andre større øvingar viser at dette er ein funksjon som bør styrkast, gjerne i form av ei eiga opplæring.

Erfaringar frå bruken av ulike verktøy:

- Project Place:
 - Fungerer ikkje for alle brannmurar. Kompliserte informasjonsutveksling i planprosessen ein del for politietaten.
 - Positivt at det er ein stad der alle dokumenta er samla.
 - Politiet stillar spørsmål ved bruken av

- Projectplace mot. informasjonstryggleik
 - Behov for meir struktur på kvar dokumenta vart lagt. Behov for eigne mapper der det berre er nokre som bør ha tilgang til informasjon. Nivå på informasjonsflyt. Lurt at ein har forståing for å nivådele informasjon.
 - Strukturere informasjonen annleis.
 - Stille større krav til bruk av systemet.

- Exonaut:
 - Eit godt verktøy for å få god oversikt og kontroll på innspel.
 - DSB vil starte jobben med å sonde høvet til å gå til innkjøp av eit slikt verktøy.
 - Bra å kunne ha det på eit nettbrett.
 - Viktig at dei som skal bruke det brukar på riktig måte. Det fordrar ei grundig opplæring, samt ein god rettleiar.
 - Det må vere ein etat som har ansvar for å drifte dette.
- Survey Exact:
 - God erfaring med bruken.
 - Tekstboksane til å skrive utdjupande svar var for små.

6.2

ERFARINGAR FRÅ SEMINARS & SKILLS

For å maksimere læringsutbyttet for deltakarar i HarbourEx15 under planlegginga, gjennomføringa og etter øvinga vart det oppretta eit eige syndikat for å ivareta denne oppgåva. Målet var å leggje til rette for attraktive læringsarenaar innanfor utvalde fagområde. Meninga var å bidra til at deltakarane var betre førebudde på å handtere utfordringar dei vart sette ovenfor under øvinga. Den overordna målsetjinga vart difor *å bidra til eit auka læringsutbytte før, under og etter øvinga for deltakarar på operativt, taktisk og strategisk nivå*. Syndikatet bestod av ti personar frå Fylkesmannen i Oslo Akershus, DSB ved Kriseinfo.no, DSB ved Sivilforsvaret, DSB ved Brann og redningsavdelinga, DSB ved avdeling for næringsliv, produkt og farlege stoff, CBRNesenteret ved Oslo universitetssjukehus, Oslo kommune og Riksarkivet. Det vart gjennomført tre møte med alle deltakarane i arbeidsgruppa, og ansvarsområde og oppgåver vart fordelte mellom deltakarane i syndikatet. Denne arbeidsdelinga fungerte godt.

Aktivitetar som vart gjennomførte:

- **To frukostseminar om krisekommunikasjon:** Temaa som vart presenterte var «Utanriksdepartementet sin bruk av sosiale medium i kriser» og «Handtering av informasjon i samband med Skogbrannen i Sverige i 2014».
- **Fagdag med øvingsbrief for operativt personell:** På programmet stod orienteringar om overordna beredskapsplan for Oslo og Akershus, presentasjon av typar ulike verksemder på Sydhavna og deira daglege aktivitetar, masseskadehandtering og storulykker, Hovudredningssentralen si rolle ved storulykker. Det vart gjeve ein gjennomgang av sjølve øvinga og til slutt vart mål og meining med den overordna evalueringa før, under og etter øvinga presentert.
- **Praktisk seminar over to dagar for GISD operatørar:** Dette var ein workshop der øvande etatar gjekk gjennom og arbeidde med behov for kart og informasjonsanalyse for øvinga. Spreiingsmodell, trafikkstyring og områdebasert varsling var mellom temaa som vart tekne opp.
- **Spørjeundersøking** om dei deltakande organisasjonane sine øvingsførebuande aktivitetar.
- **Spørjeundersøking** om nytte og læringseffekt av arrangementa.



Foto: Hege Støtvig/DSB



Måloppnåing

Deltakarane i seminars and skills meiner arrangementa i forkant av øvinga bidrog til auka læringsutbytte av sjølve øvinga. Desse aktivitetane sette også fokus på det viktige av å førebu seg til øvinga. Fleire organisasjonar uttrykte at dei hadde førebudd seg betre til denne øvinga enn tidlegare. Mange som skulle øvast har meldt tilbake at fagseinarane var ein viktig nettverksarena og at dei lærte mykje om andre aktørar si rolle og virkeområde.

I undersøkinga som vart sendt ut etter fagdagen svarar 91 % at dei er heilt eller delvis samde i påstanden: *Eg trur øvinga Harbour Ex 15 vil gje eit stort læringsutbytte for samfunnet.* Nesten alle som svarte på spørjeundersøkinga om frukostseminara var fornøgde med seminara, og 9 av 10 var *samde* eller *heilt samde* i at DSB bør arrangere slike seminar i forkant av komande øvingar.

Kompetansen rundt bruk av kart og GIS er også auka som ein følge av opplæring i forkant av øvinga. Opplæringa og øvinga bidrog til å avdekke viktige problemstillingar rundt bruken av GIS i hendingar. Det vart avdekkja både behov for å avklare nærmare om ansvarstilhøve: kven har ansvar for å produsere kartinformasjon under ei hending, og om kvalitet; kor god er prediksjonen av desse karta? Det var også planar om å arrangere eit kortare seminar/presentasjon av moglegheiter og avgrensingar for bruk av GIS for andre leiarar enn dei som var involverte i øvinga. Dette vart diverre ikkje gjennomført. Det vil vere ein fordel om både leiarar på høgare nivå får innblikk i kva moglegheiter geoinformasjonssystem gjev. Syndikatet håpar eit slikt seminar vil bli halde i samband med andre øvingar.

Det var planlagd å arrangere eit seminar/konferanse med fokus på konsentrert næringsverksemd og risikostyring, tilsvarande den problematikken som er teken opp i Sydhavna-rapporten. Det viste seg vanskeleg å få til eit slikt arrangement. Avdelinga for næringsliv, produkt og farlege stoff i DSB arbeider med dette fagfeltet og har planar for korleis dei skal adressere denne problematikken på annan måte.

Læringspunkt

Syndikatet Seminars and skills meiner det gjennomgåande fokuset på læring og førebuing har bidrege til å løfte kvaliteten på øvinga og auke utbyttet for dei

involverte. Vi meiner alle større øvingar bør innretast på denne måten, om læring er føremålet.

Det er ressursparande og effektivt å velje ut nokre spesifikke tema som setjast i fokus før øvinga. Desse må nødvendigvis vere relevante for øvinga sitt tema og i tråd med øvinga si overordna målsetjing. Det er også ei tilråding å fordele hovudansvaret for temaa mellom enkeltpersonar/ organisasjonar/ aktørar i syndikatet for å effektivisere planlegginga og sikre kvalitet på læringa.

Seminara som arrangerast bør vere målgruppetilpassa, noko som aukar motivasjonen for å delta og samtidig aukar deltakarane sin motivasjon for sjølve øvinga.

Det er i prosessen svært viktig å ha tett dialog med føredragshaldarane i god tid før arrangementa blir haldne, slik at innhaldet i fagseminara treff målgruppene og held seg til temaet for øvinga. Det er dessutan nødvendig å få fastankra arrangementa tilstrekkeleg og hos riktig instans før ein startar det vidare arbeidet. Fastankring i både departement, direktorat og hos deltakande aktørar sikrar god deltaking, gode innleiarar og føredragshaldarar, og aukar også motivasjon for øvinga.

6.3

ERFARINGAR FRÅ MEDIA- OG PUBLIKUMSSPELET

Ansvarlege for media- og publikumsspelet stod for planlegging og gjennomføring av mediaspel og publikumsspel. Dette inkluderte publisering av avisartiklar, dirigering av utegåande reportarar, produksjon av direkte nyhendesendingar på TV, sosiale medium (Twitter og Facebook) og telefonoppringing frå befolkninga og journalistar til styresmaktene. Til gjennomføringa av øvinga vart det henta inn ekstra ressursar frå Forsvaret, journaliststudentar og statlege etatar. Meininga med media- og publikumsspelet var å utfordre deltakande etatar på deira handtering av informasjon til media og befolkninga. Målet var at etatane skulle avdekkje sterke og svake sider i handteringa, slik at dei fekk identifisert korleis dei kan



Foto: Fredrik Naumann/Felix Features.

bli betre på kommunikasjonshandteringa si under uønskte hendingar.

Målsetjinga om å utfordre styresmaktene sine kommunikasjonseiningar i høve til deira respektive øvingsmål vart i stor grad oppnådd. Spesielt trekkast spelet på sosiale medium fram som godt. Dette spelet blir oppfatta som viktig då det fungerer som ein drivvar i øvinga sitt mediespel. Nyhendesendingane vart følgde av 1 065 unike brukarar og gjennomføringa var bra. På grunn av noko mangel på personar i spelstab vart ikkje alle innspela spela inn. Ressursmangelen har fleire årsaker, men ein burde tidlegare sett at behovet var større enn først rekna med. Dette påverka likevel ikkje kvaliteten på medie- og publikumsspelet. Studentane som hjelpte under gjennomføringa leverte godt arbeid, samtidig bør ein vere merksame på at det ville gjeve eit meir realistisk spel om ein brukte meir erfarne journalistar i spelstab.

Exonaut fungerte bra og opplæringa var god, men burde blitt gjeve tidlegare i planleggingsprosessen. Når innspela til medie- og publikumsspelet lagast bør det leggjast til rette for fleksible tidsfristar. Dette fordi innspel frå andre syndikat til øvinga

og scenario-skildringar bør vere klare i forkant av arbeidet med innspel til media- og publikumsspelet. Slik fleksibilitet vart gjeve i planlegginga av denne øvinga. Mediewebben fungerte bra både som netta-vis, plattform for Xbook og med link til Twitter og TV-sendingane. Det vart gjeve god opplæring i bruk av webben.

Erfaring etter denne store øvinga tilseier at mediespel og publikumsspel bør delast i to syndikat. Det er vidare viktig at øvingsleiinga er klare på sine forventingar til kva syndikatet skal levere. Dette for å sikre at medlemmer i syndikatet er i stand til å rekne ut arbeidsmengda som blir nødvendig i tida framover, og for at dette kan fastankrast hos eigen leiar. Det må vidare avklarast ein organisasjonsstruktur i arbeidsgruppa, for mellom anna å sikre at leiar av syndikatet alltid er oppdatert og orientert om ny informasjon som kjem til andre medlemmer. Syndikatet bør også så tidleg som mogleg få kjennskap til kva verkøy dei skal bruke under gjennomføringa av øvinga. Under HarbourEx15 var øvingsleiinga flinke til å gje gode og raske avklaringar i dei fleste spørsmål, noko som kan vere avgjerande for framdrifta i planprosessen. Kompetansen og erfaringa som er opparbeidd frå



Foto: Fredrik Naumann/Felix Features.

planlegginga av denne øvinga bør takast godt vare på, og overførast til framtidige øvingar.

6.4 ERFARINGAR FRÅ MARKØR OG ROLLESPELTENESTA

Stiftinga Norsk Luftambulans (SNLA) vart spurd av DSB om å ivareta rollespeltenesta ved øvinga. Opphavleg førespurnad var å skaffe ca. 200 markørar. Seinare utvikling av øvinga gav ei bestilling på 530 personar. Første øvingsdag deltok over 300 markørar og spelte alvorleg skadde eller pårørande. Andre øvingsdag var tolv markørar med.

SNLA rekrutterte markørar frå skolar med ambulanssefaglinjer, høgscolar i Oslo-området med sjukepleiestudiar og fleire nasjonale organisasjonar. Via Facebook inviterte SNLA til markørdugnad som gav god respons. SNLA oppretta ein eigen påmeldingsweb som kartla markørane og var avgjerande for å halde oversikt over av/påmeldingar. Kvelden før øvinga hadde talet på påmelde markørar gått ned frå 600 til 470, og på sjølve øvingsdagen var det 100 personar som unnlog å melde avbod og som ikkje møtte opp. Det var stor iver etter å delta på gruppene som skulle spele skadde, medan det å spele pårørande var mindre attraktivt og det var her det var størst fråfall. Positivt var det at 33 personar melde seg til fleire oppgåver.

Det vart lagt ned eit betydeleg arbeid frå sminketenesta og både brann og ambulansetenesta, og ikkje minst personellet til akuttmottaka var imponert over kvaliteten til sminkearbeida og spelet til markørane.



Foto: Fredrik Naumann/Felix Features.

Sminkeskildring og rollespelskildring til markørane var gjort av helsetenesta og var svært omfattande og god.

Det var markørkoordinatarar ved Ekeberghallen, pårørandesenteret, akuttmottak ved Oslo universitetssjukehus Ullevål, Oslo Legevakt, Akershus universitetssjukehus og hotell Q33 og Hotell. Markørkoordinatarane skulle vere ein kontaktperson som kunne gje råd om speloppgåver, ivareta tryggleiken til markørane, gjere justeringar og rapportere til hovudkoordinatar som var plassert i Ekeberghallen. Tilbakemeldingane fortel at dette for det meste fungerte greitt, men ein del markørar melder at dei likevel mangla ein kontaktperson og at fleire som ønskte å avbryte ikkje fekk gjort dette. Det kjem også fram at det har vore nokre kommunikasjonsproblem som har ført til at markørane ikkje vart henta, redda, evakuert, eller fekk delteke i øvinga. Det er fleire som fortel om uklære meldingar, mykje venting og fleire timar utan mat og drikke. Når ein bed frivillige om å setje av ein heil dag til ei øving, er

det arrangørane sitt ansvar at alle markørar får dette og kjenner seg ivaretekne.

Vidare er det store sprik i tilbakemeldingane frå markørane når det gjeld informasjon. I stor grad er markørane fornøgde med informasjonen dei fekk før øvinga, men forventningane til markørane kunne vore endå tydelegare kommunisert. Dette gjeld også forventningar til dei øva; fleire av markørane fortel at dei vart bedne om å «slutte og spele». Markørar som skulle spele utanlandske vart mellom anna bedne om å snakke norsk. Meininga med å bruke markørar i spelet er nettopp å skape ei realistisk øving, og kommunikasjonsproblem på ein skadeskad kan nettopp vere ei utfordring mange av dei øva vil kunne kome til å møte på. Helse må setje på meir ressursar for å sikre mest mogleg realistisk opptreden av markørane. Det var mykje overspel som saman med skadelappar som vart borte (vaska vekk) gjorde pasientvurderinga vanskeleg eller urealistisk og alt for mange markørar hamna på feil behandlingsstad.

Dei positive meldingane frå markørane går i stor grad ut på at dei kjenner seg godt ivaretekne og at det var gøy å få bli med på ei slik øving. Fleire trekk også fram god behandling og innsats frå aktørane og fleirtalet av markørane kjenner seg godt ivaretekne av samtlige aktørar.

6.5 ERFARINGAR FRÅ OBSERVATØRPROGRAMMET

Meininga med observatørprogrammet var å tilgjengeleggjere øvinga for eit større publikum enn dei som var ein direkte del av spelet. Observatør-programmet omfattar orienteringar om øvinga og (samlenemning på HNS/NST, CBRN) og ekskursjon der gjestane fekk høve til å oppleve dei pågåande redningsoperasjonane. Alle observatørar vart følgde av guidar for å gje oppdatert informasjon om øvinga.

Det deltok i alt 150 personar i observatør-programmet til HarbourEx15, mellom anna Justis- og beredskapsminister Anders Anundsen, Statsråd for EØS-saker og tilhøvet til EU Vidar Helgesen,



Foto: Fredrik Naumann/Felix Features.

EU-ambassadøren i Noreg Helen Campbell, helse-direktør Bjørn Guldvog, politi-direktør Odd Reidar Humlegård mv. Det var også fleire observatørar frå EU og andre internasjonale miljø. Totalt var observatørprogrammet sett saman av fire ulike grupper som hadde ulike opplegg for øvingsdagane.

Samla bestod observatørprogrammet av informasjon om øvinga, besøk på Oslo rådhus med brief om kommunen sin beredskapsstat, omvising på Sydhavna, brief om scenarioa under øving, omvising i HNS camp på Ekeberg, observasjon av RITS og «ulykka» på Grønliå og observasjon og oljeutslipp og opprydding etter dette.

Erfaringane frå observatørprogrammet til denne øvinga er at dette er ein viktig del for å vise gjestar korleis ei øving kan spelast ut og ein har høve til å informere om ulike former for samarbeid mellom dei internasjonale aktørane. Men i observatørgruppa var det mange deltakarar med til dels svært ulike bakgrunn og ønske for læringsutbytte. Det var mellom anna operative personar frå helse, politi og brann, tilsette i kommune, saksbehandlarar frå ulike departement, personar som jobbar ved utanlandske ambassadar i Oslo og personar frå ulike EU-land. Somme av desse er interesserte i den praktiske handteringa innanfor sitt eige fagområde, andre er interesserte i samvirke, andre igjen i det øvingstekniske, eller tilhøvet mellom regelverk og praksis. Andre ville heller lære meir om det internasjonale aspektet ved øvinga og EU sin samordningsmekanisme, medan for andre var alt nytt og spanande.

Det vart såleis vanskeleg å fullt ut tilfredsstille behova til alle. Det vart også etterlyst informasjon under båtturen der meininga var å demonstrere boring av skip frå båt. Diverre var det ein teknisk svikt i høggtalaranlegget, og opplegget på båten vart veldig avgrensa i høve til kva som var planlagt.

På generelt grunnlag bør ein ved neste øving sjå på alternative måtar å organisere eit observatørprogram på. På bakgrunn av kva slags gjestar ein inviterer kan ein «spisse» programmet noko og vere tydelegare på kva slags problemstillingar ein ønskjer å sjå nærare på. Vidare er det avgjerande å ha nok guidar med den riktige kompetansen slik at ein oppnår målsetjinga om eit lærerikt og spanande program. Det er viktig å hugse på at det aldri kan gjevast ut for mykje informasjon under øvingar, særleg ut i feltet. Sjølv om mykje er presentert på førehand, viser det seg at mange ikkje heilt forstår samanhengar ute i felt. Somme tilbakemeldingar frå øva verksemder peikar også på at besøkande forstyrar handteringa. Besøksprogram må alltid ta høgde for dette og planleggast slik at dei ikkje «går i vegen».

6.6 ERFARINGAR FRÅ METEOROLOGISK INSTITUTT

Meteorologisk institutt deltok i øvinga med meteorologar, forskarar og rådgjevarar slik at Meteorologisk institutt som ein øva aktør kunne handtere dei utfordringane dei vart stilt overfor på ein god måte. Meteorologane tykte øvinga var svært nyttig, ikkje minst fordi dei fekk god innsikt i korleis ulike etatar jobbar i ein krisesituasjon. Meteorologisk institutt trekk sjølv fram korleis det å bruke utplasserte meteorologar ved øvingar og hendingar a la scenarioet i HarbourEx15 kan vere nyttig ved at dei til dømes kan briefe/varsle i samband med akutte forureiningar og levere spreingsutrekningar.

Å produsere og levere spreingsutrekningar for aktuelt og spelvêr var eit eiga øvingsmål for Meteorologisk institutt, og erfaringane frå forskarane som deltok i øvinga er at det var svært interessant å sjå kva for behov ei rekke sentrale aktørar

har for denne informasjonen. Resultatet er at den nasjonale beredskapen Meteorologisk institutt ivaretek som fagetat i meteorologi, er vesentleg styrkt når det gjeld brann og utslepp i norske område. Eit viktig læringspunkt for instituttet er at dei vil utvikle akuttberedskap på spreiding av utslepp slik at dei kan levere utrekningar innan 30 minutt og følgje opp med brief for aktuelle aktørar.

Ein aktuell aktør under øvinga var Fylkesmannen i Oslo og Akershus, og Meteorologisk institutt trekker sjølv fram at det vil vere høveleg å pleie kontakt mellom Meteorologisk institutt og Fylkesmannen under slike øvingar og hendingar. Meteorologisk institutt identifiserte gjennom øvinga ei rekke læringspunkt rundt det å overvake / briefe / varsle vêr i samband med akutte forureiningar og skriv sjølv at dei vil arbeide med å trene og forbetre kapasitetar hos sine meteorologar og forskarar for å kunne levere varsel og grafikk tilpassa behovet til ulike aktørar.

Det er viktig at Meteorologiske institutt kjem tidleg inn i planlegginga, då vêrinformasjon (der aktuelt vêr er spelvêr) alltid ser ut til å påverke spelet på fleire måtar. Vidare er det erfaringa til Meteorologisk institutt at tidleg anmodning om deltaking vil kunne sikre at Meteorologisk institutt internt melder øving og behov for ressursar så tidleg som mogleg og kan involvere dei fagkompetansane som er aktuelle for øvinga.

6.7

ERFARINGAR FRÅ DIREKTORATET FOR NØDKOMMUNIKASJON

DNK deltok ikkje i sjølve øvinga, men deltok som observatørar gjennom å analysere trafikkdata i Nødnett. I tillegg har DNK gjennom eit samarbeid med fagdirektorata sine nasjonale instruktørar vurdert bruk av Nødnett under øvinga, noko som dannar grunnlag for kvalitative observasjonar i DNK sin eigen rapport (Bruk av Nødnett under HarbourEx15, 21. september 2015).

Bruk av Nødnett

Instruktørane lytta til talegruppene under øvinga og gjorde fleire interessante funn knytt til bruk av Nødnett under HarbourEx. Felles talegrupper vart delvis godt brukte av nødetatane på veg til skadestaden i utrykningsfasen. I tillegg kom det fram fleire observasjonar om korleis tidskritisk informasjon bør spreiest i alle talegrupper (inkludert felles talegruppe) også etter at ein kjem fram til skadestaden. Dette gjeld spesielt viktige meldingar som vedgjekk tryggleiken til innsatspersonellet då evakuering av skadestaden vart bestemt. Instruktørane gjer då framlegg om at framtidige øvingar med fordel kan inkludere øvingsmoment og øvingsmål på sambandsbruk. Til dømes kan styring av taletrafikk i talegruppene, fokus på korrekt funksjonsidentifisering i etatsintern og felles talegrupper når ressursar frå andre område blir trekte inn og tydeleg styring av kva tid ein skal bruke BAP sine talegrupper, vere døme på slike øvingsmoment. I tillegg bør nødetatane setje i verk tiltak (iht. «Felles sambandsreglement for nødetatane og andre beredskapsbrukarar») når det opplevast sperr i Nødnett.

Kapasitet og talegrupper i Nødnett

Nødnett fungerte tilfredsstillande under øvinga, og det var stor aktivitet i dei ni innmelde talegruppene til øvinga. Mellom kl. 09:00 og 14:00 den 28. april vart det registrert mykje oppteke (sperr i nettverket) i øvingsområdet på grunn av at det var for mange talegrupper i bruk på basestasjonen som dekkjer Sjursøya. Slike tilfelle kan føre til korte forseinkingar, men talegruppene fungerer framleis. Ein analyse av talegruppene i bruk viser at talet på talegrupper i bruk på Sjursøya var mykje høgare enn innmelde talegrupper til øvinga (totalt vart 47 talegrupper registrert i bruk på basestasjonen). Somme av desse talegruppene er operative talegrupper som vart aktiverte på Sjursøya på grunn av at operativt mannskap som ikkje deltok under øvinga har vore innanfor dekningsområdet til denne basestasjonen eventuelt også på grunn av uregelbunden lytting til talegrupper frå øvingsdeltakarane. Samtidig vart det brukt talegrupper dedikert til øvingstekniske tilhøve slik som øvingsleiing som ikkje var innmeldt til DNK på førehand. Desse utgjorde ei stor påkjenning, særleg på basestasjonen på Sjursøya. Det var med andre ord ikkje innsatspersonellet sitt bruk av Nødnett under øvinga i seg sjølv som førte til kapasitetsproblem – men den totale påkjenninga øvinga representerte

inkludert øvingsleiing, tryggingssamband i tillegg til at andre talegrupper var aktiverte.

Det at basestasjonen på Sjursøya vart maksimalt belasta fekk konsekvensar også for andre basestasjonar – særleg for politiet som brukar all-start (alle i talegruppa må kunne sikrast tilgang før samtalen koplast opp). Dette betyr at kapasitets-sperr på Sjursøya førte til tilfelle av oppteke i nettet for operativt mannskap andre stadar i Oslo-området. Resten av øvinga vart gjennomført utan registrerte tilfelle av sperr i nettet.

Vegen vidare

DNK kan bidra i større grad gjennom å delta i planleggingsfasen av framtidige øvingar. Ved å delta kan DNK rådgje aktørane om kva dei bør ta omsyn til vedrørende bruk av Nødnett under sjølve gjennomføringa. Samtidig kan DNK bidra med informasjon om kapasitet og radiodekning i øvingsområdet, risikomoment som følgje av bruk av mange talegrupper og ulike funksjonar i Nødnett, samt bidra til utarbeiding av sambandsplan for øvinga som er fastankra i ulike overordna sambandsreglement.

DNK kan også delta under øvingar med overvaking av aktuelle basestasjonar og setje i verk tiltak etter omforeinte kriterium ved behov som til dømes; fjerne tilgang for radioar som skapar problem på grunn av feil bruk, fjerne høvet til å kople seg til dei viktigaste operative talegruppene på den/dei basestasjonane som dekkjer øvinga (om andre basestasjonar gjev overlappende dekning for operativt personell som ikkje deltek i øvinga).

Ved framtidige øvingar av denne storleiken vil DNK vurdere å oppgradere basestasjonar med ekstra kapasitet før øvinga om basestasjonen er kandidat for kapasitetsauke. Eit anna tiltak kan vere i samråd med politiet, å skru av all-start funksjon under øvinga for å sikre at øvingar ikkje går ut over operativ drift. Alle desse tiltaka er avhengige av at DNK blir involvert tidleg i planleggingsløpet under slike øvingar. Sjølv om tiltak som sambandsplanlegging og fokus på korrekt bruk kan redusere sannsynet for sperr i nettet utgjer frekvenstilgangen ein øvre barriere for kapasitetsauke i Oslo-område. Større øvingar som HarbourEx viser at det er nødvendig at fleire frekvensar blir sette av til Nødnett i Oslo-området.

KAPITTEL

07

Resultat etter
spørjeundersøking
sendt til alle
deltakarar

RESULTAT ETTER SPØRJEUNDERSØKING SENDT TIL ALLE DELTAKARAR


I etterkant av øvinga fekk deltakarane tilsendt elektroniske spørjeskjema. Datainnstillingsperioden gjekk frå 7. mai til 31. mai 2015. Totalt 226 deltakarar svarte på undersøkinga. Her gjev vi igjen hovudfunna knytte til dei kategoriane der svarprosenten var størst og som tydeleg er det deltakarane var mest engasjerte i; ansvar, roller, rutinar og planverk og kommunikasjon, informasjon og samhandling.

Ansvar, roller, rutinar og planverk

Tilbakemeldingane i kategorien ansvar, roller, rutinar og planverk går ut på at aktørane burde ha betre kjennskap til og forståing av eigne og andre sine

roller i tillegg til at nokre roller må tydeleggjerast. Når det kjem til rutinar, er det viktig at utanforståande fort blir sette inn i desse. Nokre deltakarar melder også om manglande rutinar og at rutinar har blitt endra undervegs utan at dette har blitt kommunisert godt nok til samarbeidspartnarar. Det har også vore uklære sider rundt ansvarstilhøve, der det mellom anna kjem fram ein diskusjon mellom politi og ambulansepersonell. Det blir også nemnt som ei utfordring at ikkje alle er kjende med nødvendige planverk, at ein ikkje kan føresetje at planverk blir følgd i reelle krisar og at kriseplanverket er uklårt.

I kva grad gav praktisk gjennomføring av øvinga deg innsikt/kompetanse i...



FIGUR 7. Oversikt over kompetanseheving.

Kommunikasjon, informasjon og samhandling.

Den største kategorien med tilbakemeldingar frå deltakarane er informasjon, kommunikasjon og samhandling. Her har 40 % skrivne ein kommentar. Mange deltakarar peikar på at øvinga var prega av manglande informasjon og dårleg informasjonsflyt. Dette gjeld då særleg mellom aktørane, men det er også rapportert om dårleg informasjonsflyt internt. Fleire kommenterer at dei ønskjer betre eller meir samla informasjon i forkant av øvinga eller


informasjon i etterkant om korleis øvinga har gått. Informasjonsdeling er også noko som går igjen der deltakarane melder at det har vore uklår, feil og motstridande informasjon frå ulike partar.

I tilbakemeldingane om kommunikasjon er det dårleg kommunikasjon mellom aktørane som går igjen oftast. Elles peikast det på at kommunikasjonen generelt er dårleg, at kommunikasjonslinja ikkje vart følgd/ er krevjande og at meldingar må vere

tydelegare. Tilbakemeldingar frå deltakarane om meldingar er at dei enten mangla, var uklåre eller motstridande. Dette førte i nokre tilfelle til at oppgåver vart gjort dobbelt.


Manglande koordinering mellom aktørane og dårleg formidling av kritisk informasjon, er noko som går igjen. Det peikast også på at samarbeidet med andre aktørar i ein evakueringssituasjon er uklårt, at det trengs å øvast på samhandling og at samarbeidet mellom politi og ambulanse ikkje var optimalt.

Deltakarane melder om manglande innkalling til møte, uklåre instruksar, manglande felles situasjonsbilette grunna manglande møte og at kommunikasjonen, informasjon og samhandling mellom aktørane må bli betre. Det blir også nemnt at situasjonen på pårørandesenteret framstod som kaotisk, noko som kan vere eit resultat av sein og manglande informasjon i tillegg til manglande rutinar.



FIGUR 8. Kor god eller dårleg opplevde du informasjonsflyten?

RESULTAT ETTER SPØRJEUNDERSØKING SENDT TIL ALLE DELTAKARAR



FIGUR 9. Oversikt over rutinar, sams forståing og teknisk utstyr.

KAPITTEL

08

Avslutning



AVSLUTNING

Dei nasjonale øvingsmåla for HarbourEx15 var:

- Å effektivt få kontroll over og sløkkje brannen.
- Å vurdere behovet for og eventuelt iverksetje evakuering.
- Å effektivt demme opp for, og minimalisere skadane, av ei akutt forureining.

Innanfor desse måla har evalueringa vurdert varslings- og mobilisering av beredskaps/kriseorganisasjon, handtering, leing, organisering og kommunikasjon mellom involverte etatar og aktørar, samt krisekommunikasjon til befolkninga.

Tidlegare evalueringar viser at det å teste om eit planverk fungerer etter korleis det skal eller om organiseringa og informasjonsdelinga er effektiv for handteringa, ofte er eit mål i seg sjølv. Utfordringa blir då å sjå heilskapen og korleis samordning er avgjerande for at oppgåvene blir utførte på ein måte som gjer at ønska resultat blir oppnådd. Å sløkkje brann, å evakuere trygt og høveleg og redusere skadar er ikkje berre ein teknisk funksjon, men handlar om interaksjon og samarbeid på fleire nivå. I HarbourEx15 var spørsmålet, som i så mange andre samanhengar; ville ressursane finne kvarandre?

Nøkkelen til svaret ligg i kommunikasjon. Det handlar om kommunikasjon på veg til, og på skadestaden, og kommunikasjon utanfor skadestad; diskusjonane, rapportane og avgjerdene som må takast for at oppgåvene skal bli utførte og løyste.

Samarbeid fungerer:

- når det er god kommunikasjon i etablerte kanalar,
- når ein kjenner planverket til kvarandre,
- og når utstyret er i orden.

Kvar og ei verksemd er oppteken av å gjere jobben og løyse oppgåvene godt. Det blir difor ofte slik at kvar verksemd i for stor grad er oppteken av eigne øvingsmål og kva eiga verksemd ønskjer å bli betre på. Dette kan til tider føre merksemd bort frå heilskapen. Ettersom det er samordning og det tverrretorielle ein skal øve på i fullskalaøvingar som HarbourEx15 er det viktig å sjå seg sjølv som ein brikke i spelet for å få fullt øvingsutbyte.

Ved gjennomføring av alle typar øvingar, ligg det også ei stor utfordring i å øve mest mogleg realistisk. Dette gjeld både ressurstilgang, tidsaspekt, roller, vurderingar, tidspress etc. Sjølv om ein legg opp til at øvinga skal vere så realistisk som mogleg er det ikkje alltid ein lykkast med det – noko som vil kunne påverke både måloppnåing og evaluering. Det er viktig å vere merksam på korleis undermedvitet og vurderingane som gjerast påverkast av at vi veit at dette eigentleg ikkje er farleg. I øvingssamanheng kan ein høyre utsegn som «hadde det vore reelt ville vi gjort det annleis». For evalueringa er det ei utfordring å skilje på kva som er eit forbettringspunkt og kva som berre vart teke litt lett på fordi det var ei øving. Eit ålment syn er difor at ein i øvingssamanheng alltid og på alle nivå bør freiste å få til ei størst mogleg grad av realisme i ord og handlingar, slik at evalueringa kan ta for gjeve at dei handlingar som blir utført blir utført slik dei ville blitt i ein reell situasjon. Dette vil gje evalueringa, og gjennom det øvinga, større verdi.

Vedlegg

VEDLEGG 1: DELTAKARAR

- Politidirektoratet
- Oslo politidistrikt
- Helsedirektoratet
- Folkehelseinstituttet
- Jarnbaneverket
- Statens vegvesen
- Direktoratet for nødkommunikasjon
- Kystverket
- Hovudredningssentralen
- Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
- Sivilforsvaret
- Statoil Fuel and Retail
- Uno-X
- Yilport Holding Inc.
- Fylkesmannen Oslo/Akershus
- Helse Sør-Øst
- Oslo universitetssjukehus
- Akershus universitetssjukehus
- Meteorologisk institutt
- Forsvaret, inkl. Kystvakta
- Råka departement
 - Justis- og beredskapsdepartementet og Krisestøtteininga (KSE)
 - Utanriksdepartementet
- European Commission
- The EU Civil Protection Mechanism, Monitoring and Information Centre
- Delegation of the European Union to Norway
- Myndigheten för samhällsskydd och beredskap, Sverige
- Redningstenesta i Stor-Gøteborg, Greater Gothenburg Fire and Rescue Service (RSG), Sverige
- Upper Austrian Fire Brigade Association, Østerrike
- Crisis Management Centre, TAST-team; Technical assistance support team fra Finland
- Den amerikanske, canadiske og britiske ambassaden
- Oslo kommune:
 - Beredskapsetaten
 - Bymiljøetaten
 - Brann- og redningsetaten
 - Utdanningsetaten
 - Byrådsavdelinga for eldre og sosiale tenester
 - Helseetaten
 - Legevakt
 - Oslo Hamn
 - Nordstrand bydel
 - Gamle Oslo bydel St. Hanshaugen bydel
 - Ruter

VEDLEGG 2: SPØRJESKJEMA SVARA PÅ AV EVALUERINGSKONTAKTANE PÅ VEGNER AV VERKSEMDENE

OVERORDNA EVALUERING I HARBOUREX15

Introduksjon

Dette spørjeskjemaet er sendt alle verksemdene som deltek i øvinga, og er ei viktig kjelde til datamaterialet som skal danne grunnlag for analysar og konklusjonar i den overordna evalueringa. For å svare på spørsmåla må den som er evalueringskontakt syte for å skaffe til vege informasjon som gjev eit fyllestgjerrande svar på vegner av verksemda.

Skjemaet består av tre delar; del 1 handlar om overordna måloppnåing, del 2 om korleis verksemda vurderer andre verksemdar sine bidrag til eiga krisehandtering og del 3 handlar om vurdering av eigen innsats.

Vi bed verksemdene sende svara innan 29. mai til Evalueringssyndikatet: elisabeth.ness@dsb.no

Om det er spørsmål til evalueringa eller oppfølginga av denne i HarbourEx15, kan desse rettast til:

Elisabeth Næss, elisabeth.ness@dsb.no, phone: +47 33 41 27 13 mob: +47 92 62 89 06

Camilla Elseth, camilla.elseth@dsb.no, phone: +47 33 41 28 57 mob: +47 92 83 03 22

VEDLEGG

DEL 1 VURDERING AV OVERORDNA MÅLOPPNÅING

Alt i alt – Kor godt vart måla oppnådde – score 1–6 på kvar av måla der 1 er svært dårleg og 6 er svært bra.

- *Å effektivt få kontroll over og sløkkje brannen, samt handtere konsekvensane på skadestaden*

1 2 3 4 5 6

- *Å vurdere behovet for og evt. iverksetje evakuering av råka bydelar i Oslo*

1 2 3 4 5 6

- *Å effektivt handtere konsekvensane av grunnstøyting i Oslofjorden*

1 2 3 4 5 6

DEL 2 VURDERING AV SAMARBEIDANDE VERKSEMDER

Varsling og mobilisering

Beskriv korleis verksemda vart varsla og kor vidt varslinga sette verksemda i stand til å mobilisere på høveleg måte:

Rapportering

Beskriv korleis situasjonsrapportering og informasjonsdeling bidrog til at verksemda vart i stand til å handtere situasjonen på ein høveleg måte:

Ansvar og roller

Beskriv korleis prinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke gjorde seg gjeldande for krisehandteringa:

Vurdering av aktørane i øvinga

Alt i alt – korleis vil verksemda vurdere følgjande samarbeidande verksemder sin innsats – score 1–6 der 1 er svært dårleg og 6 er svært bra (resultata vil bli samanstilte, ikkje presenterte enkeltvis for kvar verksemd)

Politidirektoratet

1 2 3 4 5 6 Ikkje relevant

Oslo politidistrikt

1 2 3 4 5 6 Ikkje relevant

Hesledirektoratet

1 2 3 4 5 6 Ikkje relevant

Folkehelseinstituttet

1 2 3 4 5 6 Ikkje relevant

Fylkesmannen Oslo/Akershus

1 2 3 4 5 6 Ikkje relevant

VEDLEGG

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Oslo universitetssjukehus

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Akershus universitetssjukehus

1	2	3.	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	----	---	---	---	----------------

Oslo kommune:

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Brann- og redningsetaten

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Kystverket

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Hovudredningssentralen

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Sivilforsvaret

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Jernbaneverket

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Statens vegvesen

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Direktoratet for nødkommunikasjon

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Statoil Fuel and Retail

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Uno-X

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Yilport Inc

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Meteorologisk institutt

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Forsvaret, inkl Kystvakta

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

Råka departement og Krisestøtteininga (KSE)

1	2	3	4	5	6	Ikkje relevant
---	---	---	---	---	---	----------------

VEDLEGG

DEL 3 VURDERING AV EIGEN INNSATS

Planverk og prosedyrar

Beskriv kva som fungerte godt og kva som fungerte mindre godt i verksemda si handtering av situasjonen:

(Kva var årsaka til at det gjekk bra/mindre bra? Korleis fungerte planverk, prosedyrar, utstyr og fasilitetar?)

Liaison

Om verksemda brukte liaison, beskriv korleis denne funksjonen vart ivareteken:

CIM – Bruk og effektivitet

Om verksemda brukte CIM som verktøy til å utveksle informasjon med andre verksemder, beskriv kva for nytteverdi dette hadde for handteringa:

Handtering av råka og pårørande

Beskriv kva som fungert godt og forbettringspunkt i etablering, drift, rolle- og ansvarsavklaring i samband med Evakuert- og pårørandesenter (EPS) og

Pårørandetelefon:

Informasjon til publikum og media

Beskriv korleis eigen kommunikasjon med media og befolkninga fungerte, og korleis verksemda samarbeidde med andre, om felles budskap:

VEDLEGG 3: SPØRJESKJEMA ALLE DELTAKARAR

Takk for at du vil delta i undersøkinga.

Du kjem i gang ved å trykke Neste nede i høgre hjørne. Du kan bevege deg fram og tilbake i spørjeskjemaet utan at svara forsvinn.

Kva rolle hadde du i øvinga? Hadde du fleire roller, kryss av for den rolla du hovudsakleg hadde.

- (2) Vart øva
- (1) Markør eller rollespelar
- (3) Planleggar
- (4) Kontrollar
- (5) Evaluator

Kva for markørgruppe tilhørde du?

- (1) Gruppe A – eksplosjonsområde Sydhavna
- (2) Gruppe B – forureinande pasientar som tok seg til Legevakt, Ullevål og Ahus utan vask
- (3) Gruppe C – anleggsarbeidarar «Follobanen»
- (4) Gruppe D – brann/eksplosjon i drivstoffsisterne
- (5) Gruppe E – assistert evakuering
- (6) Gruppe F – pårørande til pårørandesenter
- (7) Gruppe G/H – mediespel
- (8) Gruppe I – Skipsforlis
- (9) Gruppe J – Øving Grønliakaia med Austerrisk brannkorps
- (10) Ikkje sikker

Kjønn

- (1) Mann
- (2) Kvinne

VEDLEGG

Kor gamal er du? Skriv inn i heile tal (t.d: 25, 36, 48, 57, 69).

Kva for verksemd tilhøyrer du?

- (1) Akershus universitetssjukehus
- (2) Direktoratet for nødkommunikasjon
- (3) Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
- (4) Folkehelseinstituttet
- (5) Forsvaret, inkl Kystvakta
- (6) Fylkesmannen Oslo/Akershus
- (7) Helsedirektoratet
- (8) Helse Sør-Øst
- (9) Hovudredningssentralen
- (10) Jarnbaneverket
- (11) Kystverket
- (12) Krisestøtteininga (KSE)
- (13) Meteorologisk institutt
- (14) OBRE
- (15) Oslo Hamn
- (16) Oslo kommune
- (17) Oslo kommune – bydel
- (18) Oslo kommune – legevakta
- (19) Oslo politidistrikt
- (20) Oslo universitetssjukehus
- (21) Politidirektoratet

- (22) Sivilforsvaret
- (23) Statens vegvesen
- (24) Statoil Fuel and Retail
- (25) Uno-X
- (26) Yilport Inc
- (27) Anna

Kva kjenneteiknar hovudoppgåva/-rolla di i verksemda? Kryss av for det alternativet som passar best.

- (4) Strategisk leiing
- (1) Operativ leiing (t.d. innsatsleiar, fagleiar)
- (2) Operative oppgåver/Innsatspersonell
- (3) Administrative/rådgjevande oppgåver (t.d. saksbehandlar, rådgjevar, prosjektleiar)

Kor mange års erfaring har du i den rolla/funksjonen du har i dag? (T.d. brannsjef, beredskapsansvarleg. Treng ikkje å ha vore ved same arbeidsgjevar) Gje opp svar i heile tal (T.d.: 1, 13, 22, 36, 41)

VEDLEGG

Har du i samband med øvinga delteke på følgjande kompetansehevande aktivitetar? Fleire svar mogleg.

- (1) Seminar i regi av Seminars & Skills (døme: Frukostseminar og Fagseminar)
- (7) Andre seminar
- (8) Diskusjonsøvingar
- (9) Ferdigheitstrening
- (10) Revisjon av krise- og beredskapsplanverk
- (11) Dialog med andre verksemder vedrørande ansvars- og styresmaktstilhøve
- (12) Dialog med andre styresmakter vedrørande scenarioet
- (13) Interne kompetansehevande tiltak knytt til eiga oppgåveløysing
- (14) Anna, spesifiser: _____
- (5) Har ikkje delteke på kompetansehevande aktivitetar i samband med øvinga
- (6) Ikkje sikker

I kva grad gav oppkøyringa til HarbourEx15 deg auka kunnskap om...

	(1) Ikkje i det heile	(2)	(3)	(4)	(5)	(6) I stor grad	(7) Ikkje sikker	(8) Ikkje relevant
...eiga verksemd si rolle og ansvar i samband med handteringa av scenarioet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
...andre verksemder si rolle og ansvar i samband med handteringa av scenarioet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
...eiga verksemd sitt krise-/beredskapsplanverk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
...andre verksemder sitt krise-/beredskapsplanverk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
...verdifull trening i oppgåveutføring	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

I kva grad gav praktisk gjennomføring av øvinga deg...

	(1) Ikkje i det heile	(2)	(3)	(4)	(5)	(6) I stor grad	(7) Ikkje sikker	(8) Ikkje relevant
...ny innsikt i eiga verksemd sitt krise-/beredskapsplanverk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
...ny innsikt i andre verksemder sitt krise-/beredskapsplanverk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
...ny innsikt i eige planverk sitt tilhøve til andre sitt krise-/beredskapsplanverk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
...auka kompetanse på ansvars- og styremaktstilhøve	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
...verdifull trening i oppgåveutføring	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Kor god eller dårleg opplevde du informasjonsflyten....

	(1) Svært dårleg	(2)	(3)	(4)	(5)	(6) Svært god	(7) Ikkje sikker	(8) Ikkje relevant
...i eiga verksemd	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
...med andre aktørar i førehandsavtalte rapporteringslinjer	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
...med andre aktørar utanfor førehandsavtalte rapporteringslinjer	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

VEDLEGG

Med tanke på informasjonsflyten under øvinga, i kva grad vil du seie at følgjande tilhøve var til stades?

	(1) Ikkje i det heile	(2)	(3)	(4)	(5)	(6) I stor grad	(7) Ikkje sikker	(8) Ikkje relevant
Gode rutinar for informasjonsdeling	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Sams omgrepsforståing	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Velfungerande teknisk utstyr	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Har du utfyllande kommentarar til informasjonsflyt, kan du skrive dei her:

**Kva for ei samarbeidande verksemd/aktør vil du gje mest ros for god handtering?
Skriv inn berre 1 verksemd/aktør.**

**Kva for ei samarbeidande verksemd/aktør er du mest avhengig av for å få utført egne oppgåver?
Skriv inn berre 1 verksemd/aktør.**

Er du usamd eller samd i følgjande påstandar om di rolle som markør/rollespelar i øvinga?

	(1) Heilt usamd	(2)	(3)	(4)	(5)	(6) Heilt samd	(7) Ikkje sikker
Eg fekk god informasjon i forkant av øvinga	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eg fekk god informasjon under øvinga	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Det var klart for meg kva eg skulle gjere	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eg fekk utført mi rolle/ oppgåver som planlagt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Kor godt eller dårleg opplevde du å bli ivareteke av følgjande aktørar?

	(1) Svært dårleg	(2)	(3)	(4)	(5)	(6) Svært god	(7) Ikkje sikker	(8) Ikkje relevant
Politiet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Brannmannskap	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ambulansepersonell	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Sjukehuspersonell	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Legevaktpersonell	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Evakuert-/pårørandesenter	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

VEDLEGG

Har du utfyllande kommentarar til di rolle som markør/rollespelar i øvinga?

Gjorde du deg nokre observasjonar som du meiner kan vere relevant for den overordna evalueringa av øvinga, kan du skrive dei her:

Takk for di tilbakemelding. Svara dine er no registrerte.
Når du klikkar på Avslutt blir du sendt vidare til DSB si heimeside.

Med venleg helsing
DSB

VEDLEGG 4: VOB PROGRAM

**Director General's program**

HarbourEx15 is a full-scale rescue and cooperation exercise with scenarios connected to operations in Oslo's main harbour, Sydhavna.

For more information about the exercise, please visit <http://www.dsb.no/HarbourEx15/>

If you would like to follow the exercise on 28 and 29 April, you can logon here:

<https://ovningswebben.msb.se/HarbourEx15/StartPage/>

User name: HBX15user

Password: HBX2015

Monday 27 April

- 15.00–22.00 Information and registration desk is available
- 18.45 Meet up in the hotel lobby to walk together to Engebret Café (voluntary)
- 19.00 Director General's dinner, Engebret Café, Bankplassen 1, Oslo
Hosted by Jon Lea, Director General at DSB
Dress code: business

Tuesday 28 April

- 08.00–09.00 Registration, Thon Hotel Opera
- 09.00–10.15 Welcome and information about the exercise, Thon Hotel Opera, meeting room Flagstad
- 10.30–11.45 Transportation to Oslo's main harbour, Sydhavna
- 10.45–11.45 Briefing on the scenario at Sydhavna and observe the exercise
- 11.45–12.00 Transportation to Karlsborg Spiseri
- 12.00–13.15 Lunch at Karlsborg Spiseri
- 13.15–13.30 Transportation to Host Nation Support (HNS) camp at Ekeberg
- 13.30–14.15 Guided tour around the camp, briefing on the Norwegian ebola contribution in Sierra Leone and a briefing from the Austrian USAR CBRNE module
- 14.15–14.30 Transportation to Oslo town hall
- 14.30–15.00 Briefing from the directing staff (DISTAFF)
- 15.00–15.30 Briefing by Oslo municipality's preparedness department
- 15.30–15.45 Return to Thon Hotel Opera and end of program for the day



Direktoratet for
samfunnstryggleik
og beredskap



Norwegian Directorate of Health



VEDLEGG

Wednesday 29 April – visiting the exercise by boat (observer program)

- 08.30 Meet up in the lobby of Thon Hotel Opera for joint walk to the boat (voluntary)
- 09.00 Boat departure from Langkaia (near the Opera house). There will be coffee, tea, pastries, fruit and lunch served on board. You will receive the following briefings:
- Today's exercise
 - Preparedness and acute pollution
 - Norwegian rescue services – a combined effort
 - The EU Civil Protection mechanism
- 09.30–10.45 Vessel grounding in vicinity of Sydhavna – rescue teams (RITS) in action
- 11.15–11.45 Acute pollution prevention assets in operation
- 12.15–13.00 Accident at Grønlia (north of Sydhavna)
- 13.00–13.30 Oil spill clean-up efforts along the shoreline
- 13.30–14.00 Return to port, Akershusstranda 11, near the Oslo town hall
- 14.00 Joint walk back to Thon Hotel Opera (voluntary)

VEDLEGG 5: OBSERVER'S PROGRAM FOR EU NOMINEES

Observer's program for EU nominees

HarbourEx15 is a full-scale rescue and cooperation exercise with scenarios connected to operations in Oslo's main harbour, Sydhavna.

For more information about the exercise, please visit <http://www.dsb.no/HarbourEx15/>

If you would like to follow the exercise on 28 and 29 April, you can logon here:

<https://ovningswebben.msb.se/HarbourEx15/StartPage/>

User name: HBX15user

Password: HBX2015

Dress code for the exercise: Casual with good shoes and wind- and waterproof jacket

Monday 27 April

Arrivals throughout the day. We have arranged for a pick-up service at the airport. The registration desk opens at Thon Hotel Opera, meeting room Tryllefløyten at 15.00-22.00.

Tuesday 28 April

08.00–09.00 Registration, Thon Hotel Opera, outside meeting room Flagstad

09.00–10.15 Welcome and information about the exercise, meeting room Flagstad

10.30–14.45 Visit the exercise by bus including light lunch. You will visit the following locations:

- Oslo's main harbour, Sydhavna
- Host Nation Support camp at Ekeberg
- Directing staff (DISTAFF) at Oslo town hall
- Briefing by Oslo municipality's preparedness department at Oslo town hall

15.00 End of program for the day

19.00 Hosted dinner for EU delegates at Thon Hotel Opera, room Kvarten

Dress code: smart casual

VEDLEGG

Wednesday 29 April – visiting the exercise by boat

08.30	Meet up in the lobby of Thon Hotel Opera for joint walk to the boat (voluntary)
09.00	Boat departure from Langkaia (near the Opera house). There will be coffee, tea, pastries, fruit and lunch served on board. You will receive the following briefings: <ul style="list-style-type: none">- Today's exercise- Preparedness and acute pollution- Norwegian rescue services – a combined effort- The EU Civil Protection mechanism
09.30–10.45	Vessel grounding in vicinity of Sydhavna – rescue teams (RITS) in action
11.15 –11.45	Acute pollution prevention assets in operation
12.15–13.00	Accident at Grønlia (north of Sydhavna)
13.00–13.30	Oil spill clean-up efforts along the shoreline
13.30–14.00	Return to port, Akershusstranda 11, near the Oslo town hall
14.00	Joint walk back to Thon Hotel Opera (voluntary)
15.00	Departure to the airport by bus from Thon Hotel Opera

Overview over EU nominated observers at exercise HarbourEx15

NAVN	E-POST	LAND
Paul Rock	paul.rock@environ.ie	Ireland
Johan Boydens	johan.boydens@ibz.fgov.be	Belgium
Priit Laos	priit.laos@rescue.ee	Estland
Agneta Mattsson	agneta.mattsson@msb.se	Sweden
Mirjana Jakopec	mirjana.jakopec@bmi.gv.at	Austria
Timothy John Murrell	timurrell@lancsfirerescue.org.uk	UK
Veera Mielikki Parko	veera.parko@intermin.fi	Finland
Partrick Pierre Alpheè Gindre	patrick.gindre@pompiersparis.fr	France
Franz Josef Molitor	franzjosef.molitor@bmi.bund.de	Germany
Vaidas Masiliauskas	monika.jankuviene@vpgt.lt	Lithuania
Gergely Ferenc Sàpi	orsola.gerics@katved.gov.hu	Hungary
Christos Zacharopoulos	czaharak@hcg.gr	Greece

VEDLEGG 6: PROGRAM FAGSEMINAR SEMINAR AND SKILLS

FAGSEMINAR 22. april 2015 – HarbourEx15

Møteleiarar; Espen R Nakstad (CBRNe-senteret) og Stian Kobberstad (Sivilforsvaret)

- 09:00–09:10 Velkomen DSB
- 09:10–09:30 Om øvingsområdet Sydhavna Tom Ivar Hansen, DSB
- 09:30–10:15 Overordna beredskapsplan for Oslo/Akershus
- for Helse, Bjørn Bjelland, Prehosp. Senter, OUS
 - for Politi/innsatsleiing Brian Skotnes, Politiet
 - for Brann/redning Oslo brann- og redningsetat (OBRE)
- 10:30–11:30 Masseskade og storulykker
- Prinsipp for masseskadehandtering Knut Styrksson, NAKOS
 - Organisering av skadestad – nye retningslinjer Halvard Stave, Luftambulanseavd OUS
 - Medisinsk behandling i ein dekompensert situasjon Svein Are Osbakk, LA avd. OUS
- 11:45–12:30 Beredskap og funksjonsfordeling
- AMK/R-AMK si rolle ved storulykke/masseskade Andreas E Hansen, PHS/AMK OUS
 - Sjukehusa sine akuttoppgåver og funksjonsfordeling Anders Holtan, Akuttklinikken, OUS
 - CBRNE-beredskap for røyk- og kjemikalieskadar Espen R Nakstad, CBRNe-senteret
- 12:30–13:30 LUNSJ
- 13:30–13:50 Hovudredningssentralen si rolle ved storulykker Asbjørn Viste, HRS
- 13:50–14:15 Kva skjer under øvinga 28. april 2015? Anders Gundersen, DSB
- 14:15–14:30 Evalueringsoppgåver under øvinga, Camilla Elseth, DSB
- 14:30–15:00 Læringsutbytte – «After Action Review» Jens E. Lauritzen, OBRE
- 15:00–15:15 Oppsummering og spørsmål

VELKOMEN TIL FAGSEMINAR på Radisson Blu Scandinavia, Holbergs plass VELKOMEN TIL FAGSEMINAR på Radisson Blu Scandinavia, Holbergs plass

VEDLEGG 7: PROGRAM POST EXERCISE DISCUSSION 1. OG 2. SEPTEMBER



Dag I

09:00–09:30	Kafe og registrering
09:30–09:40	Velkommen og plan for dagen v/ DSB
09:40–10:00	Om Sydhavna-prosjektet v/ Tom Ivar Hansen fra DSB
10:00–10:20	Oljeselskapa informerer om status på iverksette tiltak v/Jan Milton Berge fra Statoil Fuel & Retail
10:25–10:45	«Industrivern i Sydhavna – tiltak for å forbedre sams beredskap» v/Knut Oscar Gilje fra NSO
10:45–11:00	Pause
11:00 –11:45	Oslo kommune og Oslo Hamn informerer om status på tiltak v/beredskapssjef Ann Kristin Brunborg med støtte frå Brann- og redningsetaten, Plan- og bygningsetaten og Oslo Havn
11:50–12:30	Statlege tilsynsstyresmakter v/Torill Tandberg fra DSB
12:30–13:30	Lunsj
13:30–14:00	Frå rapport til øving – læring undervegs v/ Hilde Bøhn, prosjektleder HarbourEx15
14:00–14:20	Øvinga sett frå DISTAFF v/ Anders Gundersen, DSB
14:20–14:30	Spreiingsutrekningar v/ Knut Helge Midtbø fra MET
14:30–15:00	Styresmakter og media under kriser v/ Peter Markovski, Redaksjonssjef i Aftenposten
15:00–15:30	Oppsummering og diskusjon

Dag II

09:00–09:30	Kafe og registrering
09:30–09:40	Velkomen og plan for dagen v/ Evalueringssyndikatet
09:40–10:40	Erfaringar frå øvinga – førebelse funn v/ Elisabeth Næss og Camilla Elseth
10:40–11:00	Pause
11:00–12:00	Gruppediskusjonar vedr. funn og forbetningspunkt
12:00–13:00	Lunsj
13:00–14:00	Presentasjonar frå gruppearbeidet og diskusjon
14:00–14:15	Pause
14:15–15:15	Presentasjonar og diskusjon held fram
15:15–15:30	Vegen vidare og oppsummering

VEDLEGG 8: INVITASJON TIL WAY FORWARD



Way Forward 16.–18. november 2015 **«Frå øving til læring»**

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap inviterer til *Way Forward* seminar på Reenskaug Hotell, Storgata 32, Drøbak 16. – 18. november 2015.

Planlegging, gjennomføring og evaluering av øvingar fører sektorar og forvaltningsnivå saman og er ein møtearena der beredskapsaktørar får auka kunnskap om kvarandre sine ansvar, oppgåver og planverk.

All erfaring tilseier likevel at det er utfordrande å omdanne funn og læringspunkt i evalueringa til konkrete tiltak som blir adresserte til éin eller fleire verksemder. Vidare har vi problem med oppfølginga av tiltaksplanar og mangel på innsikt i om tiltak fungerer etter korleis dei er meint å gjere.

Fleire medverkande faktorar spelar inn når utfordringane analyserast. DSB meiner å sjå at ein viktig faktor er avstanden mellom personellet som planlegg, gjennomfører og evaluerer øvingar, og beslutningstakarane i dei respektive organisasjonane. Direktoratet har difor vektlagt å føre planleggarar og leiarar saman gjennom heile HarbourEx15-prosessen, noko også deltakinga på seminaret vil gjenspegle.

Way Forward blir innleidd med eit to-dagers seminar som samlar ei gruppe på inntil 25 personar. Inviterte deltakarar vil hjelpe til å finne dei rette tiltaka etter denne øvinga. Resultatet frå seminaret skal vere eit utkast til tiltaksplan som vi må syte for å fastankre i kvar og ein organisasjon.

Seminaret startar måndag 16.11 kl. 1200, og avsluttast onsdag 18.11 kl. 1300.

Tentativt program vedlagt.

Kvar deltakar må sjølv skaffe seg transport t/r Drøbak. Opphaldet blir dekt av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.

Med helsing
for Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

Per K. Brekke
avdelingsdirektør

Georg Bryn
avdelingsleiar



Direktoratet for
samfunnstryggleik
og beredskap

DSB
Rambergveien 9
Postboks 2014
3103 Tønsberg

+47 33 41 25 00

postmottak@dsb.no
www.dsb.no



/DSBNorge



@dsb_no



dsb_norge



dsbnorge

ISBN 978-82-7768-414-7 (PDF)
HR 2352
Februar 2016